

Knut Medhus

**Lokalhistorisk
vegvisar
for
Holsbygda,
Mogrenda,
Vestlien og
Holsåsen**

Knut Medhus

**Lokalhistorisk
vegvisar
for
Holsbygda,
Mogrenda,
Vestlien og
Holsåsen**

1. utgåve november 1999

ISBN 82-995197-0-5

Hol Historielag

Foto på omslag
Jan Robert Wick

Trykk
Valdres Trykkeri AS, Fagernes
Hallingdal Trykk AS, Ål

Innbinding
Gjøvik Bokbinderi AS, Gjøvik

Førtrykk
(bildebehandlig/skisser/oppsett)
Thor Røer – TRYKKSAKER OG REKLAME – 3579 Torpo

Forord

Kvifor ein lokalhistorisk vegvisar for Hol? Ideen til dette heftet har lenge liggje og ulma, og etter kvart kom lysta til å prøve å få det til. No er den her, og eg vonar at dette kan vera ein måte å formidle lokalhistorie på som gjer at interessa for det som er nær oss kan bli såpass levande at me bryr oss om det, set pris på det og innser at det betyr noko for oss - den er ein del av oss.

Heftet er meint å vera ein følgesvenn når du måtte rusle, sykle, køyre rundt i Holsbygda, Moen og Vestlien, det som i dag er sams skulekrets, slik at du kan slå opp og finne litt om det kulturminnet du måtte sjå. Det er også teke med ein god del stoff omkring mange hus.

Alle hus har sine soger å fortelja, men eg har sjølvsagt måtta gjera eit utval her. (Kvifor ikkje sørgje for å få skrivi ned saga om huset du har? Eg har laga eit lite skjema til slutt i heftet som du kan bruke til å notere ned viktige årstal, personar og hendingar med ditt hus). Bygningane som er med er for det meste hus som har vore brukt til så ymse gjennom tidene og alle fortel kvar på sin måte ein del av lokalhistoria vår. Gardane som det ikkje er spesielle oppslag på i boka er tekne med i alfabetisk rekkefølge til slutt i heftet med opplysningar om husa på garden og litt til. Stoffet er elles ordna i ruter som eg meiner det ligg naturleg til rette for å dele det opp i. Tala framfor oppslagsorda viser til same tale på karta t.d. 2.4. rute 2 kulturminne nr 4

Eg er viss om at mykje meir kunne vore med i heftet, og ber om forståing for at det kanskje er gjort feil her og der. Kan hende det kjem eit nytt opplag eingong som gjer at feil kan rettast opp? Sei i alle fall i frå så skal opplysningane bli notert ned.

Mange av opplysningane som kjem fram her er sjølvsagt henta frå vårt unike bygdebokverk – Holsbøkene. Ein blir meir og meir imponert over dette verket til meir ein les i det. Mykje er også henta inn ved samtaler med eldre personar i bygda og frå ulike andre kjelder. Takk til alle som har gitt meg opplysningar.

Takk til Hol kommune hovudutvalet for kultur, Buskerud fylke kulturavdelinga og Hol sparebank som alle har gitt midlar som gjer at dette heftet kunne trykkast og gjevast ut og ikkje berre hamne i skrivebordsskuffen. Ein særskilt takk til Jan Robert Wick ved Hol bygdearkiv som har teke dei fleste av bileta som er brukt her og som i tillegg har vore med å funne fram av den rikhaldige skatten med lokalhistoriske bilete me har i Bygdearkivet.

Med ønskje om mange trivelege og interessante turar i Holsbygda, Moen og Vestlien

Knut Medhus
November 1999

INNHALD

Namnet Hol	6
Rute 1	11
Hols vakraste jente	11
Jettegrytene	11
Kvednahusøyne	12
Kraftstasjonen i Djupedalen	14
Hol bilselskap	16
Danseplassar	17
Moslåtta	19
Husaraplassen	20
Husarahuldra	21
Prestegarden	23
Nerol	24
Hol pensjonat	26
Solvang	28
Hol gamle kyrkje	29
Kyrkjestugu/	33
Prestestugu	34
Kyrkjegarden, murane	34
Skalkehaugen/Bautasteinen	36
Rute 2	41
Hellingvegen	41
Medhus Ljåsmie	42
Eit krigsminne	43
Blomstugu	43
Loftstugu på Søre Nestegard	45
Øvremyro	46
Gamlestugu på Myro	50
Gøymestaden til Fange-Liv	52
Nedremyr	53
Salutteringshol/avrettarstad	55
Hegglund/Heggtveit/Fagernes	57
Søndrol Ljåsmie	59
Solstrand	60
Kyrudalen	61
Mjølkerampa	62
Hol Menighetshus	63
Nedremyrstugu	64
Solfeng	66
Ringberg	66
Hol spareforening/handelslag	68

Solbakken	71
Torleiv Sundre snekkarverkstad	72
Tuftebygningen	73
Hol sentrum	73
Rute 3	76
Bergstolen	76
Hol kyrkje	79
Bygdahall	80
Hol mølle	81
Hagafoss handel	82
Tingstad snekkerverkstad/ kafe	83
Fiskeviki - Dalingen	85
Storflaumane	86
Bergahølu- Svenskehølet	87
Kolbrennarodden	88
Rute 4	89
Høgehaug ved Hagafoss	89
Kongevegen	90
«Pukkverk»	91
Moen skule	92
Mosaga	93
Kaparsteinen	94
Smiu/kraftverk/ Mobrua	95
Jutullyftet	97
Hol stasjon	98
Sagen smie og kraftverk	102
Gyrihaugen	103
Rute 5	104
Kaslehaugen	105
Tjuveskørre og Tjuvehølu	106
Hoppbakkar	107
Steinrøyser/steingjerder	108
Gardsbruka	110
Holsåsen	123
Vermerke	155
Stikkordregister	156
Notat	160
Kartskisse rute 1 og 5	163
Kartskisse rute 2	164
Kartskisse rute 3	165
Kartskisse rute 4	166

Namnet HOL

Namnet HOL (ein hòll på gamalnorsk) tyder «ei rundvoren høg» må opphavleg ha vore namnet på ein gard. Denne garden har truleg lege på den runde haugen som no nedre Sindrol (Søndrol) ligg på. Sindrol ligg også uvanleg vakkert til med høgt og fritt og vakkert utsyn utover fjorden og nordover dalen mot Hallingskarvet. Garden har hatt dei beste kornåkrane i bygda og store utraster innover auståsen og vestafor. I tillegg kjem tradisjonen om at kyrkja i tidleg kristen tid stod ikkje så langt unna her (meir om det inne i heftet) Namn som Kyrkjehaugen og Prestkjelda styrkar denne tradisjonen og ein veit også at dei eldste domshandlingane me kjenner til gjekk føre seg på Sindrol. Det er truleg at eit heilt område tidleg har vorte kalla Hol etter garden som det låg under. Og nordmed vatnet, nordafor dei bratte hellingane har det då truleg vorte bygd ein ny gard, som naturleg nok vart kalla *Nedreholl*, den nørdeste garden som så har vorte til Nerol. Søre garden har så vorte kalla *Syndriholl*, som har vorte til Sindrol. (Skrivemåte i dag: Søndrol.)



Utsikt mot Sindrolsgardane. Litt av Kyrudalen fremst, så Jordheim, Nordre Sindrol og Nedre Sindrol. Til høgre i bildet den «hollen» som er bakgrunn for namnet Hol. Foto: Jan Robert Wick.

Mange har gjennom tidene vorte oppglødde av den storslegne naturen her hjå oss, og me gir dei alle så rett så rett når dei på ulike måtar hyllar den vakre bygda vår. «*Hol er utan all frågan den vakraste soknen i Hallingdal*» var den klare konklusjonen til den svenske reiseskildraren Gødecke som reiste mykje i Norden sist på 1800 talet og gjennom Hol og Hallingdal i 1875. Diktaren Theodor Caspari var gjest på Hol pensjonat i fleire år og ivrig

flugefiskar i vatna her. «*Hol er den vakreste bygd i Hallingdal og en av Østlandets perler*» har han skrivi. Me tek også med Lars Reinton som i dagboka si skriv:

«So hadde me Holet framfyre oss. Det kjære Hol. Fagert låg det som fyrr ikring fjorden. Med skoghaugar, med lauvlider, med stup-bratte berg i bakgrunnen. Som ein idyll låg dei vene husi ikring den gamle kyrkja. Bjørkene brikjer over dei, og Skabbøyni sym på vatnet, bautar i straumen som fyrr. Fagrare bygd såg du aldri, leitte du lenge! Me var heime». OL- og verdsmeister på skøyter Ådne Søndrål har også mang ein gong fortalt om kva kjensler som rører seg i han når han rundar Seimsberget og han ser Holsbygdå opne seg – me er mange som kjenner den kjensla! Olav Sletto let i Per bøkene ein av personane der, Pål, få gje uttrykk for saftig hyllest til bygda då han følger Per på heimveg etter at han har vore hjå Pål og vorten klypt: *«Langt sør i bakken stogga han upp, han stirde attende til gards. Me såg bygdi nord-etter. Me såg fjelli i vest og dei stod kvite og stille. Stålisen blenkte nedi dalbotnen, men nørdest under skogåsen var isen svart. Han Pål stirde langsynt og liksom i mange tankar. Tagde. Pusta tungt gjennom nasen. Og det var som det auka upp inne i han, han lyfta bringa og rakna i veret. – Venare bygd har e ikkje sett før min del, sa han. Det lyddeest som han var vreid. Han nikka morsk eit par gonger, slo det fast. Men han tagde att. Langsåg og nikka. Gong på gong nikka han.*

– Dette æ Nøri! bura det ut av han. Eg kvakk. Tårene rann ned-etter kjakane på han såg eg. Han stod der og skalv om munnen og tyktest sanke upp i seg ein ofseleg vreide. Høgre handa lyfte han meir og meir til vørs.

– Dette æ Nøri, her ser du dæ! bar det laust som eit skridebrak. Han snykta i med eit hikst og svelgde gråten. Høgre handi kom meir og meir til vørs, han knytte den digre neven og veiva høgtidleg att og fram.

– Dette æ dekelen danse meg gamle Nøri! svall det i so det runde utover bakkane»

Og det er vel lov å leggja til for eigen del at har du siti anten på Bergstolen på Slettokamben, Myrestuven, Medhusberget, Husaraberget, Rundehovda eller på eit anna av våre flotte utsiktspunkt og teke deg tid til å verkeleg sjå, ja så må ein vera meir enn samd med alle desse.

Funn av lause fornminne fortel at det har vore folk i bygda vår i lang tid. Her er bl.a. funne ei steinøks på Myro og ei i Sagen. Deler av flintøks er funne ved Seim og under arbeid med idretts-plassen i Hol vart det funne 2 flekkjer av flint. Ved Fagernes (nedst på Sindolsjordet) er det funne ei fint tilhøgen flintflekke som har vore brukt til kniv og i ein åker på Medhus er det funne ein beltestein av kvarts.(brukt til å slå eld med) som kan vera frå så langt tilbake som 500 år. f.Kr. Under gravinga av tomte til Hol sparebank sitt nybygg i 1987 vart det funne ei fin steinøks.



*Flekkeskraper av brun flint
frå steinalderen.
I den eine enden er flekken broten, det
bevarte stykket har omhyggeleg retusjert
skraparegg langs begge sider.
Lengde 4,1 cm.
Funne i jordfyll som var teke ca. 10 m.
frå husa på Fagernes. Gåve frå
lensmann Nils Tvedt.
Foto: Universitets oldsaksamling.*



*Øks av jern frå eldre jernalder.
Lengde 18,1 cm.
Bladets største breidde 5,6 cm.
Funne på Nerol
Foto: Universitets oldsaksamling.*



*Kroknøkkel av jern frå vikingetida med ring til opphenging, om lag
16 cm lang. Funne på Søndrol. Foto: Universitets oldsaksamling.*



*Stangbissel frå middelalderen funne
på Søndrol. Same type bissel blir
framleis brukt bl.a. på Island.
Foto: Universitets oldsaksamling.*

Derimot er det ikkje nokon bronsefunn, men frå eldre jernalder er det bl.a. funne eit økseblad og ei øks på Nerol. Frå yngre jernalder (570–1050 e. Kr) er det funne pilspiss av jern i Holshagen og i hagen til Kari Slåtten, treegga pilspiss ved Lunde samt ei øks ovanfor Fiskeviki. Frå mellomalder/nyare tid er det bl.a. funne pilspiss eller kastespydspiss, stangbissel og lauvkniv på Søndrol. Sommaren 1998 vart det på Medhusjordet like nedanfor låven funne restar etter jarnvinneomn frå yngre jernalder, slike restar er også funne på nabogarden Øvremyro. Her har nok vore store jernvinneanlegg som kan ha vore i bruk frå om lag år 500 f. Kr til Svartedauden. I tillegg er det fleire funn som er vanskeleg å tidfeste, bl.a. deler av ringbrynje frå Mølnedalen.

Sigurd Reinton skriv i Holsboka at han meiner at Hovet har vore hovudbygda frå dei eldste tider det var folk her i traktene og lang tid framover – rike gravfunn bl.a. på Villand kan tyde på det. Men det kan også vera at Hol har hatt like mange graver som i Hovet, men i Hovet fekk dei liggje i fred så lenge at dei vart grave ut. Med jernvinna og smedkunsten vart det også meir fart i nyryddinga og busetjinga auka i alle bygdene her. Reinton hevdar også at Hol vart hovudbygda etter at kristendomen var innført og kyrkjebygga kom opp (sjå om dei på eige oppslag). Då var det her både det verdslege og kyrkjelege senteret vart.

Når me no skal på rundtur i Holsbygda og Moen er det lagt opp til fleire ruter. Dette fordi det er store avstandar og ikkje minst fordi det er mykje å sjå. Dei omtala husa og kulturminna er gitt eit nummer som du finn att på kartblada på innsidene av heftet der forslag til ruter også er teikna inn. Det aller meste av rutene ligg langs offentlege vegar, men det hender du må inn på privat grunn for å koma til nokre av kulturminna. Hugs då på at det ikkje er fritt fram å gå kvar du vil på innmarka – spør fyrst.

Før me ser nærare på rutene på kartet og det du finn der, vil eg skrive litt om Ålmannavegen også kalla den gamle ridevegen gjennom Hol. På kartet er det vist med brotne strekar kvar denne kan ha gått – og eg understrekar kan ha gått. Nokre få stader i bygda er det gode merke etter vegen i terrenget enno, men dei aller fleste stadene er alle merke borte. Når ein går til skriftlege kjelder og svallar med eldre folk om kvar Ålmannavegen gjekk, er det vanskeleg å trekkje sikre slutningar for heile traseen. I tillegg var det fleire greiner av Ålmannavegen.

Dersom me tek til i Kleivi så er det nokså sikkert at den inn-teikna traseen stemmer relativt godt med der vegen må ha gått både i følge skriftlege og munnlege kjelder – i alle fall til forbi Kaparsteinen.

Ikkje for det, Ola Grøstølen fortalde i 1951 at Tor Villand meinte at vegen nedanfrå gjekk opp om Bekkestad fordi det ikkje var mogleg å koma fram ved Tangeviken. Den gjekk då vidare til Øvre Reinton, nord ved Solheim og så ned til Holshagen.

Vidare oppover tyder det på at den må ha gått langs med Storelva oppover til Gravarmoen der den har teke av og kome fram att nedanfor Høgehaug og så fram til Hagafoss, sannsynlegvis om lag der vegen vart bygd i 1826. Der har det vore eit va der lysløypebrua i dag står. Her er det også i gamle kjelder vist til at det var bru så langt tilbake som i 1625. Ålmannvegen vidare mot Geilo er det funne gode merker etter bakom Gyrihaugen, gjennom tunet på Røo og vidare over Dybsjord. Det synest også klart at vegen innover i Holet gjekk om lag der den er teikna inn på kartet. Nedanfor Lunde har den delt seg, og her er det ein av dei få stadene i Holsbygda at du framleis ser Ålmannavegen tydeleg i terrenget. Ein veg går herifrå ned til Seim og den har kroka seg vidare langsmed fjorden fram til Gamlekyrkja. Korvidt den så har gått opp til Nerol og møtt den delen av vegen som gjekk ned ved Medhus er noko uklart – det er spor som tyder på at den kan ha gått over Høgehaug og vidare fram over moane der. Den øvre vegen har gått der den viser på kartet, det synest det å vera stor semje om. I ei sak frå 1802 kjem det fram at vegen deler seg ved Medhus: »alfarveien nordover fra Søndraal går dels forbi gården Medhus og dels nede ved fjorden». Vegen frå Medhus og gjennom det gamle Hellingtunet og vidare fram gjennom Nerol, Bergheim, Ellingplass, Kvamshaugen ser ut til å vera grei. Også her kan ein finne tydelege spor frå Bergheim og innover i utmarka til Kvamshaugen. Frå Medhus og vidare oppi gardane fram til Slåtto har nok vegen også gått om lag der den er teikna inn trur eg, men i Slåtto kjem me til eit problem. Nokre hevdar at den har gått opp mot Damtjødn og over Eidsberga for så å koma ned att i Sør-Hovet mens andre hevdar at den har skrått ned att og møtt vegen nedanfrå ein stad i utmarka til Kvamen og kome fram til Viken i Sør-Hovet lenger nede. I ei sak frå 1776 heiter det bl.a. at «... er bestående hos alfarveien som går til Helgesetlien og lige efter den same alfarvei og udi en rindende bæk....» Tor Villand har bl.a. fortalt om denne vegen til Mehlum (Hallingdal og Hallingen s. 142). Så får me diskutere vidare og prøve å finne merka i terrenget flest mogleg stader – då blir det lettare å få slege fast kor leia var.

Ved Ellingplass har eg markert ein svart flekk på kartet – det er staden der det nyttårseftan 1822 var ein tragisk brann. Neraalseie heiter staden her, og Halvor og Birgit, som var her som bygselsfolk under Søre Nerol, hadde mista ein gut i fødselen 1817 og mista så dei to attverande borna, den eine 4 år og den andre godt eit halvt år då stugu brann ned nyttårseftan 1822. Ei kyr som stod i fjøset under stugu, vart berga. Halvor og Birgit flytte frå Neraalseie etter denne hendinga og sidan kom det ikkje folk dit.

Rute 1: Me startar vest i Holsbygda i Djupedalen og jettegrytene der, går opp ved Moslåtta, forbi Nerol og ned att forbi Hol pensjonat, til Gamlekyrkja og attende i Nerolsgutu.

1.0: «Hols vakraste jente»

I utmarka til Kvamshaugen finn du på staden merka 1.0. ei lita slette om lag 15 meter lang og nokre få meter brei. Her ligg ein stor stein og inntil den ser du restane etter eit hus, ei steinbu. Her levde Sigrid Olsdotter Halingstad (1758-1835) i mange år saman med dei 4 borna sine. Sigrids skjebne er tragisk. I samtida gjekk ho for å vera Hols vakraste jente. Ho var trulova, men det vart ikkje noko meir av det så Sigrid vart gåande ugift. Ho fekk etter kvart 5 ungar med 4 ulike fedre. 4 av ungane hadde fedre frå Hol, den 5. hadde Sigrid fått mens ho tente utanfor, som det heitte. Den tids jus når det gjaldt «leiermål» gav leiermålsbøter til både mannen og kvinna, 12 riksdalar for mannen og 6 for kvinna. Hadde dei ingenting å betala med vart det gapestokken eller avstraffing på kroppen for kvinnene. Var faren soldat, slapp han fri for all straff! Sigrid vart på hausttinget i Hol 1798 dømd til 8 års arbeid på Christiania tukthus som straff for dei 4 borna ho til då hadde fått utanom ekteskapet. Sigrid anka dommen, og den vart gjort om til ei bot på 9 riksdalar. Men det viste seg snart at ho hadde ikkje noko å betala med, alt dei fann var 3 ort på kistebotnen. Men straffast skulle ho, og ho vart då avstraffa med slag på kroppen. Avstraffinga skjedde på kyrkjebakken. Etter avstraffinga finn me Sigrid fyrst i Medhus Hago som då stod tom. Men Ola Villand som kjøpte søre Medhus i 1801 sytte for at retten kasta Sigrid ut frå Hago. Ola bad retten om å gå til Hago *«og der utkaste det der tilholdende løse Quindemenneske, Sigrid Hallingstad, med sine uægte børn og bohave»*. Deretter er Sigrid på Nordre Halingstad eit par år. Etter at brørne hennar har delt Halingstad mellom seg i 1799, får Sigrid lov til å byggje seg eige hus her du no står. Området høyrde den gongen til Halingstad. Her har ho levd med sine 4 born som alle voks opp. (Den fyrstefødde, Birgit, døydde liten). Det er fortalt at Sigrid fødde 2 geiter på denne plassen, men for å få før til dei, måtte ho slå i mellom alle steinane langt oppetter Tverråne. For å spe på med noko å leva av, blir det fortalt at Sigrid brende brennevin og selde – kundar var det visst nok av. Ein av sønene hennar, Lars Hanson, er den som rudde Elven frå rå rot. Jentene etter Sigrid, Gro og Sissel, vart gåande som tiggjarar ein del år og fekk namnet «Sigriddøtrene»

1.1: Jettegrytene i det gamle elvefaret i Djupedalen

Under den siste istida låg Holsbygda om lag 150 meter lågare enn den ligg i dag på grunn av det store trykket isen pressa mot undergrunnen med. Etter kvart som isen smelta, steig landet. Stigninga foregjeikk ikkje jamt over alt, og ein følgje av dette vart



*Det er mange flotte jettegryter i det gamle elvefaret –
her eit par av dei. Foto: Jan Robert Wick.*

at ein del elver skifta leie. Det skjedde bl.a. med elva mellom Hovsfjorden og Holsfjorden, kjent som Djupedalsfossen. I det gamle elvefaret kan ein finne fleire såkalla jettegryter. Desse har vorte til ved at elvevatnet har fått harde steinar til å rotere mot underlaget. Viss underlaget var mjukare enn den roterande steinen, vart det gjennom mange tusen års arbeid laga slike hol du ser her – jettegryter. Namnet Jettegryte kjem av at ein i tidlegare tider hadde ei forestilling om at desse hola i hard stein var laga av overjordiske makter – jettene. Vitskapen tok glansen av den trua! Her i det gamle elvefaret vil du finne veldig mange og spennande jettegryter i ulike formasjonar og storleikar.

1.2: Kvednahusøyne - Torbjødnspanget

Det er litt uklart kvar Kvednahusøyne låg – for den vart borte i flaumen i 1860. Nokre opplysningar tyder på at den låg på vestsida av elva like ut for der ein no har den gamle kraftstasjonen. Namnet Kvednahusøyne har den etter at Elling Tomasson Kvamshaugen (1797 -1882) sette opp kvern her ute. Elling var husmann på Ellingplassen, og om vinteren budde han mest i kvernhuset der han hadde laga det til med peis og ein benk som han sov på. Han mol mjøl for folk nesten heile vinteren. Elling var i kvernhuset sitt også når storflaumen brått kom i 1860, og vart såvidt berga i land ved hjelp av eit tau dei fekk ut til han. Kvernhuset reiste med flaumen, og sidan har det ikkje vore kvern her. Det vart i staden sett opp ei stampe av Ola Nerol. Elling var ein av dei fremste rosemålarane i Hallingdal, som også måla mykje på Vestlandet. (Meir om han i boka «Rosemåling i Hallingdal»)

«Torbjødnspanget» finn du også i dette området på vegsida av Djupedalalen om lag der det framleis står att ein liten fjellnabb inntil Rv. 50 Her har det alltid kome vatn rennande, og ein kar som heitte Torbjørn kom frå skogen med eit vedlass på ein kjelke for mange år sidan. Vatnet hadde frose og vorte til ei stygg «kjøvslekule» og Torbjørn og vedlasset sklei uti elva og vart borte. På biletet av hestedrifta ser du den gamle «kjerrevegen» slik den såg ut i 1920 åra, og «Torbjødnspanget» er i den skarpe svingen. Nede ved stridaste Djupedalsfossen stod det i si tid ei mølle og vegen ned til denne kan du framleis finne spor etter i bratta nedanfor Rv.50. Her må det ha vore kvern i svært gamal tid, for i dokument frå 1770 blir kvernstøet i Storelva nemnt som gamalt alt då. Den siste møllaren her var Helge Larson Osbakken (1845-1930). Han vart kalla «Trefothølji» fordi han brukte trefot. Han hadde som 23 åring hogd seg i kneet, fekk ein deformert fot og måtte etter dette bruke trefot. I åra før dette skjedde var Helge ein av dei best hallingdansarane i bygda og det er også fortalt at han heller ikkje gjekk av vegen for eit slagsmål dersom det høvde seg slik. Stova han budde i på Osbakken vart etter at Helge var borte kjøpt av Svein Olson Viken (1880–1967). Stugu hadde tidlegare stått i Nordre Viken som bu og vart selt til Osbakken av far til Svein, Ola H Viken. «Sveidn Viken» var ein fargerik person som det går mange gode historier om i bygda enno. Huset blir no brukt som hytte. «Osbackjin» er den siste buplassen i Holsbygda før du kjem til Hovet. Her finn du fine murar etter gamle køyre-vegen bygd i 1840 åra.



*Hadelandshestar på veg til fjells 13.7.1923.
Torbjødnspanget til venstre midt på bildet.
Foto: Mathilde Faye Lund. Utlånt av Hol bygdearkiv.*

Ved Osbakken skal det spøkje, og det er mange som gjennom tidene har fortalt at dei har vore ute for spøkeriet her. Blant andre lensmann Steensen på Øvremyro som kom køyrande her framfor ein gong då hesten bråstoppa og nekta plent å gå vidare. Lensmannen såg då eit kvinnfolk som kom farande over vegen tett framfor hesten og nedover mot elva. Det blir fortalt at det eingong var ei jente som gjekk på elva nedanfor her og drukna seg. «Kapteinspranget» ligg ikkje innanfor denne vegvisaren sitt område, men eg nemner det likevel då du finn det like vest for Djupedalen. Kapteinspranget finn du ved den skarpe svingen på Rv.50 like før Viken. Også den gamle vegen frå om lag 1840 hadde ein skarp sving her etter at den kom ned frå den bratte bakken. Kaptein Wilhelm Conrad Dunker som var kaptein for «Det Ålske kompani» frå 1854-61 var eingong på visitas til Hovet. Per Villand skyssa han nedover att og han hadde ein skimlut hest som var ein stor tråvar og noko av ein utfløgar. Då dei kom under Viken sa Per: *»Eg må be kapteinen køyre meir smått her for her er det sving i sving».* Men Dunker svara: *«Jeg kjørte slik med Dunkersvarten på Kristiania travbane at der fantes ikke et kryp som tuktede mig, – saktens kjører jeg trygt her»* Men i den skarpe svingen ved Viken som låg på eit lite berg vippa karjolen over og sende Dunker rett til fjords og Per i grøfta. Per kom seg opp, sprang til og fekk tak i oksla på kapteinen og drog han opp. Han hadde slege seg dugeleg. Per køyrde han ned til Tverrånslåtta der han fekk fyrste tilsynet. *«Jeg dør. Hils min kone og mine børn»* sa Dunker. Då han hadde kome seg litt førde dei han til Nerol, og han døydde ikkje. Staden der dei køyrde gale ved Viken vart etter dette kalla «Kapteinspranget»

1.3: Kraftstasjonen i Djupedalen

Private kraftverk var det nokre av før det vart bygd noko felles kraftverk for bygda. Haugs hotell på Geilo hadde privat kraftverk, og i 1915 vart Buvatnet på Geilo demt opp og kraftstasjon bygd som gav kraft både til Øyo og Bruslettofabrikkane samt til Dr. Holms hotell. Dammen med 2 millionar kubikkmeter vatn rauk 29. mai 1917 og gjorde store skader langs heile vassdraget. (meir om det under Sagen og Mobraua). I 1919 bygde Rognald Brusletto ut Lauvrudfossen og utvida kraftanlegget i 1924 slik at ein del av Geilo og Lien fekk straum derifrå. I Dagali, som den gongen høyrde til Uvdal kommune, vart det fyrste private kraftverket bygd i 1923 ved Ismerfossen, og den 11.desember 1923 fløynde det fyrste elektriske lyset i Dagali!

Kommunestyret i Hol hadde drøfta spørsmålet om kommunal kraftforsyning på eit møte den 25. januar 1916, men saka vart utsett og ei nemnd som vart valt kom med framlegg om å kjøpe Hivjufossen, noko som vart gjort. Oslo kommune kjøpte i denne tida opp mange fallrettar i Hol gjennom Lars Anfinset sine oppkjøp, og eit samarbeid med Oslo vart etter kvart svært aktuelt.

Ei ny nemnd vart sett ned 21. mai 1927. Det vart etter kvart inngått avtaler om samarbeid med Oslo lysverker, og det vart bestemt å byggje ut i Djupedalen. Førehandstinging av kraft vart teke opp omkring i bygda, og interessa var stor. For å få kapital nok, måtte det seljast obligasjonar eller andelar på 100 og 500 kr kvar. Bankane ville ikkje gi lån til noko så dristig som å byggje kraftverk, men etter at mange garantistar stilte opp og med pant i leidningsnettet, vart lån til slutt gjeve – 140 000 kr måtte til. Heradsstyret garanterte i møte den 30. august 1929 for at den avtalte leiga av 500 Kw til Oslo lysverker ville bli betalt i rett tid, men departementet brukte lang tid på å godkjenne denne garantien. Og i Hol gjekk striden om bygginga av kraftverk til dels svært hardt – mange meinte det var «gal manns verk» å byggje kraftverket. Styret i Hol el.verk A/L, som var eit privat selskap, vart hardt kritisert. Den 8.april 1930 vart likevel det fyrste spadetaket teke i Djupedalen. Då hadde Oslo lysverker bestemt seg for å byggje kraftstasjon her med tanke på framtidig kraftutbygging og straum til denne. Det var uvisst når slik utbygging kom i gang, så inntil vidare fekk Hol e.verk leigd straum frå stasjonen. Etter mindre enn eitt års arbeid kunne lyset tennast omkring i heimane kl. 23.45 den 27. mars 1931. Ein stor merkedag for bygda – og det var mange som gjorde store augo då det kom lys frå lampene og varme på platene – og mange hus hadde til og med utelampe!



*På bildet ser du kraftstasjonen, den lange røyrleidningen og Djupdalsfossen som framleis går som i sine velmaktsdagar.
Foto: Arne Grøvo. Utlånt av Hol bygdearkiv.*

«Hvis en mand for en 50 aar siden hadde sagt at Djupedalsfossen i fremtiden vilde prestere elektrisk kraft til hele bygden, saa hadde man troet at denne mand fantaserede og ingen vilde troet ham. Nu er det utrolige hendt. Nu er vildstyringen bragt til lydighed. Nu maa han staa til tjeneste og gjøre nytte for sig. Nu presterer han elektrisk energi til brug for hele Hol og enda videre.

Jeg kom en mørk høstkveld paa cykkel fra min hjembygd. Langs veien nede ved elven sendte glødelamperne fra hvert hjem sine elektriske straalur ud i natten. Det glitret som et eventyr fra tusen og en nat. I lien bag husklyngerne lige op til de steder haren og orhanen har sine enemerker kastet glødelamperne sine lysende skjær. Nede på Holsfjorden gled baaderne og kastet sine gyldne strimer til begge sider og lyste som morild. Alt var en opmuntring og en oplevelse for en ældre patriot» (Sven Larsgard i «Hallingen» mars 1932.)

Linenettet vart etter kvart bygd ut. I 1933 vart det line til Sudndalen og til Ustedalen og i 1939 til Moen. 1. juli 1932 var det 296 abonnentar, 1. juli 1941 var talet auka til 606.

Hol e.verk A/L vart overteke av Hol kommune den 1.7.1952. No er Hol elektrisitetsverk soge, Hallingdal kraftlag og Ustekveikja energi as har overteke, men Hol produserer ein del eigen kraft i Ørteren og Ustekveikja kraftverker – i dag gullkanta verker, men i si tid også gjenstand for stor politisk strid.

1.4: Hol bilselskap – Djupedalen

Hol bilselskaps soge går attende til 1936 då det vart starta opp to selskap i Øystre Hol – Hovet bilselskap og «Ruten Hol st. – Strandevann». Den 22.oktober 1938 vart selskapa slege saman til Hol bilselskap A/L. I 1966 vart Hol kommune bede om å overta Hol bilselskap A/L, men det enda opp med at Hol bilselskap AS vart starta den 21.4.1967 og dei nye bygga i Djupedalen vart bygd. Alt i desember 1969 vart det teke opp spørsmålet om samanslåing mellom Hol bilselskap as og P/L Ål rutebillag og 20.12.1971 vart Hallingdal billag as stifta og overtok eigedomane og bilane til dei to tidlegare selskapa. Som ein del av ei større refinansiering av Hallingdal Billag tidleg i 1990 åra vart lokala selde, og i dag er lokala eigd av Djupedalen eigendom as.



Til venstre bygningen som det vart bygd bussar i, til høgre Hol bilselskap sitt garasjeanlegg frå 1949-50.

Foto: Widerøe flyfoto. A. Heltberg 2.9.1965.

Bygget på andre sida av vegen er bygd i 1947-48 av Ola Slåtten og Asle Myro under namnet Hol bilverkstad as. Bygningen er bygd av materialar frå snøskjermene som tyskarane bygde langs bilvegen over Hardangervidda i sine forsøk på å halde vegen vinteropen. Her er det bygd 2 bussar av Hol bilselskap sine folk på innkjøpte rammer. Bussen som er omtalt i samband med barnehagen i Hol og som er på bildet side 34 fekk bakstussen sin bygd på denne verkstaden. Det var Reidar Koppang frå Gudbrandsdalen som var verksmeister og Sverre Slåtten og Kristian Dalen arbeidde her med Ola Dalen som dagleg leiar. Drifta gjekk nok ikkje heilt som planlagt og i 1953 selde dei til Oslo lysverker. Garasjeanlegget til Hol bilselskap på andre sida av vegen vart bygd same tida, og her er brukt eit garasjeanlegg som tyskarane hadde på Haugastøl under krigen. Det var Ola O Brattåker som kjøpte det for riving, så vart det sett opp att her som garasjeanlegg for bilselskapet. Oslo energi trappa ned bruken av sitt bygg i 90 åra og det er no selt til Hol kommune som blant anna har etablert brannstasjonen her. Bustadhuset vest for bilselskapets tomt er bygd i 1953 av Ola Mørk.

Danseplassar

I Holsbygda har det inntil 1950 åra vore fleire danseplassar. Det er registrert 7 sikre, men det kan vera endå fleire. Nedanfor Moslåtta på andre sida av noverande riksveg ligg Dansarsalen (D1). Ungdomane fekk i si tid lov av Erling Nerol (f. 1893) til å setja opp eit dansegolv ned i skogen her. Etter ei tid vart det frå religiøst hald reist sterk kritikk mot Erling som hadde gjeve lov til dette, og han kravde då slutt på dansinga. Dermed vart dansegolv et rivi opp og flytta til Svenskeberget. Dansarsalen var i bruk i 1930 åra.

Ikkje så langt frå Moslåtta ligg Ulvestugu (D2) – like inntil Rv. 50 ved idrettsplassen. I gamal tid har her vore betre plass då vegen gjekk innpå noverande idrettsplass. Ulvestugu er sikkert ein svært gamal danseplass. Om namnet Ulvestugu kjem seg frå at det i farne tider har vore fanga bl.a. ulv her skal vera usagt (det er restar etter ei dyregrav på dansarstaden), eller om det er av nyare dato og har sitt opphav i at det nok kunne vera noko ulvehyl frå dansande ungdomar, får vera eit ope spørsmål! I følge tradisjonen var det i tidlege tider reinstrekk frå Holåsen sin nordre del over her til vestsida. Ulven jakta stadig på rein, og låg ofte inntil der trekka var. Ulvar er lite flinke svømjarar, og det kan hende at namnet Ulvestugu kjem frå det faktum at ulven av og til nok var ute for at reinen sumde over Holsfjorden mens han sat att på land og hylte på ulvevis – derifrå namnet Ulvestugu. Her har ikkje vore dansegolv, dansen har foregått på bakken. Marka her skal ha vore kølande svart etter all dansinga då den var i bruk. I nyare tid er det dansa her på slutten av 2. verds-krigen og litt rett etter krigen.



*Ein av dei eldste danseplassane – Ulvestugu ved idrettsplassen.
Foto: Jan Robert Wick.*

På Skabbøyne (D3) vart det også leika, men det var avgrensa til Jonsok og Olsok. Då vart det brent bål, og dei som ikkje var med på leikane, hadde i oppgåve å ro dei andre til og frå Skabbøyne anten i eigen eller i tjuvlånt båt. Her var det tilstellingar fram til siste krig etter at Svein Nestegard (f. 1879) hadde teke opp att skikken med Olsokfeiringa. (Dei siste åra det var felles Olsokfeiring med bål, vart det halde nedanfor Tingstugu i fjordkanten – fram til sist på 1950 talet). Den store furua midt på Skabbøyne var det sjølvsagde sentrum med bål plass på eine sida og stemne- og leikeplass på den andre.

Nedanfor Øvre Holsvegen litt vest for Lunde (D4) er det også ein danseplass som nok er gamal, og det er lenge sidan det er dansa her. Den var i bruk omkring år 1900 og har sikkert vore i bruk lenge før det. Dansarringen synte godt i bakken for ikkje mange åra sidan og ser du godt etter no og, så vil du nok kunne forestille deg ringen. Ein stein inntil dansarplassen heiter Spelemannsteinen.

Svenskeberget/Seimsberget (D5) vart den nye samlingsstaden etter at ungdomane som tidlegare nemnt måtte flytte frå Dansarsalen. Her gav Torstein K Seim (f. 1885) dei lov til å setja opp att dansegolv. Det var stor trafikk av dansegilde ungdomar her frå slutten av 1930 åra og fram til på 50 talet. Ein velbrukt stig gjekk opp frå riksvegen, og restar etter dansegolv kan såvidt sjåast den dag i dag.

Grisegjerda (D6) ligg på ei flate i skogen like ovanfor det gamle huset på Tingstad og er ein svært gamal danseplass. (Namnet kjem av at lensmann Lars Hagen som hadde garden Søre Hagen (Holshaga) frå 1712-61 hadde grisane sine her). Den var i bruk fram til om lag 1930, og springaren «Grisegjerun» skal vera laga av Eirk Øyn (1861-1945) som spelte mykje her i sin ungdom. I

utkanten av plassen ligg det ein flat stein (i dag gøymt under ei gran) som blir kalla «Pokersteinen». I kafeen som Tingstad dreiv var det ikkje lov å spela kort, dermed fann dei spelelystne løysinga ved å ta i bruk denne steinen som fekk namnet Pokersteinen. Det blir fortalt at dei ivrigaste pokerspelarane om vinteren leigde rom i 2. etasje hjå Tingstad for å spela poker. Dei spelte heile natta til sundag, kom ned og vart servert frukost og gjekk så opp att på rommet og spelte vidare!

Ovanfor den gamle Mosaga på motsett side av Rv.7, var det også ein danseplass om var i bruk til like etter 2. verdskrigen. Denne danseplassen er det ingen i dag som veit kor lenge har vore i bruk, men den skal ha vore god å danse på der den låg oppe på Sagberget (D7).

Leikvollane var stader der ungdomane samlast for å drive med mange slags leikar og gjera tempu (karsstykke). Ein slik leikvoll var på Ringakollberget (D8) som ligg nedst på jordet til Medhus og Øvremyro.(Namnet Ringakollberget skal koma av at ei kyr ved dette namnet eingong gjekk utfor her og mista livet). Det var sundagane dei samlast her for å leike og gjera tempu, fortelst det. Her var ofte også samlingar av ungdomane når det om somrane var jentegjestebod. Pål Nerol, f. 1780 har fortalt at i hans ungdomstid sist på 1700 talet samlast ungdomane på det dei kalla Mehushmyrane, som er det som i dag er jorda nedanfor Grendavegen på Medhus. Pål fortel at her dansa dei og gjorde hallingkast, tok ryggtak og noko han kalla for «hædnetak». Det var visstnok noko som gjekk ut på at karane (som den tida hadde langt hår) tok tak i håret på kvarandre og prøvde å dra einannan ned til bakken. Anne Medhus fortalde at Mikkell Medhus som var heime frå Amerika i 1901 hoppa på ski utover Ringakollberget. Ringakollberget høyrde fram til 1950 til Søre Medhus, og i den tida det var i bruk som leikvoll, var det ein av innehavarane på Søre Medhus som likte denne trafikken dårleg. Han spreidde derfor møk frå ein utedass på leikvollen for å stoppe trafikken! Men ungdomane visste råd! Ei helg bonden ikkje var heime, tok dei material frå ein stabel han hadde liggjande og bygde eit golv på leikvollen – så gjekk leiken slik den hadde gått! (Fortalt av Eilef Halingstad.)

1.5: Moslåtta

Moslåtta har vore ei slåtte unna Nordre Nerol (Nerolshaugen). Plass vart det midt på 1800 talet, og fyrste bygselmannen var Ola Ivarson Ruebakkane. (f. 1831, d. 1927, gift med Ågot Ellingplassen (1825–1911). Ola og Ågot vart til vanleg kalla Bakke. I 1861 la dei som så mange andre ut på ferd til Amerika, men måtte snu i Drammen då det ikkje var plass på båten. Etter eit noko omflakkande tilvære kom dei tilbake til Moslåtta om lag 1870, og vart verande der etter at dei i 1874 fekk «Husmandskontrakt» med Hol prestegard og presten Holterman. Stugu i Moslåtta var liten. I dag finn du den att som den vestre delen i



Moslåtta 1998. Foto: Jan Robert Wick.

den bakre stugu på Moslåtta. Her vart det fødd og voks opp 8 ungar frå 1856 til 1868. Sengene til ungane var festa på slindane! Ola og Ågot var arbeidsame og bygde opp Moslåtta etter kvart, og den store ungeflokken var alle uvanleg evnerike. Alle husa er bygde av Ola. Det øystre rommet i gamlestugu, den timra låven og fjøset og eldhuset av bindingsverk om lag 1875. Stolphuset av tømmer er flytta hit frå Husaraplassen. Den fremre stugu på Moslåtta stod opprinneleg sunna stolphuset i Prestegarden, (bygd 1837) og Tor Villand, vidgjeten forteljar, lærar og kyrkjetenar levde der frå 1869 til han døyddde. Så vart stugu flutt til Moslåtta og bygd noko på. Moslåtta vart sjølvstendig bruk då Karl Sandquist kjøpte staden 3.6.1929. No er Moslåtta underlagt bygningsmessig vern etter vedtak i Hol kommunestyre.

1.6: Husaraplassen

Husaraplassen er det i dag berre murane att av – stugu er på Ellingplassen. Husaraplassen har namnet sitt etter ein husar, som er namnet på svenske kavaleristar. Ingen veit kven denne svenske soldaten var, men han har nok vore blant dei svenske krigsfangane som det kom ein del av til Hol under krigen 1807–14. Han har så slege seg ned her og gitt namnet til både plassen og det store berget bakanfor – Husaraberget. Stugu på Husaraplassen har vore mura inn i bakken med fjøs under og stugu oppå. I fjøset skal han ha hatt ei kvit kollekyr er det fortalt. Husaraplassen vart etter husaren bebudd av ymse bygslarar fram til 1876. Dei siste som budde her var Ola Vebjørnsen Halingstad (1839-1898) og kona Katrine Olsdotter Skår (f. 1838) Sidan vart plassen brukt til vår- og haustbeite av eigarane på Nerol til dei i 1920 selde Husaraplassen saman med Tufteplassen til Sigurd Smedsplass som laga bruket Bergheim av dei to plassane. Men gjennom Husaraberget og Husaraplassen vil det for alltid leva minner om at det i Hol i si tid var krigsfangar som vart hysa på gardane og nokre av dei slo seg altså til i bygda og vart her til sin døyand dag.



*Tuftene på Husaraplassen. Kyra stod i dette rommet.
Foto: Jan Robert Wick.*

I «Hallingen» frå 1916 fann eg dette stykket skrivi av ein ukjent utvandra holing. Eg tek det med her då eg syns det er eit fint lite «eventyr» som fleire burde bli kjent med.

Husarahuldra som aldri vart gift

Husarahuldra var det vakraste kvinnfolk i alle berg og nutar i heile Buskerud amt. Ho hadde blant mange andre tre utvalde friarar. Sangertrollet, som hadde fridd til Ragnhild Strand og fått avslag, var den eine. Han hadde ho lagt elskhug til fordi han var den mest bedårande songar mellom Hallingdals jøkuld, Norefjell og Blåbergi. Ådnakken, som var næraste nabo, var nummer 2 og han var kjent som den sprekaste kar både i dans og leik i heile trollverda. Han var munter og morosam i alle lag og full av vittige historier – derfor var han Husarahuldra sin yngling. Hallingskarven var den tredje, den siste og den beste.

Husarahuldra var forresten på det uvisse kven ho skulle velja og kven ho skulle vraka av desse tre. Sangertrollet gjorde krav på å eige både Åls prestegjeld og Hol anneks så langt som han kunne sjå frå Sangenuten. Ådnakken påstod at han hadde dokumenterte bevis på at han eigde heile Hols prestegjeld. Hallingskarven, som var den eldste, den høgste og den rikaste lo av dei to andre og meinte det var smått med eigedomar til dei andre då amtmanen hadde protokollert at han eigde heile Hallingdal med fjell og nut frå Krøderen og langt innover Hardangervidda. Husarahuldra visste at Hallingskarven var den rikaste. Det var klart at friarane såg ikkje på kvarandre med blide augo. Huldra var sleip og ville helst ikkje ta nokon avgjerd, derfor hadde ho hemmelege stemnemøter med friarane og var like god mot alle. Det blir fortalt at det ved natterstid foregjeikk elskovsdramaer i furulundene på Høgehaug. Den einsame vandrar på Kongevegen ved Holsfjorden kunne høyre Sangertrollet sine mjuke elskhugstonar når dei

gav gjenklang i haugar og skogholt. Ådnakken sin skingrande latter fekk ungdomane i flokk og følgje til å stunde sjølv om det var langt på kveld. Hallingskarven, som var gamal og snau i skoltten, forstyrtra ikkje mykje, nei han la gull og grøne skogar framfor Husarahuldra sin fot. Du skulle sett forlovesringen Husarahuldra fekk av Hallingskarven! Det fans ikkje slik ring blant huldrer verken i haugar eller fjell mellom Hallingdal, Numedal og Valdres. Og brurekrone hadde han lovd henne av klaraste krystall frå Tvergasteinsbotten. Kubbestol skulle ho få av tyrirota som ligg på toppen av Hallingfjella.

Husarahuldra fann til sist ut at det måtte bli ein ende på moroa og kome til ei avgjerd. Ho sende derfor bod ut blant huldrer og troll om innbyding til å koma til eit stort lag som ho skulle halde for sine tre utvalde friarar. Det vart opplyst at det skulle vera kappestrid om kven som best kunne stille hennar elskovshug. Dagen kom, troll og huldrer i flokk og følgje møtte opp i furulunden ved Høgehaug der laget skulle vera. Ungdomen i bygda skulle til og med få lov å titte på avstand!

Sangertrollet var i sitt beste humør og han tok til med å kveda: «På blomsterkledd bakke sat huldra og kvad...» og han sang sin elskhug i huldra sitt bryst med dei vakraste tonar, men Husarahuldra var den som var minst gripen av alle som var til stades. Narregubben spelte opp til dans og troll og huldrer par om par dansa om kapp, men ingen kunne trø dansen så lett og så fint som Ådnakken. Når han dansa med Husarahuldra så var det som eit syn å sjå på, heile trollflokken måtte stanse og glo. Det var liv og det var leik i den mjukaste takt.

*«Dei sirkla og svinga i jubel og låt
dei svevde og drøymde i elskhug og gråt.
Og arm i arm sakte dei kviskra,
mens trolldommen rundt om dei tiska»*

Trollflokken trudde at Ådnakken hadde bevist kjærleiken sin og fylt Husarahuldra sine elskhugdraumar, men Husarahuldra var enno i tvil.

Hallingskarven var møtt opp i sin gildaste stas. Han køyrde eit par staselege reinsbukkar frå høgjellet. Kubbestolen og brurekrona hadde han med og gilde var dei, det var sant og visst.

No skulle Husarahuldra pyntast til brur. Gullstas og fine klede skulle ho aldri mangle, men så ville Hallingskarven ha elskhug og kjærleik attende i bruregåve. Då gjekk det brått opp for Husarahuldra at ho åtte eit trekanta hjarta der det ikkje var plass til elskhug og kjærleik. Trolla var alle samde om at ho var ingen brurekrone verdig. Og slik gjekk det til at Husarahuldra aldri vart gift.

1.7: Prestegarden

Då det i 1870 var klart at Hol skulle skiljast ut frå Ål som eige prestegjeld, var det mange som baud fram garden sin som framtidig prestegard. Den fyrste var på Myro, men den vart teken attende på odel. Nerolshaugen vart så selt til Kyrkjedepartementet 31.7.1874 av Knut Olsen Nerolshaugen. Knut vart tilsett som den fyrste forpaktaren i Prestegarden og fekk også kårkontrakt der. Dei gamle husa vart selde eller flytte, og kapteinsgarden frå Gullhagen i Ål vart flytta til Nerolshaugen. Kapteinsgarden vart bygd med lensmann Pleyrn som byggmeister i åra 1849 til oktober 1852. Det var kaptein Breien som etter lenger tids press på sine overordna fekk ordna med nybygg for kompanisjefen for »Ålske kompani». Frå 1863 budde ikkje lenger kompanisjefen i Hallingdal og bygnaden på Gullhagen vart ståande tom. Dermed kunne departementet få kjøpt bygnaden for 1000 spesiedalar i 1874. Den vart flytta til Hol hausten og vinteren 1874-75. Alle lassa med tømmer og anna vart køyrt frå Gullhagen til Hol med hest av Ola Person Nordre Rue (f. 1827). Verandaen er bygd i 1898 og hagen er opparbeidd om lag på same tida.

Låven på prestegarden er bygd i 1926. Den gamle låven vart seld til Halfardokken og stallane til Solstrand mens Knut Anfinset kjøpte den gamle stugu og sette den opp som hytte ved Nykketjødnane i Hovet der den framleis står, noko ombygd. Forpaktarbustaden er bygd i 1937 – i 1974 selt som einebustad. (Siste forpaktaren i prestegarden slutta i 1955.)



*Prestegardsbygningen er eit prektig hus som er godt halde vedlike. Bygningen er no freda. Til høgre stabburet og loftet.
Foto: Jan Robert Wick.*

Stolphuset er bygd i 1692, og det var i dette huset drapet på Klaus Foss fann stad 6.april 1734. Knut O Brattåker (Nerol) hadde på den tida garden Nordre Nerol der stolphuset då stod. Klaus hadde vore der som arbeidskar og skulle ha si betaling i form av mjøl. Klaus synest nok Knut var noko snau med målet når han skulle gje han mjøl og sa også i frå om dette. Knut har fortalt at det var liksom den vonde greip tak i han då han hørde dette og han stakk kniven i Klaus. Knut sprang avgarde, fyrst til Kvamshaugen og så rømde han til fjells. Klaus døydde, Knut vart lyst fredlaus og seinare dømd frå livet. Knut kom friviljug heim att og dødsdommen vart fullbyrda ved halshogging på Skalkehaugen nedanfor Gamlekyrkja 17. februar 1740. Det er han som ligg gravlagt utanfor muren ved Gamlekyrkja. I følge tradisjonen spøkte det lenge i dette stolphuset. Loftet i prestegarden er bygd i 1830, og begge er restaurerte i 1995-96.

1.8: Nerol

Garden Nerol er truleg blant dei aller eldste i Hol. Opphavleg har garden truleg heitt Nedriholl, det vil seia nedre eller nordre (garden som ligg lengst nord) garden i Holvaldet, mens Sindrol (Syndriholl) er den søre garden i Holvaldet. Desse to er mogleg dei aller eldste gardane i Hol. Nerol var fullgard, dvs. 24 løbbol. Heile området frå Skriu til Tverråne (vest for Djupedalen) nedanfor Solbergo og Husaraberget hørde til Nerol samt alt på vestsida frå Kalvevikji til Odnak og opp til Hovsfjorden. På Nerol der det funne 2 jernøkser frå eldre jernalder. Gamlekyrkja er også bygd på grunn som kjem frå Nerol, og her var sikkert prestegard den tida Hol var eige prestegjeld (føre reformasjonen). Nerol vart delt i 3 gardar om lag 1560, Nordre. Myljo og Søre Nerol og alle husa låg i mange år i ei klyngje der Nerol ligg i dag. I 1790 vart husa flytta slik at Myljo Nerol vart Rudningen, Nordre Nerol vart Nerolshaugen (i dag Prestegarden) og Søre Nerol er det me i dag kjenner som Nerol. På Nordre Nerol var det i si tid både krohold og gjestgiveri (bevilling gitt av futen 1759). Skysstasjon har det vore på Nerol sidan skyssordninga vart skipa ved kongeleg forordning i 1648 og fram til Ola A Nerol sa det i frå seg i 1919 – samla skysstasjonstenste i godt 250 år! Skysstasjonshaldaren hadde betaling for tilseieing og skyssaren hadde betaling for kvart mil han skyssa. På skysstasjonane var det også overnatting. Nerol var dei siste åra pålagt å ha 2 hestar og ein reservehest og skulle skyss Hol – Sudndalen og Hol – Ustedalen. Då Nerol sa opp i 1919 overtok Olav Endrestøl stasjonen og Halvor Halingstad var skysskar. (Frå 1921 med bil) Skysstasjonen fekk då tilhald i noverande Hol pensjonat. Den siste som hadde skysstasjon i Hol var Asle Myro. Han overtok i 1929 og det heile vart lagt ned i 1934 – då overtok automobilen og Hol bilselskap skyssinga.

Sommaren 1902 («Hol sommaren») var Nerol senteret for mange av dei som var eller kom til å bli sentrale biletkunstnarar i

Noreg. Då budde Gerhard Munthe med frue, Thorwald Erichsen, Oluf Wold Torne, Lalla Hvalstad, Alice Pihl og Johanna Bugge her. Dei vart buande på Nerol i om lag 2 månader. Dei vekte på mange måtar oppsikt i bygda der dei var overalt og laga skisser til seinare måleri. Det fins mange måleri med utgangspunkt i denne sommaren. Mange av målarane kom også attende til Hol og Nerol seinare. Erik Werenskiold som ikkje var med i 1902, kom til Nerol i 1911, og kom attende hit fleire gonger. Etter at Hol pensjonat overtok som skysstasjon og gjestgiveri budde han der ved sine seinare besøk i Hol. Nemnast bør også at Norges store son på mange vis, Fridtjof Nansen, overnatta på Nerol skysstation då han i 1886 gjekk på ski frå Sundre til Voss og tilbake over Valdres som eit ledd i treninga til den store turen over Grønland i 1888.

Mehlum, den legendariske bladmannen som gav ut bladet «NU» skriv om Nerol i NU nr. 15. den 15. mars 1904: *«Så gik jeg til Neraal og fik en utmærket deilig middag. Husmoderen var som jordmor nu paa kaldsreise til Arne Halingstads kone. (Jordmora heitte Margit Nerol. r.anm). Ut på eftan kom Paal Sletten til Neraal, en gammel handelskar. Utenfor døren satte han frå sig en sækk, hvori han havde varer frå krambuen, gav sig så gode stunder. Men da han kom utatt, havde grisen paa Neraal væltet sækken, bidt den i stykker og spist op kaffe og sukker for 60 øre, kaker og endel andet. Men du verden for en Paal det blev! Paal bandte som en tyrk. Hvorfor han havde sat sækken ude? Joho, han vidste da ikke at Fan var paa Neraal i dag!»*



*Nerol skydsstation om lag 1900.
Foto: Olav Reinton. Utlånt frå Hol bygdearkiv.*

Etter å ha vore ein tur om på andre gardar i bygda kjem Mehlum attende til Nerol for å overnatte:

»Gik saa atter til Neraal hvor jeg fik umåtelig triveligt nattherberge. Jordmoren var nu hjemme, hun er en av dalens solideste husmødre, hjemme går alt som etter en snor, interesse har hun for alt godt, et ideal af en husmor. Jeg sov utmærket borti hotellbygningens 2en etage. Det var en vakker, stjerneklar kveld, Holsfjorden laa nea gaarden og volden som en dunkel draum, en vakker saga. Om morgenen steldte den udmerkede husmor, jordmoren i Hol, mig en ekstra god frokost, og saa skrev jeg hele formiddagen paa nyt manuskript til «Nu», sad i fred borti den lyse, vakre hotelbygning. Derpaa spiste jeg en fortræffelig middag, sov derpaa en sød middag, hvilket jeg ellers aldrig pleier aa gjøre, idet jeg tager middagsluren paa borg om morgenen. Det gaar ikke an som regel aa være morgentung og kveldssøvd og lysten paa en lur midt paa dagen. Men for en gangs skuld naar man vil gjøre sig riktig godbage og nyter livet, gaar det godt an»

Bustadhuset på Nerol – den tidlegare skysstationen – er bygd omkring 1790 som ei stor loftstugu og den vart restaurert og bygd noko om i 1900 og 1975. Loftet er frå 1836, stolphuset frå 1690, driftsbygningen frå 1930. Badstugu frå Nerol står på Hol bygdemuseum og den har mange kulehol på grunn av at soldatane som hadde eksersis på «Neraalsmoen» (det flate jordet vest for skulen) brukte badstugu som blink av og til!

Vidare no går du langs den vegen som Hol kommune bygde i 1966 for å avlaste Hellingvegen (meir om den i eige oppslag). Du passerer Skriu eller Hellinggrove, opp på nordsida her gjekk Brekkun, stigen opp til Halingstadgardane som vart borte då det vart bustadfelt av Klokkargarden. På austsida av Skriu like nedanfor vegen, låg i si tid garden Helling inntil den vart flytta ned av Sven Tufte i 1890 åra. Her på gamle Hellinggarden var dei svært mykje plaga av spøkeri, jfr. Holsboka band II side 559. Helling vart selt til Hol kommune i 1966 og vart det fyrste kommunale bustadfeltet i Holsbygda.

1.9: Hol pensjonat

Det som i dag er Hol pensjonat var frå starten av ei stugu som var delvis ferdigbygd på nabogarden Helling, men som vart flutt nordafor Skriu då det vart odelssøksmål mot dåverande eigar av Hellinggarden, Asle Rue. Det er fortalt at Asle dreiv i slåttan på Trinteplassen på vestsida av Holsfjorden då lensmannen kom og skulle forkynne at han måtte flytte frå garden. Asle heldt seg bakom fjøset, og drog tida ut så mykje som mogleg. Han hadde nemleg arbeidsfolk i gang på Helling med å flytte stugu på ny tomt slik at den ikkje skulle gå med i søksmålet, og han var stadig framme og såg heimover for å følgje med i korleis arbeidet gjekk. Då han såg at stugu var nede, kom han fram slik at han fekk helse på lensmannen med følgjande orsaking: *«Eg er så hardliva då måta»* («hardliva» = treg mage). Staden vart kalla for



Hol pensjonat – ein bygning full av lokalsoge.

Foto: Jan Robert Wick.

Høgset, og Hol spareforening som til då hadde halde til i eit rom i stugu på Nerol kjøpte stugu i 1875 og bygde den ferdig. Etter at Spareforeningen gjekk konkurs, kjøpte Svein Tufte bygnaden, bygde på ei høgd og dreiv handel her til 1890 då han bygde Tuftebue. Ola K Svarteberg åtte bygnaden frå 1895 til 1896 då han selde til Pål O Slettemoen. Han dreiv som skreddar her. Pål utvida bygnaden med veranda i 1904, bygde attåt på nordsida og snudde mønet slik han står i dag. Huset vart måla kvitt, og han leigde ut til Hol sparebank frå 1905 og til den oppattstarta Hol spareforening frå 1909. Pål tok etter kvart til som bureisar på vestsida av Holsfjorden, noverande Vestvang. Dei fyrste åra rodde han foret heim til Høgset der han også bygd fjøs og stallar med trev – dei som står her i dag.

Den store bygnaden husa også andre gjeremål. Televerkets «sentralstation» hadde tilhaldsstad her frå 22. juni 1910. Her har også vore skreddarverkstad, tannlegekontor, snikkarverkstad, vevskule og doktorkontor.

I 1917 kjøpte Pål Villand huset og selde det vidare til Olav Endrestøl i 1919 for 19 000 kr. Same året sa Nerol opp avtalen som skysstasjon, og Olav Endrestøl overtok ansvaret for skysstasjonen med Halvor Halingstad som skysskar. Han brukte hest og kjerre/slede til 1921 då han fekk seg bil. Bilkjøpet vart ingen stor suksess for Halvor, det var stadig problem, og etter eit par år gjekk han såpass sundt at han måtte sende den til reparasjon. Det var nok litt av ein triumf for Svarten då han drog bilen til Halvor til Hol stasjon for at den skulle sendast til Hønefoss for reparasjon. Folk som såg synet av hesten som drog bilen på slede bortover isen på Holsfjorden, hugsar det godt!

Bilen kom aldri attende til Halvor, og han heldt seg til hesten sidan! John Erichsen (fritenkjar) vart ny eigar av skysstasjonen i 1925 og selde til Asle og Rønnaug Myro i 1929. Dei vart dei siste som hadde skysstasjon i Hol. Dei dreiv til 1934 då ordninga vart avvikla og namnet Hol pensjonat kom då i bruk. Sist i 1940 åra og utover i 50 åra var Hol pensjonat tilhaldsstad for mange målarar bl.a.frå Danmark. Desse måla mange av gardstuna i Hol slik dei då var, bilde som i dag har stor kulturhistorisk verdi. I dag er det Vestlandske krets av indremisjonen som eig huset.

1.10: Solvang

Tomta til Solvang er kjøpt frå Ola A Nerol i 1863 for å få bygd hus til klokkaren og seminaristen som kommunen no ville ha i og med at det var vedteke å skipe fast skule i kommunen og for å sikre tomt til skulehus. Det heitte seg at seminaristen skulle ha ein viss jordveg i tillegg til lærargjerna. (Ein lærarstilling var ikkje nok å leva av då heller...). Solvang er den fyrste offentleg bygde skulebygningen i Hol kommune. Det var lensmann Stein Steensen Øvremyro – i si tid ein svært sentral person i bygdestyringa – som tok tak i byggesaka og som også laga teikningane. Dei same teikningane vart seinare brukt til å byggje det fyrste skolehuset i Ål. Kostnadsoverslaget viste ein kostnad på 281 spesiedalar – sluttrekninga vart 700 spesiedalar!



Solvang har ganske andre funksjonar i dag enn då den vart bygd – den er dagsenter for PU brukarar. Til venstre på bildet litt av dei syrinane Sander Røo i si tid fekk planta. Foto: Jan Robert Wick.

Overskridingar er ikkje noko nytt – og dette var hard kost for eit fattig anneks som Hol. Amtet (fylket) vart søkt om større tilskot! Bygningen vart ferdig i 1867, mens lærarbustaden var ferdig i 1869. Solvang vart bygd på i 1878. Det aller fyrste tinget etter at Hol vart særskilt tinglag frå 1. mai 1881 vart halde i Solvang den 23. mai same året.

Solvang var i bruk som skulebygning til 1954. «Gamleklukkaren» S. Reinton og huslyden hans budde her i mange år, likeins lærar Einar Seim og huslyden (frå 1923 – 1964 var han lærar i bygda). I boka «Rolf Rimes dagbok» som Lars Reinton skreiv som ungdom, får du eit svært godt tidsbilete av denne tida. Far Reinton, til dagleg kalla Gamleklukkaren, var samstundes klokkar og lærar, og orgelet som vart brukt under messene i Gamlekyrkja den tida vart bore frå Solvang og attende kvar gong! I hagen på Solvang er det planta dei fyrste syrinene i Hol kommune. Dei er planta av Sander Røo, ein av dei største kulturpersonlegdomar Hol har fostra. Blant sine mange interesser var han også interessert i biologi, og prøvde seg derfor bl.a. med syrin i denne hagen. Dei var henta i Akershus ein gong i 1860 åra og lever og blomstrar den dag i dag frå same røtene, ikkje berre på Solvang, men fleire stader i Holsbygda.

1.11: Hol gamle kyrkje

«Hol gamle kirke fylder akkurat sin plads i dalsenkningen som prikken over i-et»

skreiv riksantikvar Harry Fett i 1916. Den vesle, brunsvide kyrkja har vore det sentrale bygget i Holsbygda sidan tidleg på 1200 talet, og har alltid hatt ein heilt spesiell plass hjå alle holarar. I følgje tradisjonen er dette den 3. kyrkja som er reist i bygda. Den eldste skal ha stått i Kyrudalen («kyrkjedalen») og vart teken av jordras, den andre stod ved Tingvoll like vest for noverande Hol kyrkje.

Gamlekyrkja slik den ligg i dag er ei kyrkje som er bygd ut fleire gonger ettersom folketalet i bygdene auka. Apsis i aust er det som er att av den opprinnelege stavkyrkja frå om lag år 1200. Seinare foregjekk det utbyggingar på 1500 talet, 1697 og 1799 då den fekk den forma den har i dag. Etter initiativ av ordførar Sigurd Reinton vart eit større restaureringsarbeid gjennomført under leiing av arkitekt Halvor Vreim frå 1938 og avslutta med at steinmurane vart mura opp att under leiing av Ola Grostølen i 1953/54. (Han var då 86 år gamal). Kyrkja hadde tidlegare tak av spon, men i åra 1838-40 vart det lagt det helletaket som den har i dag. Det var også svalgangar på kyrkja inntil 1697, dei vart rivi i samband med utvidinga av kyrkja. Same året vart også det våpenhuset(inngangspartiet) kyrkja har i dag bygd. Låsen i utgangsdøra er laga av låsesmeden Svein Torgerison Årset (f. 1788) Golvet i kyrkja består stort sett av stavar frå den gamle stavkyrkjedelen.

Interiørmessig er det lite som minner om at du er i ei middelalderkyrkje. Det skuldast delvis alle ombyggingane, delvis at mykje av det som framleis fins av middelalderinteriør, er samla i Universitets oldsaksamling. Men me finn i alle fall ei klokke, ei kiste og ein stolpe med treskurd som er plassert ved alteret, alt dette frå middelalderen. Preikestolen er frå 1697 og kosta i si tid 14 riksdalar. Den hadde opprinneleg ei vindeltrapp opp, men den vart borte i samband med flyttinga av preikestolen over altaret i 1798-99. At preikestolen vart plassert over altaret symboliserte at ordet stod over sakramentet. Altertavla er frå 1703. Den vart gitt til kyrkja av sogneprest Engelstrup og akantusfelta er sannsynlegvis skore av bilethoggaren Hans Foed frå København. Med denne kom barokken til Hol. Alterringen er sannsynlegvis frå 1798-99, døypefonten frå 1697. Det var tidlegare flotte benkar med utskjeringar i kyrkja, ein av dei er bevart på UO. Det var 36 slike i kyrkja. Dei fremste i bygda hadde sine spesielle stolar, og reister etter lensmannsstolen er bevart på kyrkjeloftet. Alle stolar vart fjerna i 1882 og det vart sett inn nokre enkle stolar med open rygg. Dei noverande benkane er sett inn i 1950.

På galleriet (ivilaupet) finn me benkar frå 1882. Galleriet vart bygd i 1697, men utvida til noverande storleik i 1798-99.



*«Kvar morgonen når eg vaknar ser eg mot gamlekyrkja
for å vita at den er der» sa ein holing til meg –
det seier litt om kva denne bygningen betyr for folket i bygda.
Du blir aldri mett av å sjå på den!*

Foto: Jan Robert Wick.

Anders Mehlum (1848-1942) skriv i bladet sitt «NU» om Hol gamle kyrkje og han er ikkje like nøgd med alt! Om altertavla skriv han: *«Den gamle altertavla er stygg. Biletet skal syna innstiftinga av nattverden, men apostlane ser ut som drukne menner, som har fått ein storfugl i vrangstrupen alle i hop. Både i detalj og i det heile teke er bilætet forfeila»* Men heilskapsinntrykket er godt også av Mehlum: *«Det er tvo slag kyrkior og der er tvo slags hus – varme og kalde. Hol kyrkje er av dei varme, so kravlaus ho står der»*

Ting i kyrkja elles: Alterduk med motivet livets tre og dei kloke og dei dårlege jomfruene, 2 temmeleg store messinglysestakar, eitt par store trestakar frå 1703. Den noverande lysekrona er gitt av sogneprest Hofgaard som tok med seg den som var der då han flytte til Sigdal i 1801 – han var ikkje fornøgd med løna han hadde fått! Den opprinnelege var gitt til kyrkja i 1727. Av kyrkjeklokkene så er den minste frå middelalderen, den andre frå 1731. Christian 4. bibel frå 1632, er gitt til kyrkja av tidlegare sokneprest i Hol, Einar Høyer i 1939. Her er også ei kiste frå middelalderen, flotte skåp frå renessansen, to renessansestolar og ein barokkstol for å nemne noko av det du kan sjå i kyrkja.

Spesielle hendingar/særmerke:

Urinrende: Maken til urinrenna på Hol gamle kyrkje fins sikkert ikkje nokon stad i landet – kanskje ikkje i verda elles heller! I 1830-40 åra var det Stenersen som var sokneprest her, og han var kjent som ein mat- og drikkeprest. Tor Villand var ei tid kyrkjjetenar under Stenersen, og Tor var også glad i drikke. Det hende nok at naturen kravde sitt under dei lange guds-tenestene, og Tor Villand fekk Tor Hago til å laga ei urinrende i 1841. Den løyste problemet. Over renna står det skrivi:

*«Hør Prest og klokker her lad eders vand udrinde
Det helbred skader vist at trænges hårdt dermed.
Til Eders gavn den rende er beredt.
Den kaldes skal Tor Knudsen Willands minde»*

(Skrevet i 1841 av Stenersen, sogneprest)

På urinrenna står det skrivi: *«Brukt 1.ste gang 3die søndag trinitatis»* (pinse)

Branntilløpet: Gamlekyrkja var utan fyring fram til 1879 då den første omnen vart sett inn, den andre kom i 1893. Dei vart fjerna i samband med restaureringa. (1938-54). Juledagen 1920 skulle det som vanleg vera høgtidsmesse, og Ådne Halingstad, som var kyrkjjetenar, sytte for fyringa frå tidleg morgon slik at kyrkja vart varm til messa tok til. Det var ein svært kald juledag, og Ådne måtte fyre hardt for å få varmen i kyrkja. Omnsrøyra gjekk rett gjennom taket, og midt under messa merka Ådne at det hadde begynt å brenne i taket. Ådne var ein svært lettført kar, og han reagerte med eingong med å springe opp i kyrkjjetårnet, kaste

seg ut gluggen og rive opp hellene og spona rundt det glovarme røyret. Det var skikkeleg fyr, og Ådne kasta på snø og tok av seg jakka for å kvele elden. Det var mykje snø på taket, og elden vart sløkt. Ådne Halingstad redda gamlekyrkja. Han fekk øydelagt både klede og skor, men ein søknad til Hol kommunestyre om å få erstatta dette, vart avslagen. (det dreidde som om 25 kr) Ådne fekk pengane noko seinare.

Spøkjer det i Gamlekyrkja? Det har gjennom tidene vorte fortalt nokre soger om uforklarlege opplevingar i og ved Hol gamle kyrkje. Eg tek dei med her, så får du som les gjera opp med deg sjølv kva du skal tru eller ikkje tru.

Under eit juleselskap på Nerol på 1600 talet (Nerol var rekna som prestegard den tida) vart det ein diskusjon om kvar dei døde sine ånder hadde sitt tilvære. Det vart hevda mange meiningar omkring dette, nokre meinte dei gode menneska sine ånder hadde bustad hjå Gud i himmelen mens dei vonde menneska sine ånder var i Helvetes evige kval og pine. Dette var vel slik læra var. Men det var også folk tilstades som hevda at alle dei døde sine ånder både gode og vonde, svedde blant oss og framleis dreiv med sitt mellom levande menneske anten til godt eller vondt, og at desse åndene kunne trenge inn i dei levande menneska og ta bustad der og påverke dei til å gjera godt eller vondt. Dei hevda også at dei gode avdøde menneska sine ånder heldt seg saman og danna broderkjede i slektledda og at dei i store flokkar hadde gudstenester som vart halde ved midnattsbjel, for desse var natta aldri mørk. Til dette nytta dei kyrkjene eller gravplassane der dei hadde vore, for dette var heilag grunn for dei. Dei som hevda dette i diskusjonen sa til motparten at dersom han gjekk til kyrkja no i natt kl. 24. like fram til alteret så fekk han sjå kyrkja full av ånder samla til gudsteneste. Han som hadde sterke meiningar mot dette tok utfordringa og sa at han ville gå i kyrkja kl. 24. og hente med seg ein bibel som låg på altaret for med det å bevisе at han hadde vore der. Han fekk nykelen til kyrkja og gjekk aleine inn kl. 24. heilt fram til altaret og tok bibelen i handa si. Då fekk han brått sjå at kyrkja var full av ånder som likna menneske og ein av dei stod framfor altaret i prestedrakt med klart andlet og skinnande auge og var den som forretta gudstenesta denne gongen. Mannen med bibelen i handa vart forferda og skunda seg ut av kyrkja, men då han var kome nesten til utgangsdøra høyrde han at presteskikkelsen framfor altaret sa: *«Sjå tilbake så får du sjå kor store og raude augo mine er»* Mannen svara: *«Sjå meg bak så får du sjå kor svart eg er der»* (han hadde høyrт at ingen måtte sjå seg tilbake ved slike høver) og han for ut av kyrkja utan å leta att døra etter seg og kom tilbake til Nerol og selskapet der med bibelen i handa aldeles forfjamsa og fortalde kva han hadde opplevd, og alle som ein vart både rørde og redde.

Ein mørk haustkveld i 1860 åra gjekk ein mann forbi Hol kyrkje

og han vart då merksam på at det var lys inne i kyrkja og han hørde også at det sang. Han vart forundra over dette og gjekk til næraste hus der det budde folk og fortalde at det lyste gjennom glasa i kyrkja og at det sang der inne. Han fekk med seg mannen i huset og dei gjekk bort til kyrkja for å undersøkje nærare. Dei stod begge to ei stund utanfor kyrkja og hørde på songen og såg lyset, men då dei gjekk gjennom kyrkjegardsporten for å koma nærare kyrkja, vart det brått mørkt i vindaugo, songen stilna og alt vart så tyst og stille. Mennene gjekk attende og var røde i tankar og sinn etter dette.

1.12: Kyrkjestugu og Tingstugu/Ålmannstugu

Kyrkjestugu vart bygd i åra 1812-15 av Pål Olson Nedremyr (1768-1834) og Pål Olson Nerol (f. 1783). Både i 1809 og 1811 var desse to kalla inn for forlikskommisjonen av presten Leigh og lensmann Hamarsbøen «angående en stuebygning for prest og almue ved Hols kirke som de har påtaget sig at opbygge og istandsette». Dei hadde altså fått pålegg om å byggje stugu, men hadde sett det ut i det lengste!

Stugu vart bygd for at folk skulle ha ein stad å ta inn under gudstenesta. Derfor er stugu ofte kalla for «Ølmannstugu». Midt i stugu stod det ein stor peis slik at folk kunne varme seg dei kalde vinterdagane. I 1844-45 vart stugu bygd på og fekk det høge raustet. Arbeidet vart utført av Arne Sjugurdson Trøgathon (A.S.S.T. står det på dørlåsen). Messesundagane var ofte tidlegare ikkje berre prega av at det var gudsteneste. På kyrkjebakken og omkring Kyrkjestugu gjekk handelen og akkederinga livlege.



*Området omkring gamlekyrkja, «Ølmannstugu» og
Prestestugu er sett fint i stand siste åra.
Prestestugu til venstre, «Ølmannstugu» Tingstugu til høgre.
Foto: Jan Robert Wick.*

Det var smågutane som brukte Kyrkjestugu for å by fram sine varer som brisjkitreak og honningkaku. I daglegtale blir stugu ofte kalla for Tingstugu. Det namnet har den fått etter at det frå 1894 vart halde dei faste tinga her, fire kvart år. Her har gjennom tidene også vore halde mange offentlege møte av ulike slag. Stugu har og vore i bruk som ungdomshus og skulehus, her har bl.a. vore halde mange kurs for ungdomane. Det fyrste snikkerkurset vart halde 25. mai 1889, og her har også vore mønstervevkurs, skomakarkurs og masser av møter og tilstellingar, også dansetilstellingar. Den aller fyrste 17. mai festen i Hol vart også halde her i 1883. (I 1884 var det 150 menneske med på 17. mai festen på Tingstugu)

Nordanfor kyrkjestugu stod ein hestestall med trev over, bygd på same tida som Kyrkjestugu. Den vart riven i 1912 og er no bygd inn i uthusa som ligg nedanfor Hol pensjonat. I 1906 foreslo ei kommunal nemnd at begge stuguene her skulle rivast for å gi plass til kommunehus, skule og bank...

1.13: Prestestugu

Prestestugu: Hol og Ål var sams prestegjeld fram til 1870, og den tida budde både presten og klokkaren i Ål. Dei måtte difor ri, og når det vart kjerreveg i 1826, køyre til messene i Hol kyrkje. Det var 14 messer i året her, og presten og klokkaren var som regel både to og tre dagar kvar gong for å få ordna opp med alle sine gjeremål. Nerol var pålagt å hyse prestefolket, og dei budde der i ei fin rosemåla stugu. Denne vart selt og flytta til Kjosleslåtta, seinare flytta til Fløto ved Mobrua, og i 1844 bygde Arne Nerol ei eiga prestestugu ved kyrkja. Den var liten, og både presten og klokkaren klaga på dette. Klokkaren fordi det ikkje var sengeplass til han i stugu, han måtte framleis ligge på Nerol – i eit rom ved sida av daglegstova! Presten på si side tykte stugu var for liten til at han kunne få utøvd sine embetsgjerningar slik han ville. Klagebrev vart sendt, og heradsstyret vedtok 4. februar 1846 at prestestugu skulle utbetrast og få meir utstyr slik at både prest og klokkar kunne halde til der.

I 1863 kjøpte kommunen eit jordstykke på 11,5 mål av Ola A Nerol som «støder umiddelbart til kirken, altså bequemt som lærerjord for en vordende kirkesanger og som tomt for den projekterede skolebygning» – dermed var klokkaren sikra eige hus etter kvart. Frå 1870 vart Hol eige prestegjeld og prestegard vart bygd, flytta hit frå Ål 1875.

1.14: Kyrkjegarden og murane omkring

Inntil 1890 åra vart alle holingar samt vatsingar gravlagt på denne kyrkjegarden. (Ein kort periode skal det ha vore gravplass på Hovdegard i Vats etter at kyrkja i Kyrudalen var reist på fjorden blir det fortalt). Det betyr at det er om lag 10 000 personar som har fått sin siste kvilestad her. Kyrkjegarden var svært liten, og det vart etter kvart store problem med å finne

plass til dei døde her. I 1880 vart kyrkjegarden utvida mot nord. Minne om gamle gravstadar finn ein på kyrkjeloftet, her er bl.a. bevart eit trekors med innskrift frå 1793.

Det hadde fleire gonger hendt at Skriu gjekk over sine breidder i flaumtida og grus og stein låg att inne på kyrkjegarden. I 1820 vart deler av kyrkjegarden teken av ei snøskred. Det vart etter kvart sett i gang arbeid med å få til murar omkring kyrkja slik at den vart verna mot slike uhell.

Den fyrste muren kring Gamlekyrkja vart mura av Ola Larson Svenske. Han var fødd 1753 og kom til Hol i slutten av 1790 åra. Han budde i Svenskehølu ved Seimsberget. I 1863 tok Asle K Myro på seg å rydde opp i orerusta ovanfor kyrkja og setja opp mur omkring. Muren ovanfor kyrkja er bygd i 1880 åra samstundes som muren ved Hol pensjonat (dåverande forretningsbygg til Hols spareforening) vart bygt. I 1891 vart murane omkring kyrkja køyrte bort – dei høvde ikkje inn i den tids stil! I staden vart det sett opp kvitmåla stakittgjerde rundt kyrkja og kyrkjeglasa vart også endra til høge glas. Stakittgjerdet stod til 1949, då Sigurd Reinton tok initiativet til at murane skulle på plass att.

Ola Grostølen, den siste profesjonelle gråsteinsmuraren i Hol, vart sett til bas for arbeidet i sitt 86.år, og resultatet vart dei flotte murane du ser omkring kyrkja i dag. (ferdig 1953) Med på muringa var elles Norman Wick, Ingvald Medhus, Oscar Nilsen og Knut Bergli

Området bakanfor kyrkja er kalla for Træet, og var frå dei eldste tider i kyrkja si soge brukt som eit område der kyrkjefolket sette hestane og køyrereidskapane sine under gudstenesta. Då Arne Nerol og Svein Helling tok til å setja opp gjerde som stengde folk ute frå Træet, vart det reist sak. Arne Nerol og kommunen inngjekk forlik som gjorde at kommunen overtok Træet. Svein Helling vart dømt til å laga grind i gjerdet sitt slik at folk kunne setja hestane innanfor.

I Skriu/Hellinggrove som renn bakanfor kyrkja, stod det i si tid eit lite sagbruk som hørde garden Helling til. Her kunne dei skjera tømmer i flaumtida. Det vart teke ned av Sven Tufte i 1895.



*Ola Grostølen, meisteren
bak dei vakre
gråsteinsmurane omkring
gamlekyrkja. Her saman
med Oscar Nilsen og
Ingvald Medhus.*

*Foto: Osvald Medhus
Utlånt frå Hol bygdearkiv.*

1.15: Skalkehaugen og Bautasteinen

Skalkehaugen: I følge Tor Villand (f. 1806) vart all jorda og steinen som dei måtte ta vekk då dei bygde Gamlekyrkja, lagt i ein stor haug like nedanfor tomta, og denne haugen fekk form om lag som ei kollhuve. Den vart kalla Skalkehaugen fordi skalkadn – dei «kåte» ungdomane – gjorde mange slags spetakkel der jamvel mens messa vart halden. Her har også stått stolpar med eit tverrtre i mellom øvst oppe, som var så kvast i øvre kanten som ein kniv. Her måtte alle som hadde gjort noko gale og som var dømd til å sone på denne måten, sitja til skrevs så lengje messa vara. Dette kallast «å ri tremerre.» Seinare vart gapestokken plassert her. (Dei siste åra gapestokken/tremerra var i bruk var den flytta bakom kyrkja, i Træet). Lensmannen brukte også å stå her og lesa opp alt han skulle kunngjera etter messa. Skalkehaugen var også ein av dei stadene i Hol som vart nytta som avrettarstad, og Knut Olsen Brattåker Nerol, som har gravstøtta si på austsida av kyrkjegarden like utanfor kyrkjegardsmurane, er av dei fredlause som vart halshogd her. (Meir om han under prestegarden). Det skjedde i 1740, og var den siste halshogginga på Skalkehaugen. Haugen vart bryten opp til åker av Sven Tufte mot slutten av 1890 åra, og dermed vart kollhuveforma borte.



Skalkehaugen har vore åstad for mykje og mangt gjennom saga – i dag er fredeleg plett med bautasteinen som sentralt merke.

Foto: Jan Robert Wick.

Bautasteinen som står her er reist «til minne om dei holingar som stridde for fedrelandet 1807–1814». Steinen er funnen i Gravarmoen aust for Hagafoss. Nemnda som var valt til å førebu det store Grunnlovsjubileet i 1914 hadde leitt lenge etter eit høveleg emne til bautastein, men ein dag kom Kitil Sausgardhaugen til Sigurd Reinton og sa: «No har eg funne stein, gut!» Ut av den store steinen som der vart funnen, vart det kila heile 4 bautasteinemne og det eine står her, dei andre på Ål, Nes og Voss. Hit vart den frakta med hesteskyss på vinterstid og avdukinga gjekk føre seg 21. juni 1914. Bautasteinen var ved dette høvet pynta med



Karane som kila ut bautasteinane i Gravarmoen, Mikkol Holestøl og sonen Lars. Du kan framleis sjå staden dei fann steinane og vegen dei køyrde den fram på.

Foto: Olav S Reinton.

Utlånt frå Hol bygdearkiv.

ei slynge av granbar oppover heile steinen og 2 norske flagg på toppen. Bautasteinen i Hol og også dei andre i dalen, er alle reist opp med Steffen Haug frå Voss som arbeidsleiar og namna er innhogge av ein annan vossing, A.D.Andersen. Pengane til dette arbeidet var gitt av holingar som hadde utvandra frå Hol til Amerika og som gav attende ei større pengegåve til heimbygda i samband med hundreårsfeiringa av Grunnloven. (Gåva var på 11 156 kr og vart overrekt av Torstein E Tufte og er framleis eit legat der rentene skal delast ut til trengande i Hol kommune). Innhogginga av namna skulle vore betalt av ungdomar av hallingætt i Amerika, men innsamlinga av pengar kom aldri i gang, og det enda opp med at nokre av dei som var her frå Amerika i 1914 måtte legge ut alle pengane. Kostnaden med å hogge inn namna var 1,5 \$ per namn.

Etter avdukinga var det stor fest i dei 2 militærtelta som var sett opp i dette høvet, og festen heldt fram på Høgehaug utover kvelden og natta. Bautasteinen stod nærare Prestestugu til 1951, då måtte den flyttast dit den er i dag p.g.a. vegomlegging.

I «NU» 4.8.1914 står det om avdukinga: «*Da dekket falt, gaves det salut oppi åserne saa det drønedet like til det fjeld det blaaner i. Fana til Hallinglaget i Amerika ble overlevert samtidig.*

(Det var Svein Nestegard som hadde teke initiativet til at kommunane i dalen skulle gi ei fane til Hallinglaget ved dette høvet. Motivet er frå Hol med Djupedalsfossen i bakgrunnen)

Denne fana vekte stor oppsikt og sterke kjensler då ho for fyrste gong vart vist fram på Hallingstemna i Detroit 23. juni 1915. I «Hallingen» 13. oktober 1915 skriv redaktør S.S. Rodning (Rudning) bl.a.

«*Vi ventet noget stort, ja vi ventet Silkefanen, og den kom, den kom på ryggen til Timan Quarve, saa sveden stod av ham. Men noget saa storartet havde vi aldrig tænkt os, det staar ikke i min magt at beskrive den, thi der var silke, der var guld og sølv, og alle mulige kulører, og en kunst uden lige, den kom med budet, lat oss inkje forfedrane gløyma, nei, hvem kan glemme dem, naar de sender os slig en kunstgjenstand, og hvor kunsten lader Norges storhed og pragt som et levende bilde glide frem i al sin rigdom, der staar han Hallinggutten og hun, Hallingpigen, som om de var lys levende, der ser vi fjorden mellem gigantiske berge...*»



Her starta Hol husmorlag opp med barnepark i bussen dei fekk frå Hol bilselskap. Pionerarbeid av framsynte kvinner! Husa elles på bildet er frå høgre: Magne Sletteemoen, Harald Kolle, Ola Hammersbøen, Ringberg (Mary Sletteemoen) huset til Guri Aaker, seinare Halvor O Hallingstad, Hol handelslag (Ringheim), «Ringbu» til Ingvald Sletteemoen, Erling Medhus og Olav og Per Fjordheim. Mot fjorden frå venstre: Lageret til Hol handelslag, Sirestugu (feriestad for familien Faye Lund), Anton Dynge og låvehusa på Strande.

Foto: Widerøe flyfoto 2.9.1965 A. Heltberg.

Utlånt frå Hol bygdearkiv.

Når du ruslar vidare mot vest i Nerolsgutu, så går du på same vegtraseen som vart brukt då bøndene i Hovet og Sudndalen bygde vidare på «Kongevegen» som gjekk fram til Hol gamle kyrkje i 1826. Den fyrste kjerrevegen vidare mot Hovet er bygd på 1840 talet. Tannlegekontoret på venstre sida er bygd i 1962, det var då Holsbygda fekk eigen fast tannlege. Kostnaden var 180 000 kr. Nabohuset er i dag ei bedrift i VINN systemet, men var opprinneleg Hol kommune sin fyrste barnehage, kjempa gjennom ved hjelp av utrøyttelig arbeid av målbevisste mødre. Hol husmorlag med Borghild Herfindal i spissen starta det heile i 1961 i ein avdanka buss frå Hol bilselskap dei plasserte på «Strande» litt aust for Medhusgrove og nedanfor noverande gangveg. Toalettet var ein gamal utedo dei bar hit frå Magne Slettemoen. Barnehagen var oppe frå 10 – 14.30, og parktantejobben gjekk på dugnad husmødrene i mellom ei veke i gongen. Parktante vart tilsett i 1964 med 3 kr/t som betaling. I 1966 søkte dei om å få leige eller kjøpte tomt at kommunen, men det drog ut. Året etter fekk dei likevel 5000 kr i tilskot til hus eller brakke då bussen dei hadde vore i alle år ikkje lenger var tilfredsstillande. Så i 1969 fekk Husmorlaget tomt her av Hol kommune og 8.12.same året opnar Hol barnehage med 13 barn, framleis med Hol husmorlag som driftsansvarleg og med kakelotteri som viktigaste inntektskjelde. Barnehagen vart bygd på i 1971 (40m2), men formannskapet vil ikkje at kommunen skal overta drifta. Det skjer likevel i 1972. Hol barnehage var då ikkje berre den fyrste kommunale barnehagen i Hol, men også i Hallingdal.

På høgre sida ligg Holet skule, den eldste delen frå 1955, vestre delen frå 1976 og fremre delen, som også inneheldt bibliotek og lokalhistorisk arkiv er frå 1988. Hol brannstasjon, som heldt til her fram til 1999, er bygd i 1953 av Hol branntrygdslag. Brannbil fekk Hol nokre år før, og den stod i uthuset til Hol pensjonat inntil brannstasjonen var bygd. Bygningen er overteke av VINN industrier AS i 1999. Hol handelslag – i dag Hol sentrumsbygg og Hol daglegvare – er bygd i 1981. Vest for denne ligg den gamle Nerolsstugu. Den er flytta hit frå tunet på Nerol i 1968 av Erling Nerol, bygd opp att her med eit tilbygg til bustad for døtrene Margit, Gunvor og Solveig med namnet «Heimsjå». Stugu er opprinneleg bygd av Pål Olson Nerol i 1730.

Møningsåsen i stugu var 1/2 meter i tverrmål. Det var i denne stugu presten låg når han var her i annekset og hadde gudstenester i Gamlekyrkja inntil Prestestugu ved kyrkja vart bygd. Presten låg i kleven som då vart kalla Prestekammerset. Stugu var fint rosemåla, bl.a. med eit spesielt bilete av ei buferd med budeia, kyrne i rekkje og gjesleguten.

Vidare går du forbi Vika eldresenter, bygd som butikk i 1975-76. (i drift til 1984). Prestekontoret på høgre sida ligg i det som i 1964 vart bygd som kombinert legekantor og legebustad for Hol

sin fyrste faste doktor, Johan Wold, som vart her i nærare 30 år. Høgehaug alders- og sjukeheim er fyrste gongen bygd her i 1958 og seinare utvida fleire gonger. I dette området var det tidlegare ein mykje brukt stemneplass. Dei to nabohusa som høyrer til Slåtten og Herleiksplass er bygd i 1955 og 1954, og det som i dag er eit nytt moderne hus vest for desse att, var opprinneleg bygd i 1952 for Ådne Elven. Huset til Sverre Slåtten er bygd i 1956. Mot fjorden ligg Nesheim, her var det i ei periode på slutten av 1930 åra pensjonat drivi av Margit Lien.

Idrettsanlegget til Hol idrettslag er opprinneleg bygd i 1920 åra av ivrige medlemmer på dugnad med hakke, spade og trillebår og dei fekk til ein plass på 100x55 meter nærare 20 år før noko anna idrettslag i Hallingdal. I austre delen av anlegget var det i si tid også ein tennisbane drivi av Hol tennisklubb. Baneanlegget vart utvida mykje i åra 1977-82 og klubbhuset, der eldste delen er frå 1964, vart flytta til noverande tomt og utvida i 2 etappar i 1978 og 1986 til det bygget du ser i dag. For å få til utvidinga av idrettsanlegget vart eigedomen til Jens og Borghild Haugen innløyst av Hol kommune og idrettslaget sette opp nytt husvære for dei lenger vest, nedanfor Rv. 50.



*Hellingvegen snor seg oppover mot gardane.
Bildet er teke nokre få år etter at vegen var ferdig.
Foto: Lars K Ødegård. Utlånt frå Hol bygdearkiv.*

Rute 2: Frå Reinebu til Medhuskrysset, austover grendavegen og attende til Gamlekyrkja:

Me startar ved Reinebu, huset som Reintonfamilien etter kvart fekk bygd seg og flytte til i 1920 etter at dei hadde budd på Solvang i lang tid. I dette huset har Sigurd Reinton fullført arbeidet med Holsbøkene saman med broren Lars. Her vart arbeidd svært lange dagar i mange år og resultatet vart som me alle veit, uvanleg godt. Sigurd var også svært aktiv i bygdepolitikken i mange år, også som ordførar.

Huset er teikna av ein annan Reinton, broren Torleiv. Husa vidare oppover Hellingane er på venstre hand «Hellinghaug» bygd i 1955 med loft flytta hit frå Medhus i 1961, bygd i 1780, og dei to husa på høgre hand er bygd i 1972 og 1954, mens det tredje, «Systreim» er bygd i 1925 av Ola V Halingstad for systrene Birgit og Anne Medhus etter same teikningane som for Reinebu. Opprinneleg ei hallingstugu som er ombygd i 1999.

2.1: Hellingvegen

Inntil 1916 var det berre gang- og rideveg frå midt i gardane og ned til kjerrevegen som gjekk gjennom nedre bygda (ferdig i 1826). Behovet for ein betre veg ned midt i bygda vart nok påtrengjande etter kvart. Både kyrkje og landhandel samt viktige offentlege kontor låg her, og i 1916 vart Hellingvegen bygd. Det blir fortalt at det skal ha vore ein god del strid i bygda om kvar denne nye vegen ned til «Storvegen» skulle gå. Det var mange «oppgangar» frå Storvegen til gardane og meiningane var like mange som det var oppgangar. Kvifor det vart Hellingane som vart valt veit eg ikkje, men det er kanskje grunn til å tru at det betydde ein del at den nye vegen då kom ned ved både kyrkje, butikk og skule? I følge Jens Sletto var det 2 svenskar som budde i den vesle stugu på Kastlehaugen som stod for bygginga av Hellingane. (Det var også svenskar som bygde vegen frå Hovet og opp Urundlia nokre år seinare). Dei flotte murane på yttersida av Hellingvegen er også sikre teikn på at det er svenske rallarar som har bygd vegen – dei var meistarar i å setja opp murar av kilastein. Den nedre delen av Hellingvegen ligg om lag der den vart bygd i 1916, men den følgde i starten vegen som no går frå Pensjonatet til Helling kafeteria (der Tuftebua låg før). Vegen ned frå Pensjonatet er av nyare dato og den øvre delen er sterkt endra ved ombygging i 1996. Fram til fyrste bustadhus på høgre sida av Hellingvegen når du går den oppover, var nok vegen bygd ferdig før 1916 av Sven Tufte som hadde fjøset på garden ståande der det no er bustadhus (som delvis står på dei gamle murane etter fjøset på garden Helling). Bustadhuset rett over på andre sida av Hellingvegen er bygd i 1940 av Harald Tufte.

2.2: Medhus Ljåsmie

Hol har vore ei av dei store ljåsmedbygdene i Noreg. Det er lang tradisjon bakom den ljåproduksjonen som har foregått i bygdene her i over 100 år. (Sjå om dette i «Heimbygda – ein refleks av landet» av Osvald Medhus og i «Dølaminne» for 1996). I dag fins det fleire smier i Holsbygda som til saman fortel det meste om denne tradisjonen. Medhus ljåsmie vart bygd i 1915 av Knut Pålson Medhus, (1899 – 30.1.1941.) og er den eldste av ljåsmiene i Hol kommune som i dag er att. Han gjekk i lære hjå Knut Øyo i 4 år, grunnleggjaren av Øyo fabrikkar på Geilo, og starta opp med ljåproduksjon i 1915 i denne bygnaden. Fram til 1925 «kokte han i» nede i Slettemosmia hjå Mikkel Slettemoen. Moderne hamar vart innkjøpt i 1925 – ein Kampenhamar med parafinmotor som drivkraft. Ljårne vart levert til dalføra på Austlandet og til Sogn, Leikanger, Hafslo og mange andre stader. *«Ljårne til Knut Medhus var så kvasse at når ein høgde igjêno stod graset att som ein bøste – aldeles som ein rakakniv. Slikt noko høyrde eg overalt, og eg reiste no mange stan»* fortel ljåsmeden Lars Søndrol. I 1938 begynte sonen Pål i smia og det vart då kjøpt inn ein Bruslettohamar. Elektrisk drift hadde det vorte frå fyrste stund Hol kraftverk kunne levere straum – 1931. Her vart produsert ljåar i lengde frå 10 til 36 tommar – dei ulike delane av landet skulle ha sine spesielle ljåar ei tid. Det vart også laga bruks- og sportsknivar, lysekroner, golvlamper, lampettar, peissett, utelamper og gelender. På det meste var det 8 tilsette i Medhus ljåsmie og på det travlaste vart det arbeid i 3 skift. Sønene Pål og Osvald overtok produksjonen etter faren då han døydde i 1941 – Pål var då 19 år, Osvald 17 år. Ei ganske tøff oppgåve, men dei klarte å følgja opp det gode smedryktet faren hadde, og heldt på til midt på 50 talet. På 1960 og 70 talet var det produsert sledar til Snow Trackar – bl.a. vart det levert 10 sledar til den argentinske hær i 1969! I dag er smiubygnaden restaurert og gjer teneste som «gardsmuseum».



Medhus ljåsmie er den eldste ljåsmia som framleis står, bygd i 1915. Foto: Jan Robert Wick.

2.3: Eit krigsminne

I krigsåra 1940-45 vart det etter kvart forbode å ha radio i huset. Tyskarane forlangte alle radioar innleverte, og dei som vart tekne med radio i huset fekk straff. Men det var viktig å få høyrte på nyhende frå BBC i London, og fantasien var stor når det gjaldt å finne løysingar på korleis ein skulle få høyrte på radio. I «Røysegeilo» nedpå Medhusjordet var ein gøymestad for radio. Bakom den steinen som er merka no, ser du ein fint tillaga rom der Osvald Medhus hadde plassert ein radio. Så var det om å gjera å ha ærend ute til dei tidene sendinga frå London kom, slik at ein kunne få med seg siste nytt frå krigsfrontane. Det blir også fortalt om folk som hadde gøymt radio i utedoen sin, og det vart etter kvart noko påfallande at dei måtte på do til same tida kvar dag! Når du er komen fram til Medhuskrysset er det ein flottandes tur å gå nordover (vestover) til Slåtto. Dei husa som står på gardane er omtala under den alfabetiske delen, her er berre kort nemnt nokre andre. Norda Skriu står det ei gamal hallingstugu som i si tid var flytta hit frå garden Jorde. Når du har passert Myljo Halingsstad vil du kunne skimte grunnmurane av eit hus litt nedi skogen. Dette huset tilhørde Olav Rudningen. I 1968 måtte han og Sander Halingsstad som hadde hus ovanfor vegen her, begge to flytte frå husa då det hadde rasa ut ein stor stein frå Ørneberget. Geologar slo fast at det kunne koma større ras, og dermed vart det riving av hus og flytting. Olav sitt hus står i dag sør for søre Slåtto som bustadhus, det vart kjøpt og flytta dit av ein amerikansk professor til feriestad. (Professor Chapman). Sander sitt hus vart hytte på Holsåsen. (Egil Sæther) Eit svært fint utsiktspunkt har du på Solbergo rett nedanfor Nordre Halingsstad. Mellom Søre Halingsstad og Nordre Halingsstad ser du framleis ein del av den gamle ålmannavegen. Tek du fyrst turen oppover her så hugs for all del å gå ned på Husaraberget og opplev ein storslagen utsikt over Holsbygda

2.4: Blomstugu

Den kvite vesle stugu du ser her, heiter i daglegtale «Blomstugu». Namnet har den fått etter Johan Larsson Blom, født i Blomskog i Sverige 27. april 1865 og norsk statsborgar frå 20. august 1903. Johan Blom kjøpte Blomstugu av Pål Knutsson Mehus den 5. april 1908 for 240 kr. Inntil då budde Ole Hansen Klemmen (Billebråten) med familie i stugu. Blom budde her frå 1908 til han døydde i 1946 Han var gift med Ingebjørg Maurebråten frå Rukkedalen i Nes. Johan Blom kom hit til Hol som jordarbeidar, og var blant anna med å bygde vegen opp til Vasstulan før han kom hit. Han var djupt religiøs og var sentral i den vekkinga som gjekk over bygdene i 1910. Her var det samlingar både i og omkring Blomstugu der folk song religiøse songar. Blom hadde ei fantastisk songstemme seier dei som hugsar han. Han var svak-synt, men i den tida kunne han ikkje vise det til nokon. Det ville

vera det same som å miste arbeidet, og ikkje noko sosialvesen stod klar til å yte stønad til Johan den tida. Derfor var kona Ingebjørg alltid med Johan då han var ute på jordarbeid. Ho såg for han...

Johan var ein staseleg og flott kar, og i den tida han gjekk på friarføter til Ingebjørg, som den tida tente på ein gard i Tunhovd, fekk han merke kva det kunne vera å koma som svensk rallar og fri til jentene som høyrde bygda til! Han fekk gong etter gong unggutane i bygda etter seg, og dei fleste gongene slo Johan godt frå seg, sterk som han var. Men ein gong var det fleire i bygda som hadde bestemt seg for å ta denne svensken som ville reise med ei av jentene i bygda. Dei var samla såpass mange at dei fekk gjeve Johan duveleg juling, og det er frå dette basketaket at det dårleg synet til Johan kom. Men Johan fekk si Ingebjørg. Dei gifte seg i Uvdal kyrkje jonsok 1893, og dei vart eit flott par! Blomstugu er opprinneleg ei stugu som stod på garden Helling og er så langt ein veit truleg bygd om lag 1660. Stugu er bygd på den måten at veggene hallar innover. Denne byggjemåten vart brukt for at vatnet ikkje skulle renne etter veggene, men dryppa av frå dei øvste stokkane.

Blomstugu vart flytta dit den står i dag tidleg i 1890 åra etter at innehavarane av Myljo Medhus hadde kjøpt stugu av Sven Tufte. Garden Myljo Medhus vart skilt unna Søre Medhus i 1817 då dottera på søre Medhus, Gro fekk nordre delen av søre Medhus og saman med mannen sin, Eirik Olsen Nerol bygde opp garden Myljo Mehush. Gardhusa låg i klynge saman med husa på Søre Mehush inntil søre Mehush vart flytt sørover i 1860 åra. Att på



*Blomstugu slik ho såg ut før snøen knekte den fine gangen.
Johan og Ingebjørg står på trappa.
Foto: Ukjent. Utlånt frå Hol bygdearkiv.*

Myljo Mehus litt framanfor der Blomstugu i dag ligg, stod det då att ein stor flott stugu som hadde vore i bruk som Tingstugu i eldre tider og som var i bruk som skulestugu i åra 1863-1867, då det første offentlege skulehuset i Hol vart bygd. Tingstugu vart riven i 1880 åra, men det store stuguskåpet frå denne stugu fins enno på Medhus. Myljo Mehus var det slutt på som eigen gard i 1908 då Pål Knutson Nordre Mehus kjøpte både husa og grunnen. Blomstugu vart etter Blom sin død overteken av Ingvald Medhus og kjøpt av Pål K Medhus i 1963.

Litt om dei andre husa på Medhus: Eldhuset til venstre er flytta dit det står i dag i 1916 og det er ukjent kor gammalt det eigentleg er. Stolphuset er frå 1773. Bustadhuset er ei ombygd hallingstugu frå 1917, bygd av Ola V Hallingstad for Knut P Medhus – ombygd i 1976, låven og fjøset frå 1927. I rommet som er under låvebrua stod det under krigen tyske hestar ei tid. Det store, kvite huset til høgre på garden høyrer ikkje garden til no, men er ei ombygd hallingstugu opprinneleg frå om lag 1860 og var våningshuset på Søre Medhus som vart innlemma i Nordre Medhus i 1950. Det gamle loftet på Medhus står på Hellinghaug hjå Osvald Medhus, flytta dit i 1961, bygd i 1790. Nyehuset er frå 1973.

På jordet like nedanfor låven og fjøset vart det sommaren 1998 funne restar etter ein jarnvinneomn som kan ha vore i bruk så langt tilbake som på 500 talet etter Kristi fødsel.

2.5: Loftstugu på Søre Nestegard

Loftstugu på Søre Nestegard er den einaste av desse særmerkte bygningane som står att i Holsbygda. (I tillegg står det ei på Nordre Slettemoen i Mogrenda). Den er bygd i 1781 av Andres Olson Nestegard, (1717–97). Andres var den som flytte garden Nestegard frå Norda Skriu til der den ligg i dag. Flyttinga var nødvendig fordi garden Norda Skriu stadig var utsett for skrelaup (ras) om våren. Av same grunn vart også Nordre Nestegard flytta dit den ligg i dag på om lag same tid, i 1750 åra.

Ei loftstugu var ei type stugu som det på 1700 talet var ein «mote» å byggje på dei likaste gardane. Loftsstugu er som namnet seier ein kombinasjon av loft og stugu. Nedre delen har same romordninga som den vanlege holingsstugu med gang, stugu og kleven. Oppå stugu vart det så plassert ei andrehøgda. Denne gjorde teneste som opplagsrom, gjesterom eller soverom. Trappa opp til andrehøgda går nesten alltid opp ute. Ei loftstugu hadde rear *) på 2 eller 3 kantar som på eit anna loft.

Bislaget framom dørene til fyrste høgda på loftsstugu er nok bygd på seinare. I denne stugu har det vore butikk. 26. november 1869 tok Andres Sanderson Nestegard til med butikk som han hadde i eit av romma i loftsstugu og dreiv nokre få år. Nestegard var ein gard til i 1633 då garden vart delt ein søre og ein nordre. Hovudbølet gjekk til eldste sonen, og han overtok søre Nestegard. Det er utruleg lang familietradisjon med Søre

Nestegard. Dei Nestegardsfolka som har garden i dag er av same ætta som overtok garden i 1612, etterkomarar etter Asle K Nestegard, født 1560. Her er altså 440 års samanhangande familietradisjon! (Det er forresten på Søre Nestegard at me har den eldste tradisjonen for langeleikspel i Hol, attende til 1655) Dei andre husa på Søre Nestegard er bygd slik: Nyehuset 1985, hallingstugu ombygd i 1965, loftet om lag 1780, låven 1749, ombygd 1993 og fjøset 1981. Gardssmia som står litt ovanfor gardshusa er bygd i 1942. Her dreiv Ola (f. 1929) saman med Lars Seim (1892-1950) knivproduksjon fram til 1946. Dei sette saman knivar for Eirik Øvrejorde som hadde kjøpt delane ulike stader. Det vart produsert nokre tusen knivar her gjennom desse 4 åra.

*) rear: Hallinguttrykk for svalgang.

2.6: Øvremyro

Øvremyro har eit praktfullt gamalt tun og garden er nemnt i gamle papir tilbake i 1528 som Myrum. Myrum var ein såkalla fullgard på 24 løbbel. Garden Myrum låg øvst på myrane som var her tidlegare og har etter kvart fått namnet Øvremyro (Miere øffre). Lenger ned på jordet låg Nedremyr (Miere nedre). Den måtte flytte etter utskiftinga i 1911. Frå garden Myhre er det i 1868 levert inn ei steinøks frå yngre steinalder til Oldsaksamlinga. I 1702 vart det skilt ut ein ny gard frå Øvremyro, Nordre Øvremyro. Den vart seinare riven og flytt ned til det som no heiter Myro. Den første kjende eigaren av Øvremyro som er omtala heiter Olmod i Myrum (1528). Øvremyro har lang tradisjon som lensmannsgard i Holsbygda. Den fyrste som er omtala som lensmann heiter Torgeir Gulson Øvremyro, f. 1604, d. om lag 1675. Sonen Gul Torgeirson vart også lensmann. 2. kona til Torgeir, Margit Tolleivsdotter Uppsata frå Ål, var mor til den legendariske Blank Ola, som hadde mange år av oppveksten sin her på Øvremyro. (Vil du vita meir om Blank Ola, les boka «Villandane» av Lars Reinton). Den ætta som i dag sit med garden, kom hit fyrst i 1830 då lensmann Stein Steensen Øvremyro overtok garden. Han sette den til dels forfalne garden i svært god stand, bygde fleire nye hus både heime og på stølane, kjøpte ein god del utmark og dyrka opp nye areal.

Eigarar i dag er Torstein og Toril Seim, han av Steensenætta på morssida, og også han er i lensmannsyirket i Hol.

I og med at Øvremyro er av dei få gardane som er komplett med gamle hus, vil du her få litt ekstra om bruken av dei gamle husa på ein holingsgard i farne tider.

Stugubynaden er bygt av Stein Steensen Hamarsbøen, født 30.4.1798, d. 2.10.1871. Han var gift med Ambjørg Larsdotter Seim, f. 26.9.1801, d. 21.4.1872. Stein er den fyrste av Steensen ætta som kom til Øvremyro, og det er denne ætta som enno sit med garden.



Loftstugu på Søre Nestegard – den einaste i Holsbygda som står att. Foto: Arne E Grøvo. Utlånt frå Hol bygdearkiv.

Stein utvida og forbetra Øvremyro mykje. Han kjøpte innåt mykje utmark, og husa som var til nedfalls, tok han ned og bygde opp att eller bygde nye. Stugubyggnaden er bygd frå nyo av Stein. Den var større enn det som var vanleg på gardane. Dette fordi Stein var lensmann i bygda, og han bygde derfor så stort at han kunne ha rettsmøte og forhør i huset. Det var i søre (austre) delen av stugubyggnaden at rettsmøta og forhøra gjekk føre seg, og her er det framleis som det var på Stein sine dagar.

I gangtaket på bygnaden er det brukt ein del eldre, rosemåla bord med dragemønster, truleg frå ei eldre stugu som har stått på garden, mogeleg i slutten av 1600 – tidleg 1700 talet. I samband med skiftet etter Ola Olsen 9.6.1756 er det nemnt ei måla stugu. Stein vart lensmann i 1823 og var det til han døydde i 1871. Sorenskrivar Poppe har sagt om Stein at han var «den gløggeste lensmann i sorenskriverdømet».

Arresthuset er opprinneleg ei stugu som stod norda Skriu. Som lensmann ville Stein ha det som følgde med yrket så nær opp til seg som mogeleg. Arresthuset er truleg sett opp her om lag 1840, og sett saman av to hus, stugu frå Skriu og deler av stugu frå Nordre Øvremyro. Det er restar etter frodig rosemåling i taket og på veggene. På ein bjelke som vart funnen i golvet med rosemålinga ned står: «Bekostet og maalet av oss, Hermun og Guro Sjugurdsdatter». Hermund hadde Øvremyro og var født i 1732. Stugu har jarngitter for vindaugo for å vera rømningssikker. I nordre(vestre) delen av arresthuset er det eldhus som gardsfolket brukte. Arresten er i søre (austre) delen av huset. Når det vart for kaldt om vinteren hende det at arrestantane fekk koma inn på eit loft i bygnaden.

Huset er dei siste åra restaurert av Hol museum, som fekk det i gåve av Steen Steensen Øvremyro. Ambjørg Øvremyro, lensmannskona, var kjend for å vera ei godhjarta og skjønnsam kvinne. Det er sagt at ho ofte gjekk ned til arrestantane som sat i arresthuset med ekstramat.

Loftet var alltid i 2 høgder med svalgangar. Det står helst på dreia trestabbar som er laga slik at mysene ikkje kom inn. Derfor ser du også ofte at det er ein glip mellom dørhella og dørøpningen – over den greidde ikkje musa å hoppe!

Fyrste høgda på loftet heiter bua. Her var opplagsrom for kjøt, mjøl og korn. I andre høgda – loftet – stod kistene fulle av klede og utstyr.

Over slindane hang skinnfellar, åkle og kvitlar *). Her stod sendingskorgar **), dyller ***) og anna som vart brukt ved spesielle høve. Her var også senger til rakstejentene ****) som sov der om sommaren. Den var nok ikkje sjeldan at det var noko nattefrii i den tida onnejentene låg i loftet.....

I loftet var det også gjestesenger, og brura vart pynta til gjestebodet her. Brudgommen skulle ikkje sjå brura før i kyrkja!

Svalgangen gav ly for rommet innanfor, men var opprinneleg laga som vern når det kom ufred og fiendar . Seinare var det og turkeplass for huder og skinn som vart spent opp på veggen med trenaglar. Svalgangen kunne også vera lagerplass for trematerialar og anna. Loftet er flytt dit det no står av Stein Stensen Øvremyro i 1840 åra, men bygningen er eldre enn det, truleg frå 1700 talet.

*)Kvitil: Heimevevd ullteppe. **)Sendingskorg: Sveipt trekorg med hank. Denne hadde ein med seg til gjestebod og gravøl med sending; mjølkeprim, vaflar, rummebrød eller lefsekling.



*Gamle tunet på Øvremyro er lite endra dei siste 100 år.
Foto: Jan Robert Wick.*

))Dylla: Lagga, vakkert måla eller svidekorert trekjerald på 3 bein med lok og flate gjorder. Brukt til sending ved gjestebod, barsøl eller gravferd. *))Rakstejente: Jente som tok seg sumarjobb å raka i slåtten på garden.

Stolphuset står ved sida av loftet, slik skikken var på dei gamle holingsgardane. Stolphuset er eit einetasjes hus med svalgang. Også det står på dreia trestabbar av dei same grunnane som for loftet. Funksjonen til stolphuset er dei same som for 1. høgda på loftet – bua. Her var bølu *) for ymse slag mjøl, nuv **) og bølu for korn og store holkar ***) for salta kjøt og brødholk med flatbrød. Langs slindane hang det skinker, fenalår og pølser.

Det kunne vera fleire stolphus på ein holingsgard: Kårfolket hadde sitt og ungkarane kunne ha sitt!

Også stolphuset på Øvremyro vart flytt av Stein Steensen i 1840 åra, men er truleg bygd sist på 1600 talet. Det er nemnt i delekontrakt i 1756 som «et lite stolphus». Over døra til stolphuset kan ein sjå restar etter tjørekrossar. Desse vart måla for å verne det som var i huset mot jolereie (Åsgårdsreie) og «vonde vetter». Stolphuset er gitt til Hol bygdemuseum.

*) Bølu: Mjølboølu – kiste med 3 rom til ymse slag mjøl – kødnboølu: kiste med eit rom til korn. **) Nuv: Stor uthola trestokk, gjerne av osp, til oppbevaring av korn.

***)) Holk: Eit større lagga kar.

Fjøsset på Øvremyro er bygt mens Stein Steensen hadde garden, og det ber årstala 1842/43. Den kjende timremannen Sjugurd Teigstugun timra det opp.

Fjøsset på holingsgarden hadde ofte 2 avdelingar. Den innerste delen var for ungdyra. Over her var kalvehjallen *). Her sette dei opp dei vårbærte **) kalvane, for her var det varmt og godt. Dei fekk drikke gjennom den firkanta opningen i små karsakar ***). Opppe her stod dei til løysinga ****).

I fremre delen stod dei vaksne kyrne, og over her var sengehjallen. På den var det soveplass om vinteren for ungdom, tilhaldsfolk og budeia. Ofte var der og der også peis for varmen sin del og til å koke syrpe på. På søre vegg i fjøsset på Øvremyro er det sett inn eit lite glas – noko som er heilt uvanleg på gamle fjøs. Grunnen skal vera at lensmann Stein Steensen Øvremyro, som ofte fekk besøk av embetsmenn og andre viktige personar, ville ha varsel om det kom slike etter vegen. Tenestejentene, som ofte budde på fjøshjallen, kunne gjennom dette glaset sjå kva folk som kom og så varsle lensmannen.

Fjøsset er restaurert tidleg i 1990 åra av noverande eigar.

*)Kalvehjallen: Eit golv oppunder raustet inst i fjøsset. Oppå her var småkalvane. Drikke fekk dei gjennom ein opning i vegg.

**))Vårbærd: Når kyrne skulle ha kalv om våren var dei vårbærde.

))Karsak: Lagga, ovalt trekar med eit handgrep. Til å gi kalvane drikke i. *))Løysinga: Vårsleppet, når dyra vart sleppte ut på vårbeitet.

Låven på Øvremyro er større enn det som vanleg er på eldre holingsgardar. Den er delt inn i ulike delar som har kvar sin funksjon, og den er i 2 høgder med køyrebru opp til 2. høgda. Rommet i fyrstehøgda i midten er underlåven. Her var og rom for høy. Midt i andre høgda er treskelåven. Her treskte dei kornet om vinteren. Kornbanda vart lagt i ring midt på golvet og 2 mann treskte med tust. 3. delen av låven er kødnbrøtet. Her vart kornbanda , det utreskte kornet, oppbevara. Underst var det eit lag med høy. Oppå der låg kornbanda i ring med aksa inn mot midten og halmen ut mot veggen slik at musa ikkje så lett skulle koma til å øydeleggja det verdfulle kornet. Inntil låven er det 2 skykju*), eit tømra utbygg med skråtak til oppbevaring av laukverv, lauv og anna.

Låven på Øvremyro er sett opp av same timremannen som sette opp fjøset, Sjugurd Teigstugun i 1842/43. Restaurert 1997 av Torstein Seim.

*)Skykju: Tømra tilbygg på ein låve med skråtak til oppbevaring av høy og lauvkjerv.

Badstugu på Øvremyro ligg ovanfor den nye låven. Som namnet seier vart hustypen opphavleg brukt til å ta badsstugubad i. I Hol døydde den skikken ut ein gong på 1700-talet. Dermed fekk huset ein ny funksjon, men beholdt namnet. Badsstugu vart då eit turkehus for korn og malt. På langveggane vart det sett inn breie turkehjallar, og midt på golvet ein omn av stein, som heldt godt på varmen. Her er ingen ljore eller pipe, så lite varme gjekk til spille.

2.7: Gamlestugu på Myro

Gamlestugu på Myro er bygd av Asle Knutson Myro om lag 1840. Asle Myro var fødd 19.10.1811, og var ein markert personlegdom i bygda, aktivt med i bygdestyringa og ein dugande bonde. Stugu har ein svært sentral plass i bygdesoga. Asle Myro hadde ingen til å overta garden etter seg, og han selde derfor garden til Kyrkjedepartementet i 1870. Dei var på leit etter ein stad presten i det nye prestegjeldet kunne bu. Dermed vart denne stugu den aller fyrste prestebustaden etter at Hol vart eige prestegjeld i 1870. Det var presten Lorentz Holtermann som budde her i to år saman med familien sin. Presten fungerte også som postopnar i bygda, og denne stugu er såleis det fyrste postopneriet i Hol kommune.

Asle Myro var også den fyrste landhandlaren i Hol. Han fekk handelsbrev 1.2.1860, og dreiv handelen i denne stugu fram til 1866. Huset er derfor også Hols fyrste butikk/landhandel. Asle var ein mykje betrudd person i samfunnet. Han var med i det fyrste formannskapet i Hol etter formannskapsloven av 1837, og var sidan med i kommunestyret fram til 1864 og hadde mange offentlege tillitsverv.

Det blir fortalt at han særleg i sine yngre dagar var ein sprek



*Gamlestugu på Myro nyrestaurert i 1998 – eit godt stykke arbeid.
Foto: Jan Robert Wick.*

dansar, stor og sterk og glad i å gjera «tempu» (karsstykke). Ein uvanleg god danselått på hardingfele heiter Asle Myro, og er oppattkalla etter Asle Knutson Myro. Dette fordi dette var den låtten han likte best å danse til. I stugu står det framleis ein kubbestol som ber merke etter eit av karstykkka til Asle. Han lyfte denne digre kubbestolen ved bite tennene fast i ryggstøet – merke etter tennene viser enno.

Ætlingar av Asle tok att garden på odelssøksmål i 1871. Stugu er restaurert og flytt dit den no står i 1996 av Asle Slåtto Mørk og Arnfinn Mørk.

Myro låg tidlegare vestafor dagens Øvremyro, bygd opp av Torgeir Gulson frå om lag 1702 og då kalla for nordre Øvremyro. Knut A Myro flytte om lag 1820 garden dit den er i dag og den fekk då namnet Myro, eller «Ne`pågarden»

Bustadhuset på Myro er opprinneleg bygd i 1912 og påbygd i 1950 (av Pål Myro) og restaurert i 1985. Loftet er frå 1927 og her er det brukt ein del tømmer frå dei gamle husa på Myro. Både bustadhuset, loftet og den gamle låven som no er borte vart bygd av Ola T Myro. Nyefjøsset på garden er frå 1980. I si tid var det 3 stolphus på Myro – ungkarsstolphus. Det var nemleg så mange lauskarar her, og skikken var at kvar lauskar skulle ha sitt stolphus.

I loftet på Myro skal det spøkje... Olaf O Nestegard f. 1921 fortel til Osvald Medhus 3.11.1992 følgjande: *«Eg arbeidde i slåtten på Myro og hadde siti inne saman med bl.a. Arnfinn og Pål Myro og svalla om lite tå kort. Dette var på haustakanten og det vart tidleg mørkt. Eg låg i loftet, og gjekk dit for å leggja meg litt ut på kvelden. Drog døra godt innåt, låste og la meg nedpå. Knut Bergli*

hadde sagt han ville stikke innom denne kvelden for å svalle litt. Eg hadde ikkje meir enn lagt meg nedpå og var framleis heilt vaken då eg hørde det gjekk i loftstrappa. Tenkte det var Knut som kom, og venta på at han banka på døra. Men det banka ikkje på. I staden glei den låste døra opp og ein person kom bort til senga mi og kviskra at eg måtte bli med utanfor for det var noko han ville syne meg. Han kom så tett innåt meg at eg kjende pusten frå han. Eg vart livandes redd og gjorde korsteiknet slik eg hadde høyrte ein måtte gjera dersom ein kom ut for spøkeri. Med det same kvarv personen bort, og eg hørde berre braken nedi bun då han gjekk gjennom golvet. Det vart lite med søvn denne natta, og eg torde ikkje fortelja dette til nokon, dei ville sikkert berre le av meg! Mange år seinare fortalde Halvard Søndrol at «Malle Sveidn» (1843-1917) hadde siti i Kyrudalen og fortalt at han hadde møtt spøkeri i same loftet eingong han var på Myro som slåttekar, og soga han hadde fortalt var på prikken lik det eg opplevde. Halvard hadde ikkje høyrte om mi oppleving, for eg hadde ikkje fortalt det til nokon! Eg har høyrte at dersom døde folk hadde lidi stor urett kunne dei gå att etter seg på denne måten og ville ha med seg folk for å vise dei sanninga», fortel Olaf O Nestegard. Dette skjedde i 1941, då var Olaf (også kjent under namnet «Laffe») 20 år gamal.

2.8: Gøymestaden til Fange Liv

Soga om Fange Liv – Liv Engebretsdotter har fenga mange gjennom tidene og nokre år sidan vart det eiga bok om Fange Liv skriven av Kåre Olav Solhjell med teikningar av Trond Andersson. Denne boka vart opp-
takten til skodespelet om Fange Liv som har vorte vist fleire gonger. Soga om Fange Liv skal derfor ikkje takast opp att her. Ho sat fengsla på garden til lensmann Pål Nedremyr mens ho venta på dommen, og bøndene som heldt vakt over fangen, har anten vore slappe med vakthaldet eller Liv har klart å få dei på si side – i alle fall fekk ho rømt ei natt. Rømminga var katastrofal for lensmannen som vart stilt i utsikt å miste embetet dersom Liv ikkje vart funne att. Mens bøndene og lensmannsfolka leita



I to døgn gøymde «Fange- Liv» seg her før ho kom seg over til Røldal.

Foto: Jan Robert Wick.

som verst i eit par dagar, gøymde Fange Liv seg i den hola eller skorta du no står ved her litt ned og vest for dagens Myrogard. Den var i si tid stor nok til å huse Liv i 2 døgn, og var kanskje då også overgrodd av buskas slik den er i dag – det var godt å gøyme seg i for Liv i så fall. Ned til hola var det glatte fjellet så det var kanskje ingen som tenkte på å leite her? Lensmannsgarden Nedremyr låg den tida berre eit par hundre meter ovanfor her mot nordvest, så Liv kunne følgje godt med i korleis leitinga gjekk føre seg og visste når det var stilna av. Sidan rømde ho over fjella til Røldal – resten av saga kan du lesa i Holsboka eller i boka av Kåre Olav Solhjell.

2.9: Nedremyr

Nedremyr vart skilt ut frå Øvremyro i mellomalderen og låg inntil 1918 nedst på jordet til Øvremyro. Utsiftinga av innmarka og utmarka til dei tre Myrogardane førde til at Nedremyr måtte flytte til Storetræet, der den ligg i dag. Loftet på Nedremyr er bygd i samband med denne flyttinga, og det er flytta på nytt og restaurert i 1990. Ein av stolpane på loftet ber årstalet 1698 og viser til det året det opprinneleg loftet vart bygd av lensmann Pål Eivindson Nedremyr (1640-1732) som åtte både Nedremyr, søre Medhus, myljo Nerol og Kvamen.

Hovudbygningen på Nedremyr er bygd i 1924 og modernisert i 1980. (Dei fyrste åra på den nye garden budde sjølvfolket i eit gamalt eldhus). Driftsbygningen er bygd i åra 1959-64 og erstatta då den tidlegare driftsbygningen frå 1918 og er påbygd i 1980. Ætta som i dag har garden har siti med den i ubroten rekkje sidan om lag 1560.

Om gamle Nedremyr er det fortalt: *«Ein kveld i gamle dagar kom det ei framandfente*) – sigøynerske – til Nedremyr til ein busete**) som budde der. Framanfenta var ikkje gamal, men som fant flest hadde ho sekk og stav. Dette sette ho frå seg og so sette ho seg sjølv i kubbestolen ved peisen og sa: «Her set eg min sekk og min stav, og her vil eg vera til min døyand dag»*

*«Te helvetis med deg, di fantekjering» sa *buseten, sprang opp or sengi og heiv sekken hennar ut på dørhella. Men med det same sekken tok hella hørde han det skrangla og song i sekken som han skulde vore full av sylvpengar. Då tenkte buseten seg um, gjekk ned i fjøset til budeia og bad henne stelle til mat og seng, for det var kome ei fente til gards, sa han.»*

Endskapen vart at Nedremyrbuseten og fenta vart gifte og han fekk så mange pengar med henne at han løyste seg or all gjeld han var i på garden og hadde mange pengar utanom – kor mange visste ingen.

Sigøynerska planta ei bjørk der på garden og denne bjørka vart både stor og frodig. Ho bad om at ætlingane der på Nedremyr kvar haust måtte hegne og stelle vel med henne *«for so lenge denne bjørka står i trivnad skal det ikkje vanta noko på*

Nedremyr» sa ho. (Bjørka er no borte og Nedremyr er flutt som tidlegare nemnt). Bjørka var eit kjent trekk i bygdabletet blant anna i påsken – påskeeftan var Nedremyrbjørka full av dører***) som gutane hadde stole frå jentene natt til påskeeftan.

Ei lita soge er knytta til ein av åkrane som høyrde Nedremyr til mens den låg nedst på jordet her på Øvremyro. Åkeren heiter Loftsåkeren, og ein seinsommarkveld hadde det nok foregått visse ting i åkeren. Det var ei tydeleg «legu» etter viraken midt i kornåkeren som gav klar beskjed om at her hadde eit par hatt ein hyggeleg samankomst. Ingvald Medhus (f. 1909) fortalde at når åkeren skulle skjerast om hausten, så let karane denne legu stå att som eit minne om seinsommarkveldhendinga i Loftsåkeren... alle visste kven som hadde vore der!

*)Fente: Ei fente er ei framandjente som går i framand kledebunad – høyrde ikkje heime i Hallingdal.

)Buseten: Bonden på garden – den bufaste som hadde sete på garden. *)døs: Kjole, stakk

Når du ruslar vidare langs Grendavegen frå Nedremyr vil du snart passere Sindrolsgardane. Om husa på gardane står det lenger bak i heftet og me har også vore inne på at Sindrolsgardane er dei eldste gardane i Hol. (sjå innleiinga om dette). Danseplassen i Lunde og på Seimsberget ligg også etter denne ruta (sjå under Danseplassar).



Holsbygda om lag 1885 sett frå Sindrol.

Ganske midt på bildet ser du Nedremyr der den låg før den vart flutt og Nedremyrbjørka ser du også godt. Legg elles merke til «Kongevegen» frå 1826 der den stryk seg fram etter Holsfjorden.

Foto: Ukjent. Utlånt frå Hol bygdearkiv.

2.10: Salutteringshola og avrettarstaden på Seimsberget


Den eldste ridevegen – Ålmannavegen – gjekk ikkje nede ved fjorden slik dagens riksveg 50 gjer. Den gjekk opp aust for Seimsberget og ein avstikkar gjekk ned att på Seim mens vegen heldt fram innom kvar gard nordover Holsbygdas øvre grend. I dag kan ein framleis følge litt av denne vegen frå Sørheim over Seimsberget nedanfor Lunde og ned til Seim. Det fins også restar av vegen her og der oppover øystre dalføret. Eg har prøvd å vise på kartvedlegga omtrent kvar Ålmannavegen gjekk, sjå dette og innleiinga. Dei 3 hola som her er laga i fjellet er salutteringshol. Dei vart brukte til å saluttere for brudeparet når dei reid til eller frå kyrkja, som i den tida var Hol gamle kyrkje som då var den einaste kyrkja for heile Hol. Ein salutt avfyrt her var eit slags «lykke till!» Men det har også foregått tragiske hendingar i dette området. I 1625 var det Ola Person Seim (f. 1570) som hadde garden Seim som ligg like vest for her du no står. Broren til Ola, Asgrim hadde garden Rue. Kva som låg bak, er noko uklart – det var kanskje avundsjuke overfor broren som hadde den fine, flate og lettstelte garden mens han hadde den brattlendte, tungdrivne. Bonden på Seim var rik, Ruebonden var det ikkje. Asgrim i Rue og dei to sønene hans leigde ein mann til å ta livet av Ola. Sønene til Asgrim var med på ugjerningen, og Asgrim ville også at dei skulle setja fyr på garden etter at dei hadde teke eigendelane til Ola, men den eine av sønene hindra dette.

«Det er ille nok det som er gjort no», sa han. For dei orda fekk han behalde livet. Dei to andre vart dømde frå livet og halshogde her du no står og her vart hovuda deires sett opp på stake. Sonen ville gjerne til mor si å beda velleva før han vart halshogd. Mora sa då: «Det er best du går no, Per. Det er betre at du må vente på dei enn at dei skal vente på deg».

Kan hende det er på grunn av at Seimsberget vart brukt til avrettingar at det i si tid vart sett spøkeri her. Sander S Røo har fortalt at han og ein annan gut seint ein kveld om våren gjekk etter vegen nedanfor Seimsbergo. Brått hørde dei ein fæl dur nordafor seg. Dei gøymde seg bak ein stor stein i Svenskehølet. Det kom ingenting og dei gjekk lenger. Brått kom duren att, han kom sørover så småsteinen hoppa i vegen, iskanten i fjorden brotna, isstykkja vart kasta høgt i veret og datt ned att med brak. Til slutt grylte det som ein gris og så vart det stilt att. Gutane vart så redde at dei sprang av stad utan å sjå seg attende og torde ikkje gå frå kvarandre før neste morgon.

Garden Seim er der den ligg så fint til ved Holsfjorden av dei aller eldste gardane i Hol, truleg like gammal som Sindrol. Namnet tyder heimen ved fjorden/sjøen. Kyrkja åtte i si tid ein del i Seim, namnet Kyrkjeåkeren minner om det. Fyrste kjende eigar og drivar heiter Per Seim, om lag 1560. Sist på 1800 talet brann begge stovene på Seim ned til grunnen. Loftet som er bygd i 1669 av Ola S Seim, vart berga fordi dei velta det nedover.

Det er fortalt at det stod folk i 2 rekkjer ned til Holsfjorden og vassbyttene gjekk frå mann til mann, men elden fekk overtaket. Det heile hadde starta som ein pipebrann. Eigaren då, Knut Seim bygde opp att den hallingstugu som står der i dag om lag 1890. Han bygde også ny låve og sonen Vebjørn bygde fjøs og stallar inntil i 1931.



*Salutteringshola. (Her vart Per avretta i 1625.)
Foto: Knut Medhus.*

Turen går no vidare langs riksveg 50 og mot Gamlekyrkja att. Seimsbrua som du passerer, er bygd i 1952 av Oslo lysverker og Hol kommune i spleiselag. Samstundes er vegen på vestsida bygd – dermed var oppsitjarane på vestsida kvitt isvegen om vinteren og robåten om sommaren.

2.11: Heggland – Heggveit – Fagernes

Dei tre husa som du no vil passere, er på mange måtar bygd i same stilen om enn med nokre års mellomrom.

Like vest for Seim ligg husa som tidlegare kontorsjef i Hol kommune, Olav Kirkeluten bygde i 1936. Det raude uthuset her vart brukt til samlestad for alle radioar tyskarane samla inn frå folk under krigen her i bygda, og det er fortalt om folk som sneik seg inn her om nettene og forsynte seg med radioar!

Nabohuset til «Heggland» er huset til tidlegare lensmann Tvedt, «Heggveit». Han var i mange år lensmannsdrang hjå lensmann Steensen og overtok lensmannsembetet etter han i 1925. Tvedthuset er som du ser bygd i nesten same stilen som «Fagernes», og også det er bygd av byggmeister Hæhre i 1930. Loftet er bygd i 1930 av solid tømmer frå Sudndalen av timremannen Asle Slåtto. Framfor huset mot riksvegen er det uvanleg fine gråsteinsmurar, dei er mura av Peder Halingstad, som var ein framifrå gråsteinsmurar.

Fagernesbygnaden er bygd i 1916 av byggmester Hæhre for lensmann Ole Steensen Øvremyro.(1861–1942) Han var lensmann i Hol frå 1909 og etter å ha budd i andre høgda på Solbakken (Sundrebygnaden) kjøpte han i 1914 5 mål her. Uthusa kom opp i 1918. I reisverket på våningshuset er det brukt materialar etter den gamle låven på Seim. Dottera Hjørdis overtok eigedomen i 1941 saman med mannen Gunnar Gunnarson (1906–1953). Gunnarson var utdanna kunstsmed ved Norsk kunsthåndverkskule på Voss. Eit par år dreiv han verkstad i heimbygda Aurland, og frå 1930 dreiv han kunstsmedverkstad ved Mobrua saman med Nils Reinton. I 1931 bygde han eigen verkstad på Fagernes og dreiv kunstsmedverksemda si her. Her vart produsert svært mange ulike smijerngjenstandar under fellesnamnet «Halling Smijern». Det var 3-4 mann i arbeid her på det meste og varene vart levert over heile landet. På den fyrste varemessa for Hallingdal på Gol 1936 fekk han gullmedalje for produkta sine. Gunnar Gunnarson vart blind dei siste leveåra. Smia vart riven i samband med omlegginga av Rv. 50 i 1993.

Fagernesbygnaden har nok vekt noko oppsikt i si samtid, i bladet «NU» av 4. april 1916 skriv Mehlum bl.a.: «*Lensmand Steensen i Hol har bygd sig en ualmindelig vakker villa ved Almandveien nedenfor Sønderaal, like ved Holsfjorden. I første etage er der foruten 2 entreer, 3 værelser og kjøkken, nemlig dagligstue, spisestue og kontor. Ved siden av kjøkkenet er der*

spiskammers. Værelsene er store, lyse og lette. Ovenpå er der 3 koselige soveværelser samt et godt mathus. I 3dje etage er der tørkeloft. Og så er der gamle kjellerlokaler hvor Samson kunde gått uten å bøye sig. Foruten potetskjelder er der 2 store rum til å sette ifra sig ting og til reparationsverksted. Og så er der et rummelig bryggerhus der nede. I anden etage er der også vassklosett og badrum. Amtsagronom Mondrad har leveret tegning til huset som er opført og innredet av byggmester Hæhre. Arne Elven har utført malingen – alt er utmærket arbeide. Huset koster 10 600 kr foruten det ret store planeringsarbeidet»



*Heggtveit og Fagernes – 2 flotte hus som er tekne godt vare på.
Foto: Jan Robert Wick.*

2.12: Søndrål Ljåsmie

Lars S Søndrål tok til med ljåsmiing i nybygd smie heime på Søndrål i 1935. Han bygde ny smie nede ved Holsfjorden – den som framleis er i bruk (1999) i 1958. Då Lars tok til å smi ljår, var det mange gode etablerte smedar i Hol, men Lars sine ljår fekk eit godt ord på seg og selde svært bra. Lars har pr. 1997 smidd ljår i samfulle 48 år – ingen smed i Hol har drive så lenge som han. Lars er den siste smeden i landet som lagar ljår med smidd stål innlagt. Lars Søndrål smir også framifrå knivblad.

«Steidne» heiter eigedomen som smiu ligg på og den kjem frå Nordre Søndrol, utskilt i 1948 og 1962. Våningshuset er bygd i 1947, stolphuset i 1976 og driftsbygningen i 1948.

Like nedanfor Steidne stod det tidlegare ei drikketron for hestar. Her skal det ha vore så godt vatn, fortel gamle hestekarar, at hestane alltid ville stoppe her for å drikke. Karet er borte, men vatnet er her – kanskje noko å byggje opp att? Inntil Sindrols-grove står det att festet til løypestrengen som i mange år gjekk opp til Søndrol. Den vart borte då vegen oppi gardane vart bygd sist på 1950 talet.



Smia til den siste ljåsmeden i Norge – Lars Søndrol.

Foto: Jan Robert Wick.

2.13: Solstrand

Sjugurd Sveinson Myro (1894–1965), opphavleg frå Myljo Medhus, kjøpte i 1924 litt av innmarka til Kyrudalen og bygde sjølv opp husa på eigedomen Solstrand. Låven og fjøset er bygd av dei gamle stallane med trev over som stod i prestegarden i Hol (bygd 1856). Stabburet kjem frå Ål. I 1936 kjøpte Herbrand Rue Solstrand etter at han same året hadde selt Søre Rue til bror sin Pål. Herbrand var ljåsmed og hadde bygt smie på Solstrand alt i 1928 etter at han hadde drive nokre år i Rue. Bygningen er mura av murar Oskar Åstrøm som den gongen var berre 17 år gamal! Håkon Eggen var handlangar. Her smidde Herbrand sine Rueljåar fram til 1977, og smiubygnaden står i dag slik den var når den var i bruk som smie. På det meste var det 3 tilsette her. Kona Kari var ei framifrå saumerske, ingen har vel sauma fleire Hols-kvinnebunader enn Kari.

Herbrand var kjend som ein svært avbalansert kar som det skulle mykje til for å vippe av pinnen. Men det skjedde i alle fall ein gong då ein kar kom til Herbrand og skulle få «sett opp» (slipt) steinborane sine. Karen var svært ivrig til å fortelja Herbrand om kva han skulle gjera og korleis, og etter ei tid snudde Herbrand seg mot han og sa svært klart og tydeleg: «F...., er det du ell e de e som e smed?» Karen tagna.



Smie til Herbrand Rue. Foto: Jan Robert Wick.

Ta no turen opp forbi Solstad og til Kyrudalen etter den gamle vegen dit den fyrste kyrkja i Hol skal ha stått.

2.14:Kyrudalen

Kor stod den fyrste kyrkja i Hol? Dette spørsmålet har oppteke mange i lang tid, og tradisjonsberaren Tor Villand (f. 1806) fortalde at den fyrste kyrkja stod på den haugen du ser litt aust for gardstunet i Kyrudalen. (vegen som går forbi kyrkjetomta heiter Kyrudalsvegen og er bygd i 1895-96). Haugen blir kalla for Kyrkjehaugen og øvst på garden finn me Presteølda. I denne kjelda skal dei i tidlegare tider ha henta vatn til barnedåpar i Gamlekyrkja blir det fortalt. Kyrkja som stod her, skal ikkje ha hatt kyrkjegard, dei døde vart førde over til den kyrkja som skal ha stått på Hovdegard i Vats. Kyrkja skal ha vorte teken av skred ein eller annan gong og førd på fjorden. Så vart det reist ny kyrkje på Tingvollane ved Hagafoss, fortel Tor Villand, og den vart også teken av skred og ført på fjorden. Sigurd Reinton meiner at kyrkja på Tingvollane var der før kyrkja i Kyrudalen.



Til venstre på bildet like nedanfor den gamle vegen skal den fyrste kyrkja i Hol ha stått. Foto: Jan Robert Wick.

Sagnet seier vidare at då ny kyrkje skulle byggjast i Holsbygda etter at raset hadde teke kyrkja i Kyrudalen, så hadde folket bestemt seg for at den skulle liggje ved Nerolshaugen (der no Prestegarden ligg). Men dei ville la dei underjordiske ta den endelege avgjerda, og la att reiskapane ved Nerolshaugen om kvelden. Dagen etter vart dei funne att lenger sør. Der vart det til at den nye kyrkja vart bygd, og her ligg framleis Hol gamle kyrkje. Men den fyrste kyrkja i Holsbygda låg kanskje på Kyrkjihaugen her i Kyrudalen.

Garden Kyrudalen.(Kyrkjedalen) blir også kalla Nørdste Sindrol. Husa vart flytta hit i 1869 etter at dei frå 1797 då Kyrudalen vart eige bruk, hadde stått i klyngetun saman med husa på Nedre Sindrol. Det var mykje strid om salet av Kyrudalen i ettertid, men fyrste eigaren Stein Nestegard vart sitande med bruket. I 1881 starta dåverande eigar Torleiv Sundre opp med butikk i kleven i den gamle stugu som opprinneleg var ei loftstugu som var endra ved flyttinga. Nyehuset er frå 1976 mens driftsbygningen er frå 1982. Fjøset, stallar og trev er alle dei same som vart flytta hit i 1869. Det eldste huset her er stolphuset frå 1743.

2.15: Mjølkerampa

Når dette heftet blir skrivi, finn me frå Djupedalen til Kleivi 3 mjølkeramper som er ganske godt i stand. Ein skal ikkje så altfor mange år attende før ein fann mjølkeramper langs vegane på nesten annankvar gard. Hit vart mjølkespanna som skulle til meieriet på Ål køyrt kvar einaste kvardag og lempa inn i rampa der dei stod og venta på at mjølkebilen frå Hol bilselskap skulle koma og ta dei med seg. Så kom dei i retur same ettermiddagen, reinvaska og klare til å fyllast opp på nytt med frisk mjølk frå buskapane i bygda eller fylte med returmjølk. Men ei mjølkerampe var ofte noko mykje meir enn ein stad der mjølkespanna og varer vart sette. Det var ikkje så uvanleg at bøndene møttest ved mjølkerampa når spanna skulle leverast eller hentast og det var nok mang ein dag at det vart lange svallar og diskusjonar bøndene i mellom ved mjølkerampene.



*Mjølkerampa har gitt rom for så mangt – her rampa
nedanfor Steidne bygd i slutten av 1950 åra av Pål Nedremyr.
Foto: Jan Robert Wick.*

Det er fortalt om bønder som hadde stillteiande avtaler om å vera ved mjølkerampa til same tid kvar dag for nettopp å kunne få svalle i fred! Mangt eit verdsproblem for ikkje å snakke om kommunale problem er nok løyst her! For ungdomane vart mjølkerampene ofte møtestader om kveldane – der fekk dei sita i fred med kjærasten eller med venneflokken og svalle om det som dei var opptekne av. Den mest kjende mjølkerampa i Hol i så måte er nok den store mjølkerampa som stod nedanfor Solvang og var felles mjølkerampe for bøndene oppi gardane etter at meieriet hadde forlangt samling av mjølkespanna på færre ramper – rasjonalisering må vite! Denne mjølkerampa opplevde å bli gjenstand for omtale i NRK sitt morgonkåseri etter oppslag både i «Busken» og «Hallingdølen» der den stod fram som ungdomssenteret i Holsbygda – eit stille opprør mot manglande vilje til å få til ein samlingsstad for ungdomen i bygda tidleg på 70 talet. «Busken» hadde fyrstesideoppslag 17. august 1971 og der kan ein m.a. lesa: *«Her kommer vi sammen hver kveld, så godt som alle mellom 10-12 og 17 år i hele Holet, Vi møtes gjerne ved 17 tiden, og er her til rundt om kl. 22-23, forklarte flokken vi traff. – Men det er vel bare i godvær? – Å,nei. Det er sommer som vinter, i solskinn, regn og snøstorm. Er været dårlig, kryper vi sammen inne i melkerampen så tett vi bare kan og koser oss i ly for været. – Ikke sjelden er det samlet opp til 20 av dem samtidig»*. Mjølkerampa oppnådde også omtale i ungdommen sitt eige blad «Det Nye» – og ungdomane nådde etter kvart fram med budskapet om ungdomssenter. Dei fekk eit rom på Holet skole. Seinare kom ungdomsklubben, men det er ei annan soge. Så får me tru at me kan få høve til å ha ei og annan mjølkerampe her i bygda i framtida og – den kan brukast til så mangt også for framtidas holarar!

2.16: Hol Menighetshus

Hol menighetshus vart innvigd 7. mai 1937 med biskop Johan Lunde som den sentrale gjesten. Det var Elling Olson Moslått (1860–1930) gift med Ågot Håkonsdotter Opsata (f. 1877) som gav startkapitalen til bygginga. Elling kom attende til Hol etter å ha vore mange år i Amerika og seinare i Nedre Eiker. Han kjøpte huset på Nesheim, og både han og kona Ågot vart mykje med i det kristelegte arbeidet i bygda. Elling spelte i Pengelotteriet og lovde at dersom han vann, skulle pengane gå til bygging av bedehus i bygda! Han vann, og gevinsten på 7000 kr. vart starten til Hol menighetshus. Birgit Anfinset gav også heile 5000 kr til bygginga. Huset er bygt av Knut Dalen, Asle Grøgard, Ola T Moen med Ole Steensen som leiar i byggjenemnda, og grunnmurane er sett opp av Tor Sletto og Tomas Sveinhaus.

Menighetshuset har gjennom tidene husa mange ulike aktivitetar, og fungerte på mange måtar som eit grendehus inntil Bygdahall vart ferdig i 1951. Småskulen heldt til her frå 1938 til 1955,

Her har vore ymse kristeleg møter, møter i ulike lag og foreningar, juletreffestar, basarar, morsfestar, hornmusikkøvingar m.m. og idrettslaget hadde bl.a. boksetrening her (vart stoppa då det var dei som syns dette var å gå vel langt i bruk av Menighetshuset). Tannlege Rusdal frå Geilo hadde også ambulerande kontor her nokre år. Under krigen 1940–45 var på mange måtar talarstolen her staden der det frie ord kunne seiast. Osvald Medhus las diktet «Jødens juleaften» her på ein juletreffest i 1942 – det enda med avhøyr hjå Gestapo i Drammen. På Menighetshuset har det også vore mange 17. mai festar og litt spesiell er nok 17. mai festen både i 1940 og 1945. Ja, dei torde faktisk ha 17. mai fest også i 1940 på Menighetshuset. Halmen etter tyskarane som hadde budd her 14 dagar, vart sopa i ein haug og plass vart det til alle som kom.

I Storesalen heng det ein flott bilde måla av kunstmålar Aslak Sandestølen frå Ål: «Jesus taler frå båten». Dette er gitt som gåve til Menighetshuset frå Aagot Raaen, ein kjend personlegdom frå det norske Amerika. Dei fine smijernsarbeida her er av Gunnar Gunnarson. Menighetshuset vart utvida med garderobe og toalett og fullt husvære i 2. høgda i åra 1966–68.



Hol menighetshus. Foto: Jan Robert Wick.

2.17: Nedremyrstugu

Denne stugu som ligg så flott til høgt der oppe er bygd av Pål Olson Nedremyr (1768–1834) i 1818. Pål O Nedremyr var ein av dei som var med i den såkalla Hoelrørsla i 1818 då bønder frå mange delar av landet gjekk i tog til Oslo for å avsetja dei styrande fordi dei la for harde skattar på bøndene. Dei vart arresterte og fekk store bøter, men Pål O Nedremyr vart ikkje knekt av dei!

Stugu er opprinneleg bygd på garden Nedremyr mens den låg nedst på jordet til Øvremyro og flytta hit om lag 1918. Den står på tomtene til stugu på den gamle garden Løingen. Det er ei spesiell soge knytta til stugu – djevelen sjølv skal ha synt seg her!



Nedremyrstugu- her har fanden dansa på slindane.

Foto: Jan Robert Wick.

Under Hans Nielsens Hauge rørsla som greip sterkt om seg også her i bygdene, bad Pål Nedremyr og Ola Sindrol saman bygdefolket til møte i denne stugu. Det vart eit møte med sterk forkynning og etter møtet sat Sindrol`n og Nedremyr`n att og svalla litt om det som var skjedd på møtet. Brått så dei styggen sjølv som sprang etter slindane i stugu og kvarv bort. (Fortalt av Pål Myro) Stugu er måla i 1818 av Christen Samuelsen Hagen født i Gudbrandsdalen. Opp forbi denne stugu gjekk det tidlegare ein stig opp til ålmannavegen ved Myro. Denne stigen var skuleveg for ungane som budde «oppigardane» mens Hol menighetshus var skulestad for småskulen fram til Holet skule vart bygd i 1955. Like til høgre for stigen opp frå Menighetshuset og til Nedremyrstugu under det bratte berget står det enno att av murane som stugu til Hågensen stod på, han var i si tid ein markert personlegdom i bygdabildet. Ola Håkonsen Viken (1857-1940) var snekker, båtbyggjar og spelemann. Han bygde seg hus her etter at han måtte flytte frå Viken og budde her aleine. På andre sida av fjorden sette han opp huset til Kari Vestafør. Dei hadde eit barn saman, men budde aldri i same huset. Men det vart nok mang ein tur over isen om vinteren eller over fjorden i båt sommarkveldane...

Den tida lensmann Kirkebøen fungerte her i kommunen som lensmann innsett av nazistysresmaktene under 2. verdskrigen, budde han i Nedremyrstugu. Det blir fortalt at han hadde forskansa seg svært godt her, han var heile tida redd for å bli likvidert. Glasa var forskansa med 2x4 tommars plank!

På veg mot Solfeng passerer du ei gamal utløe. Dette er den einaste av dei løene alle gardane oppi grenda tidlegare hadde som no står att. Namnet løing kjem av ei bratt slåtte med ei lu (løe) nedst, og me hadde i si tid Nedremyrløingane, Myroløingane, Mehusløingane og Nestegardsløingane, alle med løer nedst. Nokre av løingane vart etter kvart eigne bruk så som Fjordheim, Solbakken (Sundre) og Helling.

2.18: Solfeng – det fyrste «Kommunehuset» i Hol

Solfeng vart bygd i åra 1948-49 av Johannes Søndrol. Det var ein etter tida stor bygning som var tenkt til utleige av bustader i andre høgda. Men kommunen som den tida hadde kontora sine spreidd på mange stader i bygda, gjekk inn på ein avtale om å leige heile 2. høgda og kjellaren til sine kontor, og dei tok bygningen i bruk 1951. Då var for fyrste gong dei kommunale kontora samla på ein stad, og dei vart verande her til i 1957 då kommunehuset vart teke i bruk. I desse åra var det også kafé på Solfeng, drive av Ovidia Søndrol.



*Solfeng» med lœa nedst i Nedremyrlœingane i framgrunnen.
Foto: Jan Robert Wick.*

Vidare mot vest passerer du ein del hus som ligg fint oppe i hellingane. Herfindal sitt hus øverst er bygd i 1949, Magne Slettemoen sitt nærast vegen er bygd i 1947 mens Kolle bygde i 1957. Hammersbœnhuset nærast Medhusgrove er bygd i 1960.(sjå også flyfoto av desse husa på bildet av den fyrste barnehagen i Hol) s. 38)

2.19: Ringberg

Ringberg er bygd i 1936 av Olav P Slettemoen. Olav var drosjesjåfør. Bilen han brukte vart seinare bygd om av broren SIGurd til Hols fyrste traktor. Kona Mary dreiv kafé her frå 1937 til 1961 og fyrste vinteren var det også framhaldsskule her.



*Ringberg den tida det var kafedrift og overnatting der.
I bakgrunnen Ringakollberget. Foto: Arne E Grøvo.*

Mary tok ei periode også i mot gjester til full pensjon i påsken og om sommaren. I 2. høgda hadde Hol trygdekontor tilhald frå 1939 til dei flytte til kommunehuset 1959. Margit Endrestøl dreiv frisørsalong her nokre år. Under 2. verdskrig vart også Ringberg okkupert til å hyse tyske soldatar nokre veker, og i kjellaren her stod hestane «andføttes». Kvar morgon vart dei vaska i Medhusgrove som renn like forbi Ringberg.

Nedanfor Ringberg låg huset til Anna og Anton Dyngje. Han kom hit like etter 2. verdskrigen (1948) etter å ha arbeidd på Samvirkelaget på Ål. Bygde så bustadhus med butikklokale i 1. høgda der han dreiv til i 1972-73. Butikken vart drive nokre år til av Peder Rukke inntil omlegginga av riksvegen tok huset. På same sida av vegen litt lenger vest låg «Sirestugu», ei flott gamal hallingstugu som i mange år var feriestaden til familien Faye-Lund. I dag er «Sirestugu» vorte hytte på Holsåsen. I mellom Ringberg og Ringheim ligg det no eit ganske nytt hus. Det er bygd på tomte etter «Bergheim» som lærarinne Gurid S Aaker bygde like etter at ho kom til Hol som lærar i 1890 åra. Huset vart kjøpt av Halvor O Halingstad i 1920 åra, og like etter at han hadde kjøpt, vart telefonsentralen for Hol flytta hit. Her var den til 1950. Halvor Olsen var ein særst tenestevillig person som alltid hjalp til om det var eit eller anna med telefonen. Han hadde inga utdanning i dette, men løyste alle problem anten det var ute i stolpane eller innomhus. Halvor O var Hol idrettslags fyrste æresmedlem for stor innsats innan skiidretten gjennom mange år.

2.20: Hol Spareforening/Hol handelslag (Ringheim) og Ringbu

Forløparen til Hol handelslag, Hol spareforening er stifta i januar 1872. Det fyrste lokalet var i framstugu på Nerol, og Ola Larson Pålgard var fyrste styraren i Hol spareforening. I 1874 kjøpte dei ei stugu i Træet som var halvferdig, bygde den ferdig og flytte forretningen dit og Tollef Sundre (f. 1854) kom frå Ål og vart styrar. (Det er fortalt at Hol spareforening var stengd om sommaren slik at Tollef fekk unna slåttene). Gullik Gulsrud overtok etter Tollef Sundre som styrar i 1880, men krisetidene knekte Hol spareforening – den vart selt til styrar Gulsrud like etter at han hadde overteke som styrar. Han gjekk konkurs etter eit par år og flytte til Amerika. (1885) Huset vart selt til Pål O Slettemoen og pengane som Spareforeningen fekk for salet, vart sett til sides i Hol spareforenings fond.

Dei 4000 kr som vart til Hol spareforenings fond vart etter kvart startkapital både til den nye Spareforeningen, seinare Hol handelslag, og Hol sparebank. Det var også midlar frå dette fondet som gjorde at det vart kjøpt aksjar i Drammen Oplands Telefonselskap i 1894 slik at det kom ei telefonlinje til Hol. I 1898 vart det løyvd pengar frå dette fondet for å få skipa skoleboksamlingar i Hol – eit på alle måtar nyttig fond for Holsbygda.

Opptaket til den nye Spareforeningen i Hol vart teke på eit møte den 1. februar 1909. Då fekk ein komite som bestod av Sven Steensen, Ole O Reinton, Paul Villand, Ole O Larsgard d.e. og Nils Sveingard i oppdrag å greie ut om det skulle opnast ein filial under det «i fjor ved Geilo station oprettede Handelslag eller om det i tilfælde skulde oprættes et særskilt nyt Handelslag for Hols østre dalføre». (Det som idag er Geilo handelslag vart altså starta i 1908 som Hols handelslag). Nemnda kom fram til at det burde opprettast ein eigen butikk for øystre dalføret og at den «bør være i Holet i nærheden af Hols kirke». I eit skriv av 10. mars 1909 bad komiteen om at dei som var interesserte i dette, teikna seg som medlemmer. Det var lagt ut ei liste i alle grendene i Øystre Hol, og til saman 122 medlemmer teikna seg. På eit møte den 28. april 1909 vart det endelege vedtakett gjort, og av grunnane som blir brukt for å opprette butikken, finn me bl.a. avstanden til Geilo og «som den vesentligste grund for oprettelsen af en handelsforening også for Hols østre Dalføre ble anført at Landhandlerne i Distriktet holder mindre gode varer og som regel meget høje priser». Den nye forretningen kunne starte opp måndag 20. september 1909 i lokala til tidlegare Hol spareforening på noverande Hol pensjonat, som Pål Slettemoen hadde bydd dei å leige for 160 kr året i leige. Spareforeningen bygde då pakkbua like nedanfor pensjonatet, og Svein O Nestegard var den fyrste styraren i den nye spareforeningen. (Fram til 1918). Løn: 500 kr året + 1,5% av omsetninga.



Gamle Hol handelslag slik bygningen er i dag.

Foto: Jan Robert Wick.

Frå 1911 leigde dei hus i Tuftebua før dei den 15. november 1921 kjøpte tomta «Ringheim» av Erling Medhus for 6500 kr. Då var det ferdige murar til ny butikk der – det var brørne Erling og Herman Medhus som hadde planar om å starte opp butikk her i konkurranse med spareforeningen. Erling måtte i skøyte lova at han ikkje skulle selja tomter til andre forretningar som kunne konkurrere med Spareforeningen! Bygningen er teikna av Torleiv Reinton og bygd av Asle Slåtto, Torstein Seim og Sigurd Sundre og stod ferdig i 1922. Den inneheldt 2 butikkrom, 1 lagerrom, 1 kontor, 1 kjøkken samt 7 andre rom og 2 gangar – 3. høgda vart bygd på etter krigen – i 1946. Kostnaden med nybygget var 43281 kr.

Namnet Hol handelslag vart teke i bruk 1925. Det var som nemnt medlemmer i Hol spareforening frå heile øystre dalføret, men i 1922 skipa medlemmene frå Hovet og Sudndalen Sunhov handelslag etter ein del «dramatiske» møter.

I Spareforeningen vart selt alt som var nødvendig for å få eit bygdesamfunn til å fungere – frå spikar til dressar! Men bygningen husa også andre funksjonar. Frå slutten av 1930 åra var det her dei faste tinga i Hol vart halde. Her var rom til kommune-styremøta for Hol kommune inntil dei fekk bygd eige hus i 1957. Hol lensmannskontor har vore her, det same har Hol sparebank inntil dei bygde i 1957. Omlegginga av riksvegen forbi Hol førde også til at Hol handelslag måtte flytte verksemda si, og nytt bygg vart sett opp i 1981. Gamle handelslaget var etla til riving, men tida gjekk og ingen riving vart gjort. Solveig Treverket kjøpte bygnaden av Hol kommune i 1989 for 50 000 kr, og har sidan

gjennomført store vedlikehaldsarbeid. I dag er det rosemålarverkstad og utsal her i tillegg til fleire leigehusvære.

Hol handelslag måtte innstille drifta i august 1997 etter 88 års drift. Det nye bygget er framleis i bruk som butikk, men no drive av private.

Ovanfor gamle Hol handelslag ligg «Ringbu», huset til Anne og Ingvald Slettemoen, bygd i 1947. Dette skal vera det fyrste husbankhuset som er bygd i Hol. Ingvald og broren Magne skaffa seg materialar til husa sine ved å reise til Torpomoen og rive tyskerbrakkar som dei så fekk frakta hit og bygde sine hus av. (Også materiallageret til Torleiv Sundre sin snekkarverkstad var bygd av materialar frå tyskerbrakkene på Torpo.) Det blir fortalt av Ingvald under arbeidet med å bera alle materialane til huset opp den bratte bakken, fekk lovnad av Svein Nestegard om å låne hesten hans ein dag til å dra opp materialar med.

Lånedagen vart 1. mai, og godt var det, for det kom snø den dagen. Men ein ivrig sosialist såg at Ingvald dreiv og køyrde opp materialar på sjølvaste 1.mai, og det skal ha vorte ein hard diskusjon dei i mellom!

Mang ei mor har også slite seg opp her med barnevogn til dokter og helsesøster. Det var nemleg her doktorkontoret i Holsbygda var inntil me fekk eigen doktor i Øystre Hol i 1964. Doktorkontoret låg i kjellaretasjen og var bemanna 1 – 2 dagar i veka. Utleigeboka viser at doktorkontoret leigde i «Ringbu» frå 1.4.1948 (2 rom i kjellaren) til 6.1.1958. Så var det nokre år utan fast legeskontor i Hol. Etter ei noko vanskeleg episode på anlegget i Hol klaga Høyer Ellefsen (som var entreprenøren) på den dårlege legedekninga i Hol og Hovet, og det enda opp i bygginga av legebustaden ved Høgehaug som vart teken i bruk 1964.

I «Ringbu» var også Hol jordstyrekontor med den fyrste heradsagronomen i Hol, Halvard Gule frå 3.10.1948 til 20.8.1950. Frå 1.2. 1951 overtok Kaare Aasen og hadde kontor her til 6.1.1958. Med lensmannskontoret i nabohuset, Hol handelslag, vart det også buande ein del lensmannsfolk på «Ringbu». Tidlegare lensmann i Hol, Ingvald Kleven starta sin karriere innan etaten med å bu her frå 1951, han kom rett frå Koreakrigen til Hol!

Lensmannsbetjentar som Blia (48-54) og Evje (54-56) er begge namn som blir hugsa godt av eldre i bygda, framifrå representantar for etaten. I eit hus med 4 utleigehusvære var det sjølv sagt mange innom, og det er fortalt at det i 1954 var ei uvanleg vakker jente som arbeidde på Hol handelslag og leigde eit rom på «Ringbu». Nesten kvar kveld mens ho budde der, var det gitar frå bygda som sat og stod i den lange trappa opp til «Ringbu» for å koma denne vakre noko nærare!

Nabohuset er bygd i 1950 av Erling Medhus og her var telefon-sentralen i Hol frå same året til 1968 då den vart lagt ned på grunn av flytting til Geilo og seinare automatisering.

2.21: Solbakken

Huset Solbakken vart rivi i samband med at Hol sparebank bygde nytt hus i 1988. Solbakken vart bygd av Tollef Sundre som kom til Hol frå Ål i 1872 som krabugut på Hol spareforening, der har vart styrar nokre år frå 1875. Han kjøpte garden Kyrudalen i 1878 og dreiv butikk der. Så kjøpte han ei gamal stugu på Nordre Halingsstad i 1882 og flytte den hit. Den vart bygd på og har husa mange gjeremål. Tollef hadde butikken i nordre delen av huset frå 1883 på om lag 25 m2 med god kjellar til oppbevaring av sildetønner og anna som skulle stå kaldt. Butikken vart driven til 1918. Her var også postkontor frå 1883 fram til 1958. Etter Tollef overtok sonen Sigurd (1924-29), enkja Birgit overtok så frå 1929 – 1947 då dottera Anne overtok fram til 1979 – siste tida i andre lokale. (102 år i same familien) I 1901 fekk Tollef hotellbevilling og det var hotelldrift fram til 1908. Gjesteromma låg i 2. høgda. I 1904 var det 91 som overnatta her – det var rekordåret! Gjestebøkene for hotelltida viser at det var mange advokatar og offentlege tenestemenn som overnatta, og mange låg her kvart år før dei reiste vidare innover i fjellet. Bernt Anker som jakta i mange år i Holsfjella, var fast gjest her og han var nok klar over sine evner som jeger. I gjesteboka under avsnittet for yrke har han skrivi: «Jeger (god)»

Hol elektrisitetsverk hadde kontor her frå starten i 1931, og lensmann Ole Steensen hadde sine kontor her frå 1909 til 1915.



*Solbakken med pakkbua til venstre
I båten Hjørdis Steensen (Gunnarson) og mora Gunne.
Foto: Olav S Reinton. Utlånt frå Hol bygdearkiv.*

2.22: Torleiv Sundre Snekkerverksted

Torleiv Sundres snekkerverksted vart starta i 1926 av Sigurd Sundre og overteke av sonen Torleiv i 1929. Nokre år før verkstaden vart bygd, bygde Sigurd innåt ei lita snekkerbod til det eldhuset du ser til høgre på bildet. Dette huset vart selt til Ola Hågensen Viken som bygde det oppatt ved Menighetshuset. Sigurd lærde snikkaryrket gjennom to kurs på Hallingdal arbeidsskule som frå 1921 hadde fast tilhald på Gol. Verkstaden hadde som spesialprodukt dører, vindu og svingtrapper, men leverte også diverse innreiingar og møblar på bestilling. På det meste var det i arbeid 6 mann på verkstaden som hadde ei golvflate på 304 m². I ein tømmerbygning (bygd år 1900) litt vest for materiallageret, tidlegare brukt til pakkbu den gongen Tollef dreiv butikken sin her, starta i 1948 Torleiv med møbelforretningen sin i tillegg til verkstaddrifta. Både verkstaden og møbelforretningen måtte vike plassen i samband med omlegginga av Rv.50 gjennom Hol sentrum. Møbelforretningen heldt fram som Torleiv Sundre & Co i nybygg rett overfor der snekkerverkstaden hadde stått. Den flytte seinare til Kleivi og var der eit par år før den vart lagt ned.

2.23: Hol Sparebank

Sparebankbygget i Hol sentrum er bygd i 1988, og hyser i tillegg til banken ulike offentlege og private verksemdar. Hol sparebank dreiv ein noko omflakkande tilvære sidan starten den 28. januar 1905. Det aller fyrste kontoret var i Hol pensjonat, då kalla Høgset, der dei leigde rom av Pål O Slettemoen. Her hadde dei 2 rom i andre etasje og Pål Slettemoen skulle i følgje avtalen «skaffe de nødvendige stoler, bord og hyller samt ved, lys og vask». Leiga vart sett til 60 kr året! Opptakten til Hol sparebank vart teken av S. Reinton då han den 20.oktober 1900 bad kommunestyret om at det vart skipa ein særskild bank for Hol, som då hadde bank saman med Ål. Ei nemnd arbeidde med lausrivinga frå Ål. Sak drog ut, ålingane var lite villige til å dele midlane slik at det kunne bli eigen bank i Hol, men etter ei purring frå Rognald Brusletto vart det fart i sakene att, og den 5. august 1904 stadfesta departementet at Hol kunne få sin eigen bank. Hol spareforenings fond lånte banken startkapitalen på 4000 kr. Sven Steensen stod svært sentralt både i planlegginga og det vidare arbeidet med Hol sparebank, han var styreleiar fram til 1928. Ved utgangen av startåret var det 264 innskyttarar i banken som forvalta 58 263 kr! Godtgjersla for å vera med i bankstyret den tida var 1 kr pr møtedag! Det var hardt nok å få det heile i gang – dei måtte låne 150 kr av Hol spareforening sitt fond til innkjøp av protokollar og trykksaker – lånet skulle betalast attende over 5 år! Dei måtte også låne ei gamal kiste av Hol kommune for å få pengeskåp – det er den kista som i dag står i Tingsalen i Hol kommunehus.

Då Hol spareforening (Hol handelslag) bygde nytt hus i 1922, flytte Hol sparebank sine kontor dit. Der vart dei verande inntil dei bygde eige hus i tilknytning til Hol kommunehus i 1958. (Der trygdekontoret i dag heldt til). Etter kvart voks dei ut av denne bygnaden og, og det noverande bankbygget vart innvigd 10. juni 1988, og er teikna av arkitekt Oddmund Lia. Under bygginga av huset vart det funne ei steinøks som er stadfesta å vera frå den midtre delen av yngre steinalder, ca. 2900 -2500 f. Kr. Det viser at det har vore bufaste folk her ei god stund før oss.

Hol sentrum – Tuftebygningen

Det prektige trehuset i framgrunnen av biletet er det som i daglegtale vart kalla Tuftebue. I 1884 kjøpte Sven Tufte Hol spareforenings bygning (i dag Hol pensjonat) etter at Spareforeningen hadde gått konkurs. Han tok til med handel der samstundes som han bygde Tuftebua. Her tok han til med butikk i 1885 og dreiv handel med både fe og skinn i tillegg til daglegvarer. Sven Tufte blir omtala som eit stort forretnings-talent, og drifta av Tuftebua og andre handelsaktivitetar han dreiv utover Austlandet gjekk svært bra. Han bygde ut bygnaden fleire gonger til han såg ut som du ser den på biletet. Sonen Eirik tok over i 1911, slutta i 1914, men starta opp att i 1922 saman med brørne sine Halvard og Harald under namnet «Brødrene Tufte». Dei dreiv butikken fram til 1949, så heldt Eirik fram aleine til 1958. Eit bakeri som var i same bygnaden vart drive frå 1940 åra til midt på 50 talet. Bakeriet var svært moderne for si tid og hadde ein kapasitet på 560 kg bakervarer pr. dag! Det hadde også vore bakeri her tidlegare. Sven hadde bakeri i bygningen sin under bygginga av Bergensbanen. Tuftebue husa også telefonsentralen for Hol frå 1895 til 1910 etter at sentralen hadde vore nokre månader i nabohuset hjå Tollef Sundre. (Den fyrste sentralen i Hol).



«Tuftebue» vart rive i 1970 åra - ville det same skjedd i dag?

Foto: Arne Grøvo 1944.

Etter at huset hadde vore i bruk til industri nokre år, vart det rivi tidleg i 1970 åra og Helling kafeteria kom opp på om lag same tomte. Nede ved fjorden ligg pakkbuva til Brødrene Tufte, også bygd i 1890. Fotografen som har teke dette biletet, Olav S Reinton, hadde sitt fotohus i dette området. Det er det vesle huset med mykje glas i som du ser i høgre bildekant. Olav S Reinton har teke svært mange bilete som i dag er lokalhistoriske skattar. Boka «Bilete frå Hol» er ei praktbok som viser mange av bileta etter Olav S Reinton.

Badehuset i Holsbygda var i bruk til 1940 og stod nedanfor huset til Audun Medhus. Det var Hol ungdomslag som stod for dette tiltaket og i følgje «NU» var huset i 1911 rekna til å koste 1300 kr fullt ferdig innreidd og den 23.5.1915 kan Mehlum i «NU» fortelja at *«badehuset er ferdig med damp og afkjølingsbad og styrt. Hol ungdomslag har samlet pengene og bestyrer Nestegard har leidet alt arbeide inntil badet nu er ferdig. Doktor Rømche på Moss har skenket en praktisk badeovn for 400 kr.»*

I dagens sentrumsbilde er det Hol kommunehus, Hol sparebank, Sundre Møbler og Helling kafeteria som dominerer i tillegg til Hol gamle kyrkje. Eg har skrivi om dei fleste av desse bygga, men tek også med Helling kafeteria. Dette bygget vart bygd i 1973/74 av eit aksjeselskap som heitte A/S Turistbygg der Hol kommune, Hol sparebank og privatpersonar var med. Opptakten vart teken i 1969. I dag er det Hol kommune som eig bygningen som også husa Hol postkontor frå 1974 til dei flytte til noverande lokale i 1988. Soga om korleis kommunehuset kom hit er ei svært spennande søge om dyktige og modige politikarar, bygdastrid og vanskelege personlege val – det vil du kunne lesa alt om i komande Holsbøker.

Eit lite samandrag skal du likevel få her:

1906: Forslag frå nemnd om å rive Tingstugu og byggje nytt kommunehus, bank og skule på tomte. Utsett av kommunestyret.

1915: Vedtak om å byggje kommunehuset i nærleiken av den nye kyrkja – skulle heite »Henry Thompsons kommunelokale» (Det var han som gav pengar til bl.a. bygging av ny kyrkje og kommunehus).

1916: Kommunestyret vel plannemnd for kommunehuset – folkeavstemming om plassering. 484 for Hagafoss, 21 ved Gamlekyrkja.

1918: Ferdige teikningar blir lagt fram – ikkje meir skjer.

1934: Hol Ap. ber kommunen ta opp att arbeidet med bygging av kommunehus – nemnd valt.

1942: Norsk hotellkompani byr fram Haugstomta på Geilo til nytt kommunehus – kommunestyret deler seg i 3. Nemnd valt.

1946: Ny førebuingnemnd for bygging av kommunehus valt – delt innstilling, fleirtal for Hagafoss, mindretal for Geilo.

1947: Fleirtal for bygging på Geilo – mindretalet ankar inn for Kongen.

1948: Ordførar Reinton si dobbeltrøyst plasserer kommunehuset på Hagafoss i staden for Geilo.

1949: Hol kommunestyre vedtek med 15 mot 5 røyster å byggje kommunehus i Holsbygda og eit administrasjonsbygg på Geilo («Sentrumsbygget» – i dag Energihuset). Eit vedtak som politikarane framover respekterte – med få unntak – og strida var dermed over.

1950: Departementet godkjenner vedtaket.

1954: Nye krav om at kommunehuset måtte byggjast på Hagafoss – underskriftsliste med krav om å byggje på Geilo.

1955. Vedtak om å byggje kommunehuset i Hol for 480 000 kr – usemje om finansiering.

1956: To møter med 1 dags mellomrom stadfesta bygginga av kommunehuset i Hol samt finansieringa – huset teke i bruk

1957. Huset er teikna av arkitekt Arnstein Arneberg, og ved inngangen finn du nokre fine utskjeringar som viser deler av Hol gamle kyrkje. Den flotte veggdekorasjonen i Tingsalen er måla av lærar Andersen ved kunst- og handverksskolen i 1961



*Hol sentrum i dag: Frå venstre Helling kafeteria,
Hol kommunehus og Hol sparebank. Foto: Jan Robert Wick.*

**Rute 3 går frå krysset ved Søndrol oppover til Bergstolen
ovanfor Sletto og vidare forbi Ruegardane og innom
Vesleslåtta og nedom Hol nye kyrkje og attende til vegkrysset
ved Seimsbrua.**

Vegen du går eller køyrer oppover til Bergstolen er bygd i 1960. Då fekk Sletto og Ruegardane vegutløyising. Nokre år tidlegare var det bygd veg frå Vats og til Storemyr og det heile vart bunde saman i 1961. Denne sambindingsvegen var eit svært lyft for utbyggjarane og har vorte ei viktig livsnerve i ettertid. Du passerer Ruegardane på høgre hand og kjem etter kvart til Sletto og litt lenger fram finn du Kambenuten.

3.1: Bergstolen til Olav Sletto

Ikkje mange stader i Hol får du eit så storfelt utsyn over bygdas mektige natur som her frå Kambenuten. Her er veldige utsyn sørover og vestover over bygd, vatn, fossar og fjell. På Kambenuten står bergstolen til Olav Sletto – ein stad han som unggut ofte var på for å kunne få vera aleine med tankar og draumar medan han tok inn synet av bygd og skog og vatn med ruvande fjell i synsrendene. Olav Sletto levde frå 1886 til 1963 og er Hol og Hallingdal sin store diktar og heimbygda har vore ei viktig og stor kjelde for dikteren. Han har sjølv skrivi om korleis han opplevde bygda og naturen frå Kambenuten: *«Alle stader fjell-linor, form, skulptur, men inni denne råma blinkande vatn, sølvspeglar, som krystallflator. Og med gardane kransa oppetter hellingi – og óm og søg – natt og dag ein undertone som minte om orgel – frå Djupedalsfossen og Hagafossen. Inni let ein bekk som risla og rolsa bak låven på garden, og gamle ospetre nær husi som skolv og varsla den lange sumar. På hi sida av huse granskog der vinden gjekk i tak, fall og stigning i all slags ver. Musikk. Alltid musikk. Slik var heimstaden. Alltid kjensle av at ein budde høgt og såg vidt og fritt – alltid so mykje sol og lys – nær himmelen. Alltid sterk, rein luft. Alltid høgtid!»*



*Det er eit
praktfullt
utsyn frå
Sletto-
kamben og
bergstolen
til Olav
Sletto.
Foto: Jan
Robert Wick.*

Storverka til Olav Sletto, Per bøkene og Rognaldsfolket er kvar på sin måte fantastiske skildringar av personar, hendingar og menneskeskjebnar i bygda Hol – alle holingar burde ha lese desse! Minnesteinen over Olav Sletto vart reist her på Sletto i 1965 og står no like inntil fjellvegen mellom Hol og Vats framfor huset Olav voks opp i hjå besteforeldra sine.

Om garden Sletto er følgjande verdt å merke seg: Sletto vart fyrst kalla Stølsletto og her har det nok vore heimstøl til Rue. Frå 1814 til 1848 var Sletto plass under Rue med Ola Sindrol som fyrste brukar. Hallingstugu i Sletto er bygd om lag 1845-50 av Erik Sletto, mens driftsbygningen bygd om og flytta dit den står no i 1918. Dei andre husa er bygd om lag 1860-70.

Etter å ha vore her bør du la turen gå frå Ruesvingen og til Vesleslåtta, staden der den siste husmannen i Hol levde. Staden og mannen er svært godt beskrivi i boka «Heimbygda – ein refleks av landet» av Osvald Medhus, så me tek berre med nokre få opplysningar her.

Vesleslåtta har nok vore bebudd frå tidleg på 1800 talet, kanskje før. Den fyrste buseten ein veit om har brukt plassen er Ivar Fosshaugen som var der frå 1831. Så i 1851 vart Vesleslåtta sjølveigarbruk då Ola Bekkestad kjøpte plassen, men han bygsla den bort att i 1861 slikt at det atter vart husmannsplass her, og det var det like fram til 1975 då siste brukaren Ola Asleson Vesleslåtta døydde.



*Vesleslåtta: Den siste husmannen i Hol budde her til 1975.
Foto: Jan Robert Wick.*

I 1860 gjekk det mange jordskred i dette området (det var det same året som storflaumen) og i ei av desse gjekk fjøset med, Kyrne vart funne like heile i husrestene på Rueslåttjordet. Men alle desse jordskreda skremde eigaren til å flytte til Ål, og husa vart seinare flytta lenger opp. Det var gjort ved at stokkane vart

bore ein og ein – var dei for tunge vart dei delte – det ser du tydeleg på baksida av huset. Flyttinga fann stad om lag 1866. Vesleslåtta er restaurert 1999 av Leif Hansegard.

På vegen vidare ned går du forbi nokre gardar og vil du vita meir om husa her, finn du det sist i heftet der gardane er ordna alfabetisk. Du kjem fyrst til Dokken – Solheimsslåtta, så til Solheimsgardane. Lenger nede har du Rueslåtta på høgre hand og Solstad på venstre hand enno litt lenger nede. Nesten nede ved Hagafoss har du bustaden til Olav Vestenfor på venstre hand. Olav var ein framifrå felespelar og rosemålar som også lærde opp mange i Hallingdal i rosemåling. Den delen av eiegen som er nærast kyrkja var Olav sin verkstad, og den eldste delen her er stugu til mor hans, Kari Vestafør. Stugu stod i si tid på Hellingslåtta på vestsida av Holsfjorden. Kari budde der aleine og var mykje brukt omkring i bygda som reiedeie, og bakstekjering og til anna gardsarbeid, flink som ho var til å arbeide. Etter at Kari var gått bort, vart stugu drege på isen med hesteskyss til den staden den står i dag. Bilvegen som du har gått på siste delen her, er bygd i 1969 og opna ein heilt ny kvardag for dei som budde i Lien som til då berre hadde hatt kjerrevege fram til husa og gardane.

På nedsida av Rv. 7 ligg «Svatun» bygd som tømmerhus i 1920 for Asbjørn Tufto og overteke av Olav Tufto i 1955. Den vesle kvite bygningen som står att inntil riksvegen i skrivande stund, er Hols fyrste drosjesentral. Her var det plassert 4 drosjer frå 1946 til 1952, Ola Slåtten og Olav Tufto frå Hol og Lars Løken og Telnes frå Hovet. Det var anleggstrafikken som gjorde behovet for drosjer såpass stort. Olav og Helga dreiv samanhengande bensinstasjon her frå 1951 til 1987, den fyrste tida frå 2 pumper ved drosjesentralen og frå 1962 på andre sida av riksvegen. I tillegg hadde Olav sjuke bilen for Hol plassert her i mange år.



Hols fyrste drosjesentral. Foto: Knut Medhus.

3.2: Hol kyrkje

Hol gamle kyrkje hadde vore for liten i lang tid og i tillegg var ho både kald og gisten. Det vart fart i arbeidet med å få ny kyrkje då holingsamerikanaren Halvor T. Rue i testamentet sitt av 3. juni 1914 ga 25 000 kr til ny kyrkje i Hol. Vilåret var at den skulle byggjast i søre ende av Holsfjorden på Tingvollane. Kommune-styret takk ja til gåva i desember 1915 og vedtok samstundes å byggje kyrkja. Grunnarbeidet tok til i juli 1918 og grunnsteinen vart lagt ned av sokneprest Eriksen 4. september 1922. Kyrkja er teikna av arkitekt Ole Stein, opphavleg frå Gol og det er tydeleg at han har hatt Gamlekyrkja som modell – det er klare trekk frå den i heile kyrkjebygget. Sigurd Sundre og Torstein Seim fekk anbudet på bygginga, 19 000 kr (høgste anbudet var 46 000 kr) mens Torleiv Reinton tok på seg å levere benkar, glas og trapper. Grunnmuren er sett opp av murmester Jørgensen frå Drammen. Kyrkja vart innvigd 5. oktober 1924 av biskop Johan Lunde med 1200 menneske til stades. Kostnaden fullt ferdig var 190 000 kr (godt 6 mill. kr i 1998 kr).

Altartavla er måla av kunstmålararen Hans Brusletto frå Geilo (1890–1978) med motivet Jesus som signar dei små borna. Altartavla, preikestolen og døypefonten er laga av treskjerar Hans Borgersen, Oslo. Dei fine glassmåleria er laga av Torvald Ravn og sett inn i 1953. I 1961 fekk kyrkja nye lyse fargar innvendig og målararbeidet vart utført av Dagfinn Nestegard og Knut Holestøl. Tårnuret er montert i samband med 50 års jubileet i 1974. Det fyrste orgelet vart innkjøpt av private midlar og ofringar og i 1980 fekk kyrkja nytt orgel til 460 000 kr bygd av Eystein Gangfløt i Fredrikstad. Klokkene i kyrkja er frå Olsen og søns klokkestøperi og på den eine står «Gloria in exelsis deo» og på den andre «Land, land høyr herrens ord». Hol kyrkje har plass til om lag 600 menneske og er blant dei største kyrkjene i Hallingdal. Den er kjend som ei svært god konsertkyrkje.



*Hol kyrkje vekkjer oppsikt der den ligg stor og prektig
inntil riksvegane 7 og 50. Foto: Jan Robert Wick.*

3.3: Bygdahall samfunnshus

Soga om ungdomshuset i Holsbygda kan du lesa om i boka til Osvald Medhus – det er ei soge med mange uventa utfall og innfall. Eg nemner berre her at det var fastsett før krigen at huset skulle byggjast like aust for Hol menighetshus. Etter krigen tok saka ei anna vending og tomta vart her ved Hagafoss, gitt til formålet av Sigurd S Reinton og syskena hans. Arbeidet tok til 8.oktober 1948. 1.byggesteget var ferdig våren 1951 og innviinga av Bygdahall var fredag 11.mai 1951. 2. byggesteget var ferdig 1.juli 1960. For si tid var Bygdahall eit storveges hus bygd gjennom ein storslegen dugnad under entusiastisk leining av Lars Slettemoen – Bygdahall sin far. *«Dette huset må bli eit kulturelt kraftverk for bygda – lykkast me ikkje i det så har me bygd til fånytt» sa Sigurd Reinton ved opninga av Bygdahall!* Fekk han rett?



Bygdahall – bygd av entusiastar og idealistar i 50 åra – i 90 åra truga av nedleggingsspøkelset Foto: Jan Robert Wick.

3.4: Reinton Trevarefabrikk

Området ved Hagafoss var fyrst på 1900 talet å rekne som eit industriområde. Det var vatnet i Hagafossen som gav drivkraft til dei tiltaka som vart sett i gang her dei fyrste åra. I 1901 sette brørne S. og O Reinton saman med brørne Asle Foss og O.Fosshaug i gang Holsbru sag og Høvel. Dei dreiv leigeskur og kjøpte inn timmer som dei fekk saga og høvla. I 1912 løyste brørne Reinton ut dei to andre og vart eineieigarar. Brødrene Reinton sette også opp mølla i 1913 (sjå eige oppslag)

Reinton Trevarefabrikk er bygd i 1913 av Torleiv Reinton og var den fyrste trevarefabrikken i Hol. Den vart bygd for maskinell drift frå starten, og vart drive med vasskraft før elektrisiteten kom i 1931. Den 12. august 1918 brann verkstaden ned til




*Hagafossområdet med sagbruket bygd i 1901.
Mølla er ikkje bygd enno, ei heller Reinton Trevarefabrikk.
Foto: Olav S Reinton. Utlånt frå Hol bygdearkiv.*

grunnen. Elden starta i møllebygningen, og det einaste som vart redda unna brannen, var 100 tylfter med oppskore tømmer som skulle brukast til å byggje den nye kyrkja i Hol. Ny verkstad vart bygd opp att året etter. No (1999) blir fabrikk drive av sonesonen Oddvar Reinton.

3.5: Hol Mølle

Mot slutten av 1800 talet vart det etter kvart slutt på at det var ei mølle til kvar ein gard som låg inntil ei ån/grov som var stor nok. I 1919 var det etter offisiell statistikk att berre 3 gardsmøller/gardskvedner i Hol. I 1913 bygde S. og O. Reinton ei moderne mølle med tørkehus ved Hagafoss, men den brann saman med Reinton trevare i 1918. Eit andelslag vart skipa same året for å byggje ny mølle på same staden. Den var ferdig i 1919 og kosta om lag 30 000 kr. Mølla kunne mala opp i 175 tonn i året. Her var 2 kvernpår, 2 tørker og ei skallemaskin. Etter at det vart innført korntrygd, var mølla ved Hagafoss den einaste godkjende i Hol kommune. I 1932 gjekk den over frå vasskraft til elektrisk kraft. Under krigen fekk mølla ein ekstra viktig funksjon, og møllaren den tida, saman med den lokale kontrolløren, sørgja ofte for at det hamna nokre mjølsekker som bonden sjølv kunne rå med utanom den offisielle rekneskapen. Mølla kjøpte under krigen inn ein del bygg som vart vidareseilt som sammalt mjøl. I den tida vart det også dreve tresking med eit flyttbart treskjeverk som Sigurd Slettemoen hadde kjøpt inn før krigen. Hol kommune fekk tilbod om å overta Hol mølle i

1946 og ei nedsett nemnd rådde til at so skulle skje, men kommunestyret takka nei til tilbodet mot tre røyster. Grunngevinga var at det snart var slutt på korndyrking i fjellbygdene – og det viste seg å stemme godt. I 1952 vart det mest slutt på all korndyrking i Hol kommune. Hol mølle innstilte drifta året etter. Møllarane har vore Erik Rudningen (i 40 år), Olav Lien og Ola Mikkelsen.



*Hol mølle og Reinton Trevarefabrikk i dag.
Mølla er det berre skalet att av. Foto: Jan Robert Wick.*

3.6: Hagafoss Handel

Hagafoss handel vart starta 27. september 1927 som eit lutlag der Svein Nestegard, Ågot og Sverre Reinton var med. Huset vart oppført etter teikningar av Torleiv Reinton. Verksemda omfatta etter kvart både landhandel og bensinstasjon, og Svein Nestegard var styrar fram til 1953.

Frå 1953 vart Hagafoss handel leigd av Hol handelslag som dreiv butikken som avdeling 2. Det vart etter kvart økonomiske problem med drifta, og den 15. mai 1963 vedtok styret i Hol handelslag å overlata drifta til Toralv Sæbø som framleis leigde hus av lutlaget. Sæbø la ned drifta same året og Guttorm Trøen og Sigurd Reinton kjøpte huset, reiv det og det vart sett opp att som hytte. I 1964 kjøpte Reidar Løvstuen tomte og bygde opp att Hagafoss handel som vart opna i 1965. I dag (1999) er det sonen Thov som driv forretninga. Frå 1.9 1933 til 1.6.1965 var det brevhus ved Hagafoss. Det har også vore kommunale kontor her, bl.a. forsyningsnemnda og likningskontor.



*Til venstre ligg Hagafoss handel slik den var frå starten i 1927.
Foto: Arne E Grøvo.*

3.7: Tingstad Snekkerverkstad og Kafe – Tingvollane

Området her heiter Tingvollane, og som nemnt andre stader, er det tradisjon for at det har stått ei kyrkje her i svært gamal tid – kanskje den aller fyrste kyrkja i Holsbygda. Den skal i følge tradisjonen ha vorte feid på fjorden av eit skred. Det er ikkje funne noko minner etter kyrkje her. Tingvollane har også vore i bruk som tingstad i tidleg mellomalder frå den tida tingstaden vart flytta frå Hovet til Hol, om lag år 1300. Staden låg sentralt til både i høve til Hol, Ål og Ustedalsområdet, som i denne tida tok til å bli bygd ut. Tingstaden vart seinare flytta til Sindrol og seinare og på Medhus. På 1700 talet har det sannsynlegvis også vore ekserserplass for soldatane i «Det Hallingdalske kompani» i dette området. Det var her han var på «eksis» Viking Hjalmeplassen då har brått kasta seg ut på eit isflak og staka seg over på vestsida – han ville heim til ho mor! Ikkje fordi han var redd eller leitt, men han var så umåteleg glad i mor si vart det fortalt.

Hermund Tingstad (f. Viken 1891–1958) kjøpte området av søre Holshagen i 1923, og starta snekkarverkstaden i 1927 etter å ha arbeidd på Reinton trevarefabrikk ein del år. Også frå denne snekkarverkstaden vart det levert dører, vindu og møblar laga på bestilling frå kundane. Hermund dreiv også som likkistesnekkar. Etter at Hermund Tingstad ikkje lenger dreiv bedrifta, vart den i nokre år drive av Olav Herfindal og seinare av Syver Frydenlund. Den er no nedlagt.



Tingstadhuset i dag. Foto: Jan Robert Wick.

I bustadhuset vart det drivi kafé frå 1924 til 1958 og trafikken var stor, ikkje minst under anleggstida i Mølnedalen i 1950 åra. Her var også gjesterom der det var mange faste gjester frå år til anna, ikkje minst blant reisande og agentar. Bladstyrar Mehlum budde også her mange gonger. I underetasjen var det forretningslokale der Solberg & Vindegg dreiv elektrisk forretning frå 1948 til 1960 då dei flytte inn i lokale i Bygdahall samfunnshus sitt påbygg. Huset har også hysa biblioteket. Det var her til det flytta til Bygdahall i 1960, og mens det var her så var heile boksamlinga samla i 2 skåp med doble dører som var laga på verkstaden til Hermund. Om lag der det i dag er innkøyring til det nye huset låg frå tidleg i 1930 åra til etter krigen fotoatelieret til Arne Grøvo. Det var eit noko spesielt hus med glas i taket og mykje glas på 3 av veggene. Hit kom folk for å bli fotografert, og under krigen var det stor trafikk her med passfotografering. (Olav S Reinton hadde eit slikt hus ved Tuftehuset medan han dreiv som fotograf i 1918), det var hans hus Grøvo hadde flytta hit). Ved innkøyringa til Tingstad stod det i mange år ein sjokoladeautomat der ein kunne putte på 5 eller 10 øre og så plukke fram sjokoladen – det var REGAL!

Det har også vore drive campingplass på området framfor bustadhuset samt på området som ligg ut mot Holsfjorden. Drifta av den starta før 2. verdskrigen og heldt på til ut i 1960 åra, heile tida driven av Birgit Tingstad.

3.8: Fiskeviki – Dalingen

Her i Fiskeviki (som i dag er borte på grunn av vegomlegginga og utfylling – den ligg i dag inne i hagen til Vindegghuset) skjedde det den 13. mai 1867 eit drap. Det var «Dalingen» – Ola Gunnarson Mølnedal (f. 1822 – d. i Amerika 1896) som drap Lars Seim denne dagen. Dalingen var i si tid illgjeten i Hol som ein av dei fælaste slåstkjempene i si tid, og i følgje overleveringane skal han ha teke livet av 3 menneske. (Nokre meiner det var 4). Han budde i Mølnedal, som ligg litt aust for Hol bygdemuseum, og ernærte seg som handelskar. Den 13. mai 1867 hadde Dalingen drukke "litt" og gjekk etter ålmannvegen der han treffe på Lars Seim her ved Fiskeviki. Lars skulda Dalingen nokre pengar, og det vart ein del snakk om dette dei to i mellom. Då Lars skulle gå vidare sørover, snudde Dalingen seg brått og slo til Lars med ein stein han hadde i eit tørkle i neven. Lars seig i hop og vart liggjande, og Dalingen tok han opp og hengde han over gjerdet før han gjekk vidare inn i skogen. For dette drapet vart Dalingen dømd til 9 års tukthus, og han sat i arresten i Bergen. Han slapp ut før dommen var sona og slo seg ned i Halsteinsgardsbøkkko i Ustedalen. Derifrå reiste han til Amerika i 1886 med bl.a. 2 fjordingshestar i lasta, og slo seg ned i Hatton N.D. der mange andre holingar budde. Også i det nye landet gjorde Dalingen seg bemerkta med si brautete framferd. Kona og ungane som flytte etter til Amerika slo seg ned andre stader og hadde ikkje noko med Dalingen å gjera meir. Det blir fortalt at han fekk ei svært vond endelikt i Amerika. I følgje overleveringane skal han ha mista livet der ved at han vart dregen i filler av hestar. Lærar Ola Tolleivson sette opp ei minnefjøl på den staden Lars Seim vart drepen. Sidan vart det sett opp ein stein, den kan du no sjå på Hol bygdemuseum. Dalingen drap også Vesle-Eivind Uthus heiter det seg. Han kasta han utover Svenkerudbrua etter å ha teke frå Eivind alle pengane hans (Eivind var handelskar).

Husa vidare mot Seimsberget ligg etter den gamle Kongevegen. Her ser du også Hansekollen (meir om den under avsnittet hoppbakkar). Huset til Solberg er bygd i 1947 og teikna av den etter kvart kjende arkitekten Arnstein Arneberg, mens Olav Seim bygde i 1960-62. Ruegrove kjem ned her mellom husa til Olav Seim og Kari Holshagen, og i eldre tid stod ei oppgangssag her nede ved fjorden.(Holshagasagi). Like etter århundreskiftet (1910) kom Sander S Røo tilbake frå Amerika. Han bygde seg ei ljåsmie her, og sjølv om det ikkje vart så mykje av ljåsmiinga, dreiv Sander mykje med eksperimentering og nyutvikling. Enno i dag kan ein sjå tufter etter smia ved bekken ovanfor huset til Olav Seim.

Ned mot fjorden der det i dag er riksveg 50 som dominerer, låg sagbruket som Holshagen, Myro og Nedremyr bygde saman i 1940 åra og som var i drift til midt på 1950 talet. Den stod på same staden som den gamle Holshagasagi hadde stått.

3.9: Storflaumane 1860 og 1939

Våren 1860 tok til med uvanleg sterk snøsmelting i april, og i mai og juni heldt det fram med ustanseleg regnver som nådde høgdepunktet 15. og 16. juni. Det gjekk jordskred fleire stader i bygdene, vegar og bruer vart øydelagde og hus og heile gardar vart rivne med i rasa.

Kulturmannen Sander Røo fekk sett eit merke i Seimsberget som viste kor høgt flaumvatnet gjekk denne sommaren. Sokneprest Skiaker fekk i 1962 staden markert med eit skilt som vart borte ved vegomleggjinga i 1980 åra. Nytt skilt vart sett opp og nedre kant på dette skilt viser høgda på vasstanden i 1860.

I 1939 var det også flaum i Hol. Flaumen var verst den 21. juni, men den var ikkje så kraftig som den i 1860. Som bileta viser, gjekk vatnet godt inn på dåverande bilveg. Olav Seim og Svein O Nestegard rodde inn til Seimsberget denne sommaren og merkte av kor høgt vatnet gjekk. Også dette merket vart borte ved omlegginga av riksvegen, men er no merka opp att. Flaummerket frå 1939 ligg om lag 50 cm under 1860 merket.



*Flaumen i 1939
sett frå Solvang og vestover Nerolsgutu –
heile vegen er oversvømt.
Foto: Magne Slettebreen. Utlånt frå Hol bygdemarkiv.*



*Hol bilselskap sin rute til Strandevatn skal fram – her forserer bussen vegen forbi Torleiv Sunde sin snekkarverkstad i fin stil.
Foto: Magne Slettemoen. Utlånt frå Hol bygdearkiv.*



Flaummerket frå 1860, 1939 flaumen nådde ca 50 cm lågare opp i berget. Foto: Jan Robert Wick.

3.10: Bergahølu – Svenskehølet

Klemmt inn i Seimsberga ligg Bergahølu eller Svenskehølet. Dette er ei av svært mange tufter etter husmannsplassar og andre små bruk som det var mange av her i bygda på 1700 og 1800 talet. Tomtene etter stugu med kjellar og låven med fjøset er borte. Men bakanfor det huset som står her i dag er det tufter etter eit lite hus som har høyrte Bergahølu/Svenskehølet til.

Det budde folk her i 1752, «Christofer skolemester med Quinde». Så var det øyde, men i 1802 kom Ole Larsen Svenske (f. 1753) og slo seg ned her saman med Kari Persdotter. Ola og Kari hadde bygsla plassen Lunde 3 år tidlegare. Ole Larsen Svenske kom til Hol mot slutten av 1790 talet, og var såleis ikkje blant dei

svenskane som vart sendt hit til bygda som krigsfangar etter krigen 1807 – 14. Det vart sagt at han hadde rømt frå den svenske hæren og hit til Hol. Ola var murar av yrke, og det var han som sette opp den fyrste steinmuren omkring kyrkjegarden ved Gamlekyrkja om lag 1810. Både han og kona vart gåande som legdefolk og døydde som slike, han i 1843 (90 år gamal) og Kari i 1833. Bergahølu vart kalla Svenskehølet etter Ola Svenske, og det kom ikkje buande folk her etter at Ola og Kari var borte. Berget litt lenger aust blir ofte kalla Svenskeberget, men det rette namnet er Seimsberget. Som Svein O Nestegard ein gong sa: «Me sko vel ikkje ære ein svenskji som rømde frå krigen ved å kalle berget opp att ette han?»

3.11: Kolbrennarodden

Namnet seier vel det meste – her har det vorte brent kol gjennom tidene. Det er ikkje så mykje att av denne odden no – vegomleggingane har kravd sitt. Rotar du litt i jorda på det som er att av odden, vil du finne restar av kol som er laga her. Å brenne kol var ein viktig kunst – godt kol måtte til skulle smedane få gjort arbeidet sitt, og kolbrenning vart drive i større eller mindre omfang mange stader i bygdene. Kolgroper er det mange hundre av i Hol kommune – fornminne som vitnar om stor aktivitet. Kor lenge det har vorte brunne kol her veit ingen, men i og med at staden har fått namn etter aktiviteten, kan det tyde på at den har vore drive lenge. Går du vegen på vestsida av Holsfjorden vil du litt vest for Vetrestø kunne sjå at vegen har skore tvers gjennom ei kolmile – du ser lag av kolet i vegskråninga enno.



Det har minka på Kolbrennarodden etter av vegen vart lagt om, men litt står enno att, her midt på bildet. Foto: Jan Robert Wick.

Rute 4: No startar me på Dalabakken litt aust for Hagafoss og heldt fram nedover Mogrenda til Kleivi. Så heldt me fram oppover vestlia frå Slettemosaga til Hol stasjon, over Kvislabrua og ein tur til Sagen og vidare mot Hagafoss att.

4.1: Høgehaug ved Hagafoss

På denne haugen vart Margit Helle halshogd søndag 12. august 1750. Margit, som var frå Tufto i Ustedalen var gift til Helle, som ligg i Lien nedanfor Geilo. Søndag før pinse i 1748 stod ho tidleg opp, fann seg ei øks og gjekk naken ned i fjøset der dottersonen Ola Olson Luten låg og sov, 8 år gamal. Ho drap han med øksa, gjekk innat og sa frå kva ho hadde gjort. Margit var sinna på dottersonen fordi han hadde sagt at ho låg under kyrne og saug mjølk ut or spenane. Då ho hadde drepe han, skal ho ha sagt: *«Han må vel tigja ei stund no, glipen»*. Rettssaka dømde Margit til døden ved halshogging, og dommen vart fullbyrda på Høgehaug 12. august 1750. Det er fortalt at då skarprettaren kom oppover og skulle avrette Margit, tok han inn hjå dåverande lensmann Lars Haga, som budde der Holshagen ligg i dag. Lensmannen tok 3 riksdalar for herberget, men dette tykte skarprettaren var reint for mykje. Skarprettaren kunne sjølv avgjera kvar han skulle avrette og som ei hemn overfor lensmannen som kravde høg hyre for nattherberget sa han at han ville avrette Margit utanfor stugudøra til lensmannen. For å få endra dette, måtte lensmannen betala skarprettaren 3 riksdalar, og dermed vart det eigentleg ikkje noko for nattherberget hjå lensmannen! Det var Tor Rue som følgde Margit til rettarstaden og det er fortalt at Margit på veg opp til avrettarstaden sa: *«Gje meg ei tobakkstugge, Tor, for det vil gå reint innpå me detta»*. Ho fekk sitt siste ynskje oppfylt.

Også ved denne avrettarstaden skal det ha spøkt. Guri Brøto kom ein gong med ein saueflokk framfor Høgehaug. I ei lita dulp like ved haugen vart sauene ståande som fjetra. Dei stod med stive føter og spronte, so redde at dei skalv. Då dei endeleg løsa, so bar det avgarde over stokk og stein.



Avrettarstaden Høgehaug til høgre. Foto: Jan Robert Wick.

4.2: Kongevegen i Mogrenda

Knappt nokon stad i bygda er den gamle Kongevegen så intakt som på denne strekningen gjennom Mogrenda. Ta deg tid til å rusle denne ein sumardag og blant anna sjå på den flotte mur-inga langs vegen mange stader. Vegarbeidet gjennom Hallingdal starta opp alt i 1811 med løytnant Dietrichson som pådrivar og vegen vart ferdig i 1826. Vegen gjekk fram til Hol gamle kyrkje i denne omgangen, vidare var det krav om privat veghald etter bestemte avtaler. Det var det året me for fyrste gong vart knytt til eit større vegnett av slik kvalitet. Inntil denne vegen var ferdig var det ikkje mogleg å køyre med noko hjulreidskap – det var berre ridevegar. Det tok nokre år før holingane tok i bruk køyredoningar med hjul. I 1840 åra kom den fyrste og det vart fort fleire.

Vegen låg slik i 1940 då den tyske hærmakt kom hit til bygda 1. mai. Dei skal ha sliti noko forferdeleg for å koma opp Meiebakkane i vårbløyta, og det var ikkje meir enn året etter så sette tyskarane i gang arbeidet med å få bygt ny veg gjennom Mogrenda – den gjekk i store trekk der noverande riksveg går.

Meiebakkane blir det fortalt kjem av at det eit par stader på gamlevegen var ei litt lang slak strekke som så fekk ein ganske bratt liten bakke i enden – slik ein mei ser ut.



Gamlevegen i vårbløyta. Med Ford lastebil 1936 og gode karar gjekk vedlikehaldet bra sjølv om det kunne sjå håplaut ut. Frå v: Leonard Kleven, Ole Reinton, Sigurd Kleven med Knut Teigen bak.

Foto: Magne Slettemoen. Utlånt frå Hol bygdearkiv.

4.3: «Pukkverk?»

Her ser du ei heil lita røys med ganske liten stein, og dei er alle saman tydeleg hogne med hamar og ikkje plukka – det ser du av at dei er spisse i kantane. Mykje tyder på at det her har vore ein stad der nokre har siti med sine spesielle hamrar og slege sund steinar slik at dei kunne seljast som pukk. Det var då køyrt større steinar hit og det var lett å få laste både på og av i og med at pukkinga foregjekk like inntil vegen. Det er fortalt at dei som dreiv med dette gjorde det etter at arbeidsdagen elles var slutt – det må har vore eit slitsamt arbeid og hakke sundt storstein til pukk. Pukkinga kan ha foregått i samband med bygginga av Bergensbanen omkring århundreskiftet – pukken kan ha vorte selt dit.

Når du no er ved «pukkverket» her ved Gamlevegen, kan du nytte høvet til å ta turen nedom staden der bautasteinen i Hol er kila ut. (4.4.) Det er fortalt om det under Skalkehaugen og bautasteinen. Stigen ned til steinbrotet er ganske lett å finne, og du vil framleis sjå spor etter den vegen dei måtte laga seg i 1913 for å få fram med den store bautasteinen drege av 3 hestar.



*Grov pukk hogge til med hamar – her ligg nokre restar att.
Foto: Jan Robert Wick.*



Skulen i Moen – i dag grendehus. Foto: Jan Robert Wick.

4.5: Moen skule

Den 5. juli 1878 vart det gjort vedtak om fast skule i alle krinsar – før den tid hadde det vore skule omkring på mange gardar eller i leigde husvære. (omgangsskulen) Dette vedtaket førde etter kvart til bygging av skulehus i krinsane, og for Mogrenda krins vart skulehuset bygd i åra 1884-86, ferdig i oktober 1886. Det vart plassert på øvre sida av dåverande veg under eigedomen Uren, der det enno står. Timremannen Asle S Meiebakken stod for bygginga. Det hadde 1 klasserom på 30 m², eit lærarrom på 10 m² og ein gang. Til byggjematerialar vart det brukt gamalt tømmer frå Holsbrua (ved Hagafoss) der vart det bygd ny bru i 1851. Knut O Fossgard som var lærar i Moen krinsen frå 1897-1914, budde i lærarrommet på 10m² heile tida og i helgane gjekk han heim til Geilo. Bygningen vart noko påbygd i 1946 då klasserommet vart utvida med lærarrommet og nytt lærarrom og gang vart bygd på. Spørsmålet om å slå saman Moen krins med Holet og Vestlia krins vart teke opp i 1938, den gongen var planen å byggje ei felles skule ved Hagafoss for desse 3 krinsane. (På den tida var det også her kommunehuset skulle liggje). I samband med innføringa av 9 årig linedelt ungdomsskule i fyrsten av 1960 åra vart det også spørsmål om samanslåing av krinsane, og etter mange møter og vedtak i ymse lei, enda det opp med at kommunestyret sa at Moen krins skulle bestå (1964), men skuledirektøren anka inn for departementet som gjekk imot kommunestyret og overføringa til Holet skole vart gjennomført frå 1. januar 1965. I dag er huset overteke av grenda, som har fått sitt grendehus her.

4.6: Mosaga

Når Hol gjekk inn i den 19. hundreåret, var det 4 vassager her: Saga ved Tverrånslåttun, (bygd i år 1800 Ola Brattåker), Kvislasaga nedanfor Trøgaton, (bygd om lag 1760), Ruesaga i Hovet, som var den aller fyrste i Hol bygd like før år 1700 og så Mosaga. Mosaga er opprinneleg ei gamal oppgangssag bygd år 1800 av Embrik Olsson Slettemoen. Eigarane tok til å saga timmer og selja materialar her utan kongeleg løyve (alle som skulle drive sag og saga meir enn til eige bruk, måtte ha kongeleg løyve til det!) Dei måtte møte i retten for dette i 1802, og lensmannen tok sagblada frå saga inntil dei fekk sitt kongelege løyve i orden. Mosaga låg nede i mange år inntil Ola Slettemoen omkring 1860 bygde den opp att, då også som oppgangssag. Kring 1890 vart saga bygd om til sirkelsag, og om lag år 1900 fekk den også høvel. I åra då Bergensbanen vart bygd, kjøpte Ola og Ivar Slettemoen timmer og selde så materialane til anlegget. I 1921 vart saga selt til Olav O Nødre Reinton, Mikkell Slettemoen, Asle Bakka og Ola K Brøto for 3000 kroner. Frå 1926 vart Ola K Brøto eineeigar. Saga vart lagt ned i slutten av 1930 åra.

Du kan enno sjå restar av Mosaga. Her finn me gamle reimskiver og hjulgangar og akslingen til vasshjulet ligg enno på bakken der vasshjulet i si stod. Mosaga vart heile tida drive av vasshjul. Vegvesenet tilbaud eigaren ein ny elektrisk motor då dei la om vegen i staden for at dei måtte mure fint opp vasskanalen – men eigaren sa nei, her skulle vera vasshjuldrift! Står du ved vasshjulakslingen og ser mot vest så ser du enno restar av murane som vassrennene har stått på. Dei var ganske høge, og det fins også restar av sjølve rennene litt lenger mot vest. Dei som ligg



Reimskiver, høvel og murar til husa og vassrennene kan du framleis sjå der Mosaga i si tid stod. Foto: Jan Robert Wick.

der i dag er restar at dei som vart laga til når saga vart bygd i år 1800. Oppe ved rennene er det også restar etter eit par små hus – det var felles slipesteinhus for Reintongardane og Slettemogardane. Hit måtte dei gå med ljårne for å få slipt dei i slåtten for grove (bekken) i Reintongardane var oftast turr om sumrane. Ein kan også framleis sjå litt av inntaket for vatnet til vassrennene. I tillegg til renna som førde vatn til vasshjulet var det også bygd ei renne ved sida av som ein brukte til å fløyte timrestokkane frå elva og inntil saga. Mosaga var ei flaumsag og berre i bruk i vår- og haustflaumane.

Restar av høvelen frå år 1900 ligg også på sagtomta. Den vesle bakken på «Kongevegen» like før den blir borte i nyevegen heiter Sagbakken.

4.7: Kaparsteinen

I Sangenuten budde det i farne tider ein jutul som vart kalla Sangemannen. Jutlane likte ikkje på kristenmanns gjerd, og då Holskyrkja vart bygt, (den kyrkja som stod i Kyrudalen) likte Sangemannen det dårleg og vart sinna. I sinne tok han ein alvorleg stor stein og kasta mot kyrkja, men han hadde nok overvurdert seg sjølv, steinen var for stor og nådde ikkje fram. Den datt ned like ved elva der han ligg den dag i dag. Kor gong kyrkjeklokkene i Holskyrkja ringjer, ruggar steinen på seg. I elva like utanfor steinen er det ein høl som heiter Kaparhølen. Der har Sangemannen søkkt ned alle sine koparkjelar, den eine utanpå den andre. Ingen har enno fått desse opp – dei er for tunge. Den store steinen som Sangemannen kasta, blir kalla Kaparsteinen.



Kaparsteinen som ruggar på seg når kyrkjeklokkene i gamlekyrkja ringjer... Foto: Jan Robert Wick.

Tjuve-Botolf skal tidleg på 1700 talet ha drepe ei kvinne ved Kaparsteinen. Den drepne kvinna skal ha greidd å skrive namnet sitt med blod på Kaparsteinen før ho døydd, og sidan den tid har det vore spøkeri ved Kaparsteinen, fortelst det.

Frå Kaparsteinen og vestover kan ein tydeleg enno sjå Kongevegen frå 1826. Den enno eldre ridevegen – allmannvegen – gjennom Hol gjekk også forbi Kaparsteinen, like på nedsida.

4.8: Smiu og Kraftverk og gamle Mobrua

I dette området er mykje soge samla. Ta deg ein tur ut på brua som no er i bruk. Den er frå 1936, og var i si tid bru på riksveg 7 ved Soknadalen, men vart for liten der og dermed vart ho kjøpt av oppsitjarane her og sett opp for å erstatte den gamle Mobrua. Den gamle Mobrua har det vore fleire utgåver av, og dei har alle brukt det store brukaret som enno står til høgre sett frå brua. Brukaret på andre sida er det lite att av no. Du kan følgje vegen mot gamlebrua enno – den går til høgre for noverande veg like inntil dei to gamle bygningane der det fyrste brukaret er. Det står att eit par-tre oppmura stabbar enno. Så var det laftesteinar som låg oppå dei store kampesteinane du ser no før den kom ut på det store brukaret i elvekanten. Hugs at vatnet gjekk mykje høgare opp då enn no – den tida var ikkje vatnet regulert i vår- og haustflaumen. Det gamle biletet viser brua slik ho var etter å ha vorte bygd opp att i 1920. Den fyrste brua veit ingen når vart bygd, men ho gjekk med i den store flaumen i 1860. Bøndene bygde brua opp att etter same modellen, og den var i bruk til 1917 då Budalsdammen rauk. Den store flodbølgja som då kom



*Til venstre smia til Nils Reinton, til høgre smia til Mikkel Slettemoen. Fremst ser du litt av fundamenta til Mobrua.
Foto: Jan Robert Wick.*

rasande tok også med seg Mobrua. Embrik Rudningen f. 1908 var saman med foreldra sine i gang med å setja potet på ein åker like ved elva, og han hugsar enno godt den fæle duren og braken som dei høyrde langt oppe i Mogrenda og den veggen av vatn som kom rasande nedover elvelaupet. Han fortel at eit kvernhus som stod like inntil brua vart lyfta opp og slengd mot brua, knust i tusen bitar og forsvann. Brua vart også rivi laus og følgde med eit stykke nedover og var ikkje brukande meir. Men brua vart altså bygd opp att i 1920 og stod til den nye kom i 1936.



Gamle Mobrua slik den stod til flaumen i 1917 tok den.

Eit praktfullt byggverk.

Foto: Arne E Grøvo. Utlånt frå Hol bygdearkiv.

Dei to gamle plankebygningane som står på nordsida av brua har begge vore i bruk som smier. Den venstre sett frå vegen er den eldste. Den var fyrst i bruk som kraftverk bygd av Mikkel Slettemoen. Han hadde arbeidd ein stor kanal frå storelva og bygd vasshjul med akslingar til smia i bygningen til høgge. (restar av kanalen kan du sjå enno). Om lag 1920 bygde han det heile om slik at det kunne produserast straum her. Heile huset vart støypt, og du kan enno sjå fundamenta til kraftverket. Eit stort svinghjul som vog 1200 kg vart sett opp, og fundamentet til dette ser du også litt av midt på kraftverksfundamentet. Med dette kraftverket fekk Mikkel så mykje straum at han forsynte heile grenda. I smia var det 2 fjørhamrar og ein lufthamar og her arbeidde på det meste 3 ljåsmedar på eingong. Det var grovsmiinga som vart gjort her, finsmiinga av ljårne vart gjort i ei nyare smie som Mikkel bygde på Søre Slettemoen og som i dag er bruk som bustadhus.

Då kraftverket vart flytta, vart den venstre bygningen overteke av Nils Reinton som dreiv si kunstmie her i mange år, ei tid saman med Gunnar Gunnarson. Smia står som den vart forlate av Nils – til og med stigen til soveplassen hans står der enno. Det hende rett som det var at Nils overnatta i smiu etter dagens arbeid.

På vestsida av den høgre bygningen monterte Lars O Slettemoen opp ei sag slik at han fekk saga tømmer til husbygginga si på Vestvoll. Han hadde ein aksling ut gjennom gluggen øvst på veggen som dreiv sagbladet, og han kunne berre saga den tida hamrane ikkje var i bruk!

På vestsida av elva ligg i dag Slettemosaga. Den er opprinneleg bygd i 1947 av Embrik Rudningen. Han fekk kjøpt ein gamal sagbenk av Sigurd Slettemoen, fekk bygd tak over den og fiksa den opp slik at han fekk saga materialar til sitt bruk. Eit par år seinare kom Ola Slettemoen med si sag frå Gol og han overtok tomta og bygde opp det som i dag er Slettemosaga.

4.9: Jutullyftet i Kleivi

Ein gamal skikk var at sterke karar som ville vise kor sterke dei var, lyfta ein stein så stor og diger at dei berre såvidt klarte å lyfte han. Dersom det då kom andre som orka å lyfte steinen enno noko meir, så hadde dei rett til å leggja ein mindre stein oppå den fyrste – denne steinen kallast trøytningssteinen. Du kan sjå slike store steinar med ein mindre oppå einskilte stader i fjellet – dei blir kalla for Jutullyfte.

I Søgner frå Hallingdal heiter det: *«I Kleivi like ved garden Kleivi ligg ein slik gryskile stor stein – eit Jutullyfte med Trøytningsstein oppå. Dette Jutullyftet skal fyrst vera lagt opp at Sangemannen. Han hadde vorte augundsjuk på ein annan jutul som kallast Langesendmannen som budde i Langesendfjelle og som hadde skrytt av at han var like sterkt i armane han som Sangemannen. Sangemannen huga over til Langesendmannen: « Unde på Kleivo visast armstålet mitt, kløyv no ditt, stig i dale, legg på Trøyt å stig so hit». Langesendmannen så gjorde, heiv opp lyftet til Sangemannen og la Trøytningssteinen oppå og deretter steig han opp til Sangemannen. Med det same han stod der, vart han borte og det hørdest ein fælende brak frå Sangenuten då dei to jutulane braka i hop. Dei heldt på så lengje at dei begge dauda og sidan har ingen meir høyrte til verken Sangemannen eller Langesendmannen og det har vore roleg i begge desse fjella seinare.»*

Men Jutullyftet i Kleiva ligg der enno, og det er kanskje herifrå eit av versa på «Kjerringa med staven» kjem?

*«Kjerringa med sleiva, sat der oppi Kleiva
og så vart ho vare Jultulyftet då
jammen var det kara før i verda og,
kjerringa med sleiva, sat der oppi Kleiva»*

Den gamle stugu som står i Kleivi no er den fyrste som vart bygd og kan vera bygd midt på 1700 talet. Stugu er restaurert av Oslo



Jutullyftet i Kleivi. Foto: Thor Røer.

lysverker. Legg merke til den store dørstokken framfor den låge døra. Ein slik høg dørstokk heldt kald luft ute og var derfor ein praktisk innretning. Loftet som stod i Kleiven er selt til Tønsberg – det skal vera bygt om lag 1820.

I Kleivi har me også eit sagbruk som i dag ikkje er i drift. Saga er starta i 1938 og var i drift til om lag 1950. Det var Pål Kleiven, Eirik Breie og Erling Bekkestad som bygde opp Oddesaga.

4.10: Hol stasjon

Stasjonsbygningen ved Hol stasjon er bygd i 1911, 2 år etter at Bergensbanen var opna. Den er teikna av arkitekt Harald Kaas på grunnlag av teikningar utarbeidd av arkitekt Paul Due. Due har bl.a. teikna stasjonsbyggnaden på Haugastøl, og det er desse teikningane som er grunnlag for arkitekt Kaas sine teikningar av Hol stasjon. Den er eit eksempel på Due sine mindre jugendstilbygningar, og er ein eigen variant som det ikkje fins maken til langs Bergensbanen. Den er vurdert som verneverdig. I dag står bygningen akkurat slik den stod mens det enno var trafikk ved Hol stasjon. Den vart lagt ned 30.5. 1965, og fjernstyrt frå 1.12. 1983. I tida 1.1. 1912 – 1.2. 1924 var det også brevhus på Hol stasjon. («Hols jernbanestation»). Den fyrste stasjonsmeisteren på Hol stasjon var Fossum.

NSB dreiv frå 1960 og til tidleg i 1990 åra eit stort pukkverk ovanfor Hol stasjon. Dette forsynte heile Bergensbanen med pukk av ulike kvalitetar i tillegg til at det forsynte lokalmarknaden. Det vart lagt ned fordi NSB ikkje skulle drive med slik verksemd. Vidare på vegen frå Hol stasjon mot Hagafoss går du gjennom grenda Vestlien. Vegutløysinga kom hit i 1912 som ein følge av


at Hol stasjon vart bygd. I «NU» 10.1.1911 står det:
«Ny veg anlegges nu frå Hols stoppested og fram til Holsbruen ved Holsfjorden. Det blir en bred Chausse og skal blive ferdig til våren. Der arbeider en ikke liten styrke under opsynsmand Wessels tilsyn. Siden skal veien forsette bortover Kvisla og Lio til Ustedalen». Det vart ein del trafikk med gods og folk hit, fyrste tida med hestar. Kari Teigen, gift med Pål Kleiven dreiv nokre år før krigen kafe og kvilingsstad for folk som køyrde varer til og frå stasjonen i huset som framleis står og som er bygd i 1911, Granheim. Her var også overnattingsstad og særleg handelsreisande/agentar var overnattingsgjester her. Anders Mehlum budde også mykje her dei siste åra han farta opp og ned dalen med sine «NU». Det blir fortalt at kvar gong Mehlum kom hit, hadde han med seg ein bete godt smør som Kari måtte koke byggraut på. Graut og svart kaffi var Mehlums faste kost her. Hestane fekk kvile i oppsette stallar til det bruket. På skrå opp for «Solbakken» ligg «Jemterudhuset» som var åstad for ei historisk hending i Hol. Oskar Jemterud som arbeidde ved Hol stasjon, bygde her den aller fyrste radioen i Hol i 1924. Eit krystallapparat som knitra og braka, men det var fyrste gong holingar fekk høyre radio. Hit var det valfarting av både ungar og vaksne som skulle prøvehøyre på dette vidunderet. Vidare fram så kjem du til Randenhuset bygd av Nils Nilson Høgberg som kom hit frå Sverige under Bergensbaneanlegget. Huset til Østensen på andre sida av vegen er bygd under siste verdskrig.



*Hol stasjon like etter at den var opna.
 Foto: Ukjent. Utlånt frå Hol bygdearkiv.*

Lenger fram ligg ein gamal løe inntil vegen. Den ligg ved «Asbjødmyra» som Asbjørn Tufto i si tid dyrka opp til slåttemark – den er no lagt brakk. Garden som ligg på høgre hand, Sollien, er fråflytta. Nesten framme ved Kvislabrua ligg Braneshuset (no kalla Furuheim) bygd i 1913. Her budde Torstein Branes (f. 1871) som dreiv som laggar i mange år og som bygde stugu. Torstein var også smed, restar etter smia fins på Branesplassen. Brua over Usta heiter Kvislabrua og er bygd i 1910 -1912. Den er ei bogebru bygd av kila stein – ta deg tid til å sjå litt på den – den er elegant!

Siste arbeidsdagen datt ein av arbeidarane i elva og mista livet. I «NU» den 3.9.1912 skriv Mehlum om dette: *«Brubygger Braathen omkom i vaar under byggingen av bruene over Kvisla i Hol. Et taug rauk, Braathen styrtdede ned i flere meters fald og levde bare litt over 1 time efter aa være taget op. Vejopsynsmand Ødegaarden paa Ø.Eker foreslog at alle Amtets opsynsmænd skulde insamle en gave til enken. Opsynsman Wessel utsendte derpaa lister og der holder paa aa inkomme vakre gaver. Forøvrigt faar enken af riksforsikringen samt 500 kr af en privat kasse som Braathen stod i.* Når du har passert brua har du eit lite gult hus på høgre hand. Her budde Ola Rabbestøl (1887-1958) som dreiv som skomakar i kjellaren her i mange år mens husholderska hans Anne Tillung frå Ås dreiv med strikking for salg i 1. høgda av huset.



Kvislabrua under arbeid i 1910. Steinen dei brukte til å byggje med skal vera kila ut i same området. Bygningskunst av høg klasse! Foto: Olav S Reinton: Utlånt frå Hol bygdearkiv.

Skomakarmaskina er no å finne på Hol bygdemuseum. Røosaga like ved er bygd av Kitil Røo og vart i 1946 seld til 9 Kvislabønder som no driv den som andelslag. Lenger framme passerer du huset til Reinton, bygd i 1950 åra, garden Frydenlund (sjå under gardsdelen) og på venstre hand her ligg «Solhaug» der det flotte tømmerhuset er bygd av Torleiv Reinton (f. 1890). «Kilden» heiter huset til Åmellem som ligg på høgre hand. Det er bygd i 1925 av Knut Paulson Sletto som kom attende til Hol etter nokre år i Amerika og rundt om i Europa. Han dreiv med handel her. Det var særleg tobakksvarer han selde mest av heiter det seg. Huset som Knut Paulson bygde var ganske spesielt. Han ville byggje på amerikansk vis så her var ingen murar, kledningen gjekk ned til bakken og det var nokre bølgeblekkplater rundt huset nedst. Taket var flatt. Innvendig var det nokre spesielle innretningar. Blant anna hadde han ei luke inn til soverommet slik at hushalderska kunne servere han mat gjennom denne om morgonen – ho kunne ikkje koma inn til han på soverommet. I stugu var det ein skråpult inn til eine veggjen slik at Knut kunne stå og skrive.

«Dei som sita og skrive bi så krokut» var hans forklaring på det. Eit rom i huset var heilt utan glas – det var kvilerommet.

Knut P Sletto skreiv veldig mykje, og særleg var han oppteken av verdspolitik. Det er sagt av folk som las dette, at han blant anna mange år før 2. verdskrigen braut ut, hadde skrivi om at dette kom til å skje. Huset «Kilden» vart seld på auksjon for 1500 kr i 1934 og bygd mykje om etter kvart.

I krysset ved Gyrihaugen har du på høgre hand «Veidal» bygd av Nils Slåtto i 1934. (han finn du mykje om i boka «Krigsåra i Hol»). Frå 1934 og fram til 1955 vart det drivi kafe her på Veidal, og det vart også leigd ut til bygdafolk og «rekande» folk.

Under krigen var det lite av det meste, men løysingar var det. Bjørg Odden f. 1932 fortel at ho og systera «Lotte» skulle passe kafeen ein dag under krigen, og nokre byfolk stoppa og ville kjøpe smørbrød. Jentene visste at her var ikkje pålegg, men dei var ikkje rådlause. Dei sprang ut i hagen nedanfor huset, skar nokre tugger med graslauk som dei klippte opp og brukte som pålegg, og byfolka et og let vell!

Der huset til Bjørg Odden no står (1999) hadde far hennar Nils under krigen knottefabrikk. Knott var små trestykke som vart brukte som drivstoff til bilane med sine spesielle knottegeneratorar. I uthuset som framleis står, dreiv Nils Slåtto og John Almhjell nokre år og laga små knivar og slirer.

4.11: Ljåsmia og kraftverket i Sagen

Alt i 1898 var det ei smie nede ved elva her i Sagen. Svein Sagen (1869-1958) gjekk i lære hjå Ole Enderud i Dagali og lærde ljåsmiing hjå han. Han "kokte i smia til Mikkel Slettemoen. Dei ljåemna han fekk laga bar han på ryggen heim til smia i Sagen der han smidde ljårne ferdig for hand. Smia i Sagen var den tredje som vart teken av flaumen då Buvassdammen gjekk i 1917.

Det er fortalt at Rognald Brusletto, som stod bak kraftverket som Buvassdammen leverte vatn til, dagen etter flaumen kom bl.a. til Sagen for å sjå på skadene som var gjort etter flaumen. Der vart han møtt med følgjande helsing: «*Jaså, du kjem sjølv i dag. Me fongo helsing frå deg i går!*» (Det kan nemnast at flaumen øydela 2 småbruk, 2 sagbruk, 4 kvernhus, 7 bruer og 3 smier. Skadene etter flaumen vart taksert til 350 000 kr i 1917 verdi og det vart gjennomført innsamling av pengar både her heime og blant holingar i Amerika)

Ny smie av betong vart bygd i 1920. Brørne bygde samstundes kraftverket for å forsyne garden, smia og mølla. Smia og kraftverket står enno. Svein Sagen smidde til 1945, mens Jon som kom attende til Sagen i 1939 heldt på til han fall frå i 1965.

Smia og kraftverket vart valt til Hol kommune sitt kulturminne i kulturminneåret 1997 og har gått gjennom ei større restaurering dei siste åra.

Dei andre husa i Sagen er desse: Nyehuset er bygd i 1971, den gamle hallingstugu er frå 1873 mens loftet og stolphuset er frå om lag 1880. Badstugu og gamlefjøset er frå 1906 mens låven er bygd i 1840.



*Sagen ljåsmie og kraftverk og kvernhuset til venstre.
Foto: Ukjent. Utlånt frå Hol bygdearkiv.*

4.12: Gyrihaugen

I 1886 sette fattigkommisjonen i Hol ned ei nemnd for å greie ut om det skulle byggjast eit fattighus i Hol. Nemnda fann ut at det var billegare å la fattige gå i legd enn å forsyte dei under eitt! Men saka vart teken opp att, og etter fleire forslag vart det i 1910 valt byggenemnd for å byggje gamleheim i Krullehaugen ovanfor Djupedalen. Men like før dei skulle til å byggje, fremja Ivar Slettemoen framlegg om at kommunen burde byggje gamleheim ved Gyrihaugen, som fattigkommisjonen åtte frå før. Det vart vedteke, og 15. april 1914 var det innviingsfest for Gamleheimen. Ein ny dag rann for dei gamle i bygda. Hol var den aller fyrste kommunen i Hallingdal som hadde gamleheim. Fyrste styraren var Brita Lirhus frå Voss (1914-20). Dei andre Hallingdalskommunane kjøpte seg plassar for nokre av sine gamle på Gyrihaugen.



*Gyrihaugbygningen frå 1914 – Hallingdals fyrste gamleheim.
Foto: Arne E Grøvo. Utlånt frå Hol bygdearkiv.*

Då dei nye aldersheimane på Høgehaug og Geilotun vart bygde i 1950 åra, vart Gyrihaugen overteken av kommunane i Hallingdal og gjort til heim for åndsveike frå dalen og den vart offisielt opna 6. september 1958. (Gyrihaugen var gamleheim til 1955). Det vart etter kvart bygd nye avdelingar, fylket overtok driftsansvaret i 1986 og Gyrihaugen fungerte som ein god heim for sine bebuarar fram til den vart lagt ned som ein følgje av nye reglar i 1989 for korleis samfunnet skulle taka vare på sine psykisk utviklingshemma. Etter å ha vore i bruk som bl.a. asylmottak i nokre år, vart Gyrihaugen i 1995 seld til Gunnar Bjelde som i følgje hans planar, skal nytte bygningsmassen til turiststad.

Natt til 8. februar 1997 brann den gamle bygningen på Gyrihaugen ned til grunnen. I denne brannen gjekk heile arkivet til Gyrihaugen tapt og med det soga om 30 års drift.

Til slutt ein tur langs vestsida og litt om hoppbakkar som ligg her og der i bygda. Turen langs vestsida er ein tur som gir deg ein svært god sjanse til å finne fram til gamle husmannsplassar. Av plassomsyn er dei ikkje teke med her, men Holsboka band III gir deg omtale av alle som ein. Dei har kvar for seg mykje spennande soger å fortelja som kanskje burde vore eit eige hefte?

Turen på vestsida startar ved Holsbrua ved Hagafoss. Vegen langs fjorden er fin å både gå og sykle på, og vil du ta ein avstikkar oppover den gamle Kvislavegen, så er den merka opp. Du finn også eit oppslag om soger til denne vegen like inntil vestsidavegen. Om lag der lysløypebrua står i dag skal det så langt tilbake som i 1625 ha vore anten ei bru eller eit va som hestane kunne gå over. Dette vaet var då fyrst delen av gamle ålmannavegen som gjekk denne leia – du finn deler av den oppover mot Røo. Litt vest for Vetrestø vil du i vegskjeringa sjå eit tydeleg minne om ei stor kolgrop. Den er skore over ved vegbygginga og du ser tydeleg kollaget her i skjeringa. Vidare vil du litt vest for der lysløypa kjem ned på vegen, finne spor etter den hoppbakken som er omtalt under hoppbakkar. Når du passerer jorda på Seimsodden, passerer du også området der «Brøten» budde. Tuftene etter huset hans er borte, dei låg der du finn merket 5.1. på kartet. Stugu låg slik plassert at ved flaumen i 1860 så rodde Brøten inn til stuguhella og batt fast båten i stuguhella er det fortalt. Det spesielle med Brøten var at han kunne demme blod. (Brøten heitte Ola Torgeirson Brøto f. 1826) Fleire soger er fortalt om Brøten og blodemminga, me tek her med eit par: Lars Elven hogg seg so fælt i foten mens han heldt på med bygginga av kyrkjestugu. Dei fekk han til Haugen der han heldt på å blø seg i hel. Doktoren kom til og batt um såret, og presten var med for å lære om det skulle bryte opp att. Det gjorde det. Dei hadde sendt bod på Brøten og han kom. Han stogga blodet, men nekta å lære kunsten bort til presten. Ein annan gong barst det i hop med slagsmål mellom brorson til Brøten, Torgeir Vestafør og Sjugurd Løingslåtta i ei myr sunna Løingslåtta. Dei krancla om eit slåttelende, og Sjugurd brukte ljåen på Torgeir som heldt på å blø seg i hel. Sjugurd tok til sprangs for å varsle Brøten og få hjelp, men Brøten hadde høyrte skriket og skjønt kva som foregjekk og hadde demt blodet på Torgeir då Sjugurd kom fram.

Du kjem snart til Steensheim rekonvalsentheim som er bygd og eigd av Hallingdal vanførelag. Tomta til denne heimen vart gitt av Sten Steensen på Øvremyro i 1966, og den 10.6.1969 vart Steensheim godkjent og den opna for sine fyrste pasientar hausten 1969. Den er seinare utvida med fysikalsk avdeling og har heile tida hatt plass til 15 pasientar.

5.2: Husmannsplassen Kaslehaugen

Alt i 1665 var det ved folketeljinga i Hol registrert 24 husmannsplassar – ikkje alle desse var husmenner, men eldre bønder som hadde overlata garden til yngre folk. I 1711 er det registrert 11 husmenn og frå om lag 1750 kom husmannsordninga i fastare former – då vart bøndene pålagt ved forordning å gi husmennene feste – eller byggesetlar som skulle tinglysast. I 1801 er det like mange husmannsplassar som sjølvstendige gardsbruk

Når husmannsvesenet var på sitt mest utbreidde i Hol, hadde dei fleste gardane på heimsida ein eller fleire husmannsplassar på vestsida av Holsfjorden og andre stader i bygda. Mange av dei som vart husmannsplassar var opprinneleg utslåtter for hovudbølet. I dag finn ein framleis mange tufter etter desse husmannsplassane, og dei er beskrivi i Holsbokas band III. Me nemner i fleng Sindrolsslåtta, Levordsplassen, Mehusslåtta, Løingslåtta, Kjoseslåtta, Myreslåtta, Nedremyrslåtta, Nestegardslåtta, Halingstadslåtta og Hellingstlåtta. Eit eksempel er Kaslehaugen, som i dag framleis står med 2 av husmannshusa på plass.

Kaslehaugen, også kalla Kløvsteinhaugen, vart husmannsplass i 1827. Det var beinharde forhold å leva under, og fattigstellet måtte ofte inn å yte ein skjerv for at dei skulle overleva på mange av husmannsplassane. Den 26.mai 1849 heiter det i fattigprotokollen for Hol: *«Da Knut Larsen Kaslehaugen nu er fra-værende og hans kone med 6 børn intet andet har at leve av en 2 koer hvortil hun ikke har hø, hvorfor disse afgive ubetydelig melk, hvoraf nevnte mennesker ikke kunne leve, så andvises herved til bemeldte kone til udbetaling av Hols fattigkasse 1 – en – spesidaler»*



Kaslehaugen i dag. Den vesle stugu er no riven – dei andre husa frå husmannstida står enno. Foto: Jan Robert Wick.

Ikkje rart at Amerika lokka for mange av husmannsfolka, og frå Kastlehaugen reiste det mange. Nokre av dei har lete etter seg avskjed skrivi med blyant på veggene i husa som står på Kastlehaugen. I 1884 reiste Eilev Olson Kaupang («Kløvstein-Eilev») til Amerika og han skreiv i skålen: *«Eilef Olsen Kaupang. Er nu 22 år gammel 1883. Meget sørgmodig over min Sjebe som jeg går i Møde. Med Taalmodighed overvindes alle Ting. Lev vel mine venner i Granlien.*



Ærbødigst E.O.K.» Olav Sveinson Medhus frå Kastlehaugen reiste også til Amerika og også han har skrivi på veggjen i skålen på Kastlehaugen: «Olav S Medhus, i vaar reiser jeg til Amerika 1894» Han var då 12 år gamal! Heile familien til Olav reiste etter kvart til Amerika.

Olav Sveinson Medhus rissa inn desse bokstavane i 1894 før han 12 år gamal forlet Kastlehaugen og for til Amerika.
Foto: Jan Robert Wick.

Vidare fram så kjem du til Tjuveskørre som ligg litt opp i berga her.

5.3: Tjuveskørre og Tjuvehølu

På 1700 talet var det tronge tider i Hol for mange – bygda hadde altfor mange å brødfø og for lite mat til så mange bl.a. fordi gardane ikkje vart nytta ut slik dei skulle. Dei små skrinne husmannsplassane kunne oftast på langt nær brødfø ein stor huslyd på 10-16 menneske. Det vart sveltihel og ofte tjuving. Den meste kjende tjuven er Botolv Sjugurdson Slettemoen (1693-1730). Også sonen og sonesonen hans vart garva tjuvar! For å få tak i tjuvane gjekk dei ofte burgang – ein slags mann-gard der dei gjekk frå gard til gard og endevendte etter tjuvegods, og fann dei det, hende det dei tok lova i eiga hand og gav tjuven stryk. Tjuveskørre var ein stad der tjuvane gøymde tjuvegods. Den ligg på vestsida av Holsfjorden vest for det nye jordet som er dyrka nedst mot fjorden på Lauvang og er ganske utilgjengeleg. Her vart det under andre verdskrigen bl.a. gøymt ymse våpen. I steinrøysa under Husaraberget finn me Tjuvehølu som også ligg lurt til ovanfor Bergheim. Som namnet seier, så skal det også her ha vore gøymt tjuvegods i eldre tider.

Hoppbakkar

Som i mange andre bygder var det tidlegare mange hoppbakkar omkring i bygda der gutane (og nokre jenter) fekk utøvd den edle hoppporten. Før hoppbakkane si tid vart det nok hoppa også, men då utover røysar og reiner. Dei hoppa som vart bygde før 1890 åra, vart bygd nedst i bakken så dei hoppa utover flata. Den fyrste hoppbakken i Holsbygda var på Tuftejordet (Hellingjordet) like ovanfor noverande kommunehus. Ein gong i 1890 åra kom det instruktørar frå «Centralforeningen til ski-idrettens utbredelse» til Hol for å lære gutane å setja hoppet på bakkekneiken og ikkje nedst i bakken – og det vart andre saker!



*Hopprenn i Grankollen om lag 1912.
Foto: Olav S. Reinton. Utlånt frå Hol bygdearkiv.*

Det vart etter kvart vanleg med ein hoppbakke på alle jorde der det let seg gjera, og det var nokre litt større bakkar som idrettslaget eller andre hadde eit felles ansvar for. Den mest brukte bakken av det større slaget i så måte var nok Grankollen (H1) på vestsida av Holsfjorden, som låg om lag der det i dag går ein traktorveg/akebakke. Bakken er bygd i 1906, og her har vore mange hopprenn som samla svart av folk. Her var to bakkar, ein stor og ein liten, og begge hadde isen på Holsfjorden som slette. Når Holsfjorden vart regulert i 1950 åra, var det slutt for Grankollen. Siste rennet der var i 1951. Idrettslaget fekk etter skjønning og overskjønning 23 000 kr i erstatning av Oslo lysverker til å byggje ny hoppbakke, og då vart Furukollen (H2) bygd ved idrettsplassen. Furukollen stod ferdig i 1957, og Ole Geitsund frå Ål sin bakkerekord er på 52 m. Bakken var i si tid den største i Hallingdal. Den grodde til etter kvart som interessa for hoppporten minka, og då idrettsanlegget vart bygd ut i 1970 åra, vart bakken øydelagt.

På Synste Sindrol – Jorde – låg Seimsbakken (H3). Bakken vart bygd i 1937 av Jens Sletto, Olav og Knut T Seim og far deira Torstein samt Harald Solberg. Den var fast samlingsstad for ungdom frå heile grenda så lenge den var i drift og mange renn både for Hol og heile dalen vart arrangert her. Seimsbakken fekk sitt endelykt då Grendavegen i gardane vart bygd og som ei erstatning for Seimsbakken vart Hansekollen (H4) bygd tidleg i 60 åra. (Den er oppattkalla etter Hans Nestegard – framifrå idrettsmann gjennom mange år). Skulehusbakken (H5) bak Hol skule var også umåteleg mykje brukt både i skuletida og utanom og var nok den viktigaste opplæringsstaden for unge hopptalent frå Hol. Då Televerket bygde sin koblingskiosk midt i unnarennet og skulen vart utvida, var skjebnen besegla også for denne bakken. På vestsida av Holsfjorden sin søre del hadde søre grenda ein krevjande bakke – unnarennet syner enno i skogen, og også her var isen i bruk som slette. Jens Sletto hadde i mange år ein framifrå hoppbakke i gardstunet sitt der han samla ungane til renn og trening jamt og trutt i mange år.

Steinrøyser/steingjerder

«Om arbeid vitnar dei desse grender, det er stein på stein kvar ein auga vender.»

Slik heiter det i Svein Nestegard sin hallingsong, og ingen som har arbeidd litt med jorda her i bygda kan anna enn å gi han rett i dette. Steinfull jord har gjennom generasjonar sitt arbeid vorten til god slåttemark, gode beiter og fine stølsvollar. Ein svenske som var slåttekar ein stad i bygda skal eingong ha sagt følgjande når det røynte på: *«Her er sten på sten og sten mellom stene og her slår fanken inte jag»*. Eg hugsar godt at ei idrettsjente frå Hol, Mona Fuglstad i ei såkalla «enquete» i Hallingdølen for mange år sidan svara slik på spørsmålet om kva ho ville vise

ein framand som kom til bygda: «*Eg vil vise dei steinrøysene*», sa Mona «*dei viser at her har folk fått arbeide og slite for å få levelege kår*». Uvanleg klokt svar av ei 14 års gamal jente! Den steinfulle jorda har vore ein voldsom utfordring for folket som rydda grendene her, og det var nok nokre blant desse som tok seg aldeles belgen på stein. Det blir fortalt om nyryddarar som har køyrt bort 50 000 steinlass i si tid! Ikkje minst på stølane kan me sjå eit anna resultat av ryddinga, steingjerdene. Her fekk dei til stengsler for dyra av den steinen dei måtte ha bort for å få til god beitemark og slåttemark, og du blir ofte ståande stum av undring over kor mykje arbeid dei må ha lagt ned i dei mange steingjerdene. Dei er ikkje berre kasta opp – mange av dei er flott mura og står like fint den dag i dag. Slik også med steinrøysene. Ta deg tid til å sjå litt nærare på ein del av dei mange røysene som enno ligg att her i bygda – du vil finne mange flotte mura røyser som både vitnar om hardt arbeid og ikkje minst om folk som sette si ære i å gjera fint og skikkeleg arbeid. For ganske få år sidan vart det betalt gode tilskot til bønder som ville fjerne røysene sine – no er dei freda dei fleste og det må søkjast om løyve før du kan fjerne ei røys!



Steingjerder og røyser – viktige kulturminne og vitnar om folk som sleit for å vinne att jord som kunne gi dei noko å leva av.

Foto: Jan Robert Wick.

Om gardsbruka i Hol og husa der:

I denne bolken er det ei kort omtale av husa på gardane i Hol og Moen ordna alfabetisk. Dei gardane som av ymse grunnar er med i omtalane elles i heftet, finn du berre namnet på her – du finn meir om dei på andre oppslag. Gardsoversikten byggjer på Norske gardsbruk si siste utgåve.

BERGHEIM: Bergheim er samansett av husmannsplassane Husaraplassen og Tufteplassen som i 1920 vart selde til Sigurd O Smedsplass som også gav garden namnet Bergheim. Hallingstugu her er bygd i 1944 av Olaf Bergheim og her er brukt laftetømmer frå den gamle låven på Husaraplassen og den gamle låven på Eikro. Olaf bygde også låven og fjøset i 1939. Stabburet er flytta hit frå Eikro og er truleg bygd av Asle P Smedsplassen som hadde plassen Eikro frå 1860 – 66.

På Tufteplassen har nok det fyrste stavhoppet i Holssoga funne stad! I følge «Søgnir frå Hallingdal» skal Ola Gunnarson Reinton (f. 1758) ha foreteke dette her ein dag sist på 1700 talet. Det var mens Pål Nerol arbeidde på Tufteplassen at Ola kom innom på veg til Vestlandet for å selja tobakk.

«Vil du Pål selja ai halv matte tobak åt me» sa Ola, «skal e syne de ait maisterstykke som du alder har set slikt fyrr å snaudt fær sjå me».

Pål va sjølv ain spræk kar, å hadde hug til å sjå slikt; han vart no figin ve detta, å sa at han skulde taka um de so va ai hail matte. Ola såg ai mælingstøng låg tett ve, å denne tok han å raiste ho på endin i markenn ovafyrr fjøsveggi. Ai mælingstøng e seks alni. So la han ai an støng uppå øvre endin på dai å sette hin inni veggjemote. Derette knepte han upp broki ve knjøne, for rymde tarst allestane, sa han, tok se so sprang ait langt stykkji å kasta se i vere på ain staur, han helt i høndenn, å skaut se over ræla, so at han inkji snart dei.

«Har du sett slikt fyrr ell høyrte nokon ha gjort de, Pål?» sa han. Pål stod i tvel, um han skulde tru sine aigne augu.

BERGLI: Bruket blir framleis ofte kalla Hjalmeplassen og omfattar også tidlegare husmannsplassane Øvre Sindrolsslåtta, Myreslåtta, Sveinslåtta, Levordslåtta, Kjoseslåtta. Namnet Hjalmeplassen skal koma av «hjalmr» som tyder ein stakk av høy, korn e.l. Hjalmeplassen var husmannsplass alt i 1720 då kalla Mehusslåtta. Midt på 1700 talet skal det på Hjalmeplassen ha levd ein kar som heitte Viking og som var ein uvanleg sprek kar. Då dei bygde bru over Hagafossen om lag 1760 gjorde Viking det karstykket at han gjekk over fossen på den fyrste stokken og midt på stokken stoppa han, slo ut armane og snurra rundt på ein fot og gjekk vidare! Hjalmeplassen vart eige bruk om lag 1800. Dei husa som står på Hjalmeplassen i dag er delvis bygd av Svein S Reinton som åtte Hjalmeplassen frå 1860. Ei lita stugu som har stått her svært lenge, er nyleg restaurert. Våningshuset er bygd av Svein om lag år 1900. Siste brukar var Olav O Bergli f. 1907. Far hans Ola gav staden namnet Bergli,

sette opp nye uthus inntil dei gamle og flytte eit stolphus frå Myreslåtta til Bergli.

BERGVOLL: Eigentleg ein vår og slåttheimstøl under Nordre Medhus. Mikkell Medhus fekk kjøpt denne saman med stølen Øvrestølen i 1936 for 1500 kr av bror sin – det var han som gav staden namnet Bergvoll. Huset lengst til venstre er opphavleg ei stølsbu frå tida då her var heimstøl. Mikkell bygde den noko om i 1936. Uthuset er også bygd i 1936. Stugu lengst til høgre er flytta hit i 1961 og er opprinneleg ei gamal stugu frå Medhus, bygd av Per Person om lag 1740.

BRØTO: Brøto er rydda og bygd av Torgeir G Kaupang frå 1827 og vart eige bruk frå 1909. Våningshuset er gammalt – bygd om lag 1830 av Torgeir og på bygd i 1920 av Ola K Brøto. Her er to stolphus, det eine bygd av Knut Brøto om lag 1870, det andre bygd av Ola Brøto i 1930 åra Eldhuset, fjøset og låven stod her då Knut O Øyn Brøto flytte hit i 1909. Både Ola og Knut Brøto var postberarar, Ola i 11 år og Knut frå 1943 til om lag 1974.

DOKKEN – SOLHEIMSSLÅTTA: Rydda som plass om lag 1800 av Arne Sjugurdson Ølmedokken, vart eige bruk i 1826. Driftsbygningen er bygd i 1934 av Vebjørn Rue Dokken som også bygde bustadhuset i 1940. Loftet er det einaste av dei gamle husa i Dokken som står att, ingen veit når det er bygd.

ELLINGPLASS: Ellingplassen vart sjølvstendig bruk i 1910 etter å ha vore plass under Søre Nerol frå om lag 1803.

Har også gått under namna Brøtaslåtta og Tuftehaugen. Ellingplassnamnet fekk den etter Elling T Kvamshaugen som bygsla plassen frå 1825-1880 åra. Stugu på Ellingplassen skal vera bygd av han, seinare bygd på av Sigurd Ellingplass. Eirik Torsteinplassen kjøpte plassen i 1910, tok ned alle husa og flytte dei dit står i dag. Fjøset stod opprinneleg på Husaraplassen og er flytta hit av Asle Ellingplass sist på 1800 talet.

ELVEN: Elven er rudd av Lars Hanson Elven frå 1844, og var plass under Nordre Hallingstad fram til 1881. Hallingstugu her er bygd i 1913 og ombygd i 1931. Stolphuset er bygd omkring 1870, driftsbygningen i 1892 og den er restaurert i åra 1980 – 85. Elven har sitt eige vatningsanlegg som nok er av dei aller eldste i Hol, det er nemleg bygd alt i 1936 av Arne Elven.

FJORDHEIM: Fjordheim er kjøpt frå Myljo Medhus i 1908 av Ola K Uthus. Låven og fjøset her er bygd i 1934, det bakre bustadhuset i 1956 mens det nye fremste er bygd i 1995 til erstatning for det gamle huset som bl.a. inneheldt den gamle stugu som var sett opp i 1908 og seinare modernisert.

FJORDHAUG I: Om fyrste delen av saga om Fjordhaug kan du lesa om under avsnittet om husmannsplassar der Kastlehaugen er omtala. Etter at Olav Fjordheim hadde kjøpt staden i 1933 selde han den til Tolline og Johan Trondskog i 1949. Nyehuset er bygd same året, ombygd i 1989 og 97. Fjøset og låven er frå husmannstida.

FOSSHEIM: Ola O Slettemoen kjøpte av Mikkell delar av Søre Slettemoen i 1906 og la dermed grunnlaget for Fossheim som han rydda og bygde av rå rot, her var berre skog og stein då Ola starta. Våningshuset i sveitserstil er bygd i 1906, same året er driftsbygningen bygt og eldhuset og smia er begge bygde om lag 1910. Stolphuset er bygt i 1925,

FRYDENLUND: Bustadhuset her er bygd i 1912 og er i dag i bruk som utleiehytte. Driftsbygningen er bygd i 1916. Frydenlund vart eigen gard i 1912, skilt ut frå Trøgathon.

GJERMUNDSHAUGEN: Nyehuset er bygd i 1973 mens den noko ombygde hallingstugu er bygd om lag 1860 av Andres Gjermundshaugen. Det nørdeste rommet i denne stugu er det eldste, opprinneleg eit eldhus – nokre år seinare bygde grannen Tor Hago ei stugu sønnafor med ein gang i mellom. Stolphuset i bakgrunnen er bygd omkring 1870 og flytta hit frå Gjerda av Knut H Halingsstad mens låven og fjøset er frå 1978. Gjermundshaugen var opprinneleg ein husmannsplass under Medhus frå 1831 og vart eigen gard i 1881.

GRANHEIM: Våningshuset er bygd i 1911 og driftsbygningen og løa omkring 1920. Granheim er rydda av «Kristi-Eilev» som bygsla plassen av Nordre Moen frå år 1800. Staden er også kalla Liaplassen og Grøvaplassen i tidlegare tider.

GRANUM: Pål Slettemoen selde Vestvang til sønene Botolf og Sigurd i 1939, og Botolf fekk øvre delen. Granum er delvis samansett av dei tidlegare plassane Nedremyrslåtta, Løingslåtta og Nedre Sindrolsslåtta. Det eldste bustadhuset er bygd i 1940 og uthusbygningen i 1946 på den gamle Løingslåtatomta

HAGO: Hallingstugu i Hago er bygd i 1925 av Haldis Hago, stolphuset i 1948 og driftsbygningen i 1950, begge av Peder Halingsstad. Nyehuset er frå 1977. Hago var utslåtte til Medhus frå svært langt attende og fyrste husmannen heitte Tolleiv Gjermundson Hago som budde her frå 1786. Hago består i dag av Medhushago og Halingsstadhago, og vart sjøelveigarbruk frå 1889 (Halingsstadhago frå 1835) Den kjende timremannen og snikkaren Tor Hago sette i si tid (om lag 1840) opp ei uvanleg vakker hallingstugu i Hago som og var fint rosemåla, den står no i Iungsdalen som hytte.

HALINGSTAD SØRE: Namnet Halingsstad kjem av Hardingstad som skal bety at ein mann frå Hardanger i si tid var den som rydda garden. Den store flotte hallingstugu er bygd i 1929 av dåverande eigar, bonde og mykje brukt timremann, Ola V Halingsstad. Driftsbygningen er opprinneleg frå 1925 og stolphuset er ombyggt i 1927, begge av Ola. Det gamle fjøset vart bygd om i 1986 mens det nye sauefjøset vart bygd til i 1974. Søre Halingsstad eig i dag også tidlegare Myljo Halingsstad – der er husa borte. Den gamle stugu på Søre Halingsstad finn du som Rønningenstugu ved Smestad. Stugu er svært gamal, truleg frå midt på 1700 talet.

HALLINGSTAD NORDRE: Nordre Halingstad er frådelt Søre Halingstad i 1790 og var prestegods til 1837 då Tor Halingstad løyst ut prestegodset for 400 spesiedalar. Stolphuset er bygd om lag 1850 mogleg av Tor, låven i 1934 av Syver Halingstad og modernisert i 1988. Dagens bustadhus er bygd i 1976 og kårstugu bakanfor er bygd i 1982 på tomtene etter ei eldre stugu (frå 1934)

HAUGEN – SAUSGARDHAUGEN: Opphavleg plass under nordre Slettemoen frå om lag 1742 og eige bruk frå 1840. Gamal hallingstugu sett opp av Sjugurd Sausgardhaugen i 1860 åra. Nytt våningshus bygd i 1981, stabbur og verkstad frå 1941. Verkstaden er bygd av Torgeir Haugen som var kjend bl.a. for produksjonen av «Hallingknivane». Torgeir var treskjerar. Han og kona dreiv også campingplass her frå 1950 åra

HOLSHAGEN NORDRE: Garden Hagen vart delt i 1779 då Daniel Hagen selde halve garden til Ola Torson Halingstad d.y. og dette vart Nordre Holshagen. Låven og stugu han sette opp står på Folkemuseet på Bygdøy no. Det eldste huset her er hallingstugu til høgre som er bygd om lag 1850 mogleg av Sjugurd Hagen, mens driftsbygningen er bygd i 1957 av Hans Nestegard med påbygg i 1973, 1984 og 1994. Dagens bustadhus er bygd i 1975. Mehlum skriv i «NU» 12.12.1911: *«Hans O Nestegard var den første i Hol som reiste til Kristiania med en jernbanevogn med fe til Fellesslakteriet. Han hadde 13 festykker»*

HOLSHAGEN SØRE: Søre Holshagen er også frå 1779, og Daniel H Hagen heldt dette att som hovudbøle då han selde andre halvparten. Namnet Hagen går i papira tilbake til 1588, og fyrste kjende eigaren av Hagen var Asgrim Person Rue. Dei opprinnelege husa på Hagen har nok stått der husa på Søre Holshagen står i dag. På Søre Holshagen er låven og fjøset bygd i 1944 av Olav Holshagen, dei tre gamle husa eldhuset, loftet og stolphuset er alle bygde om lag år 1800, venteleg av Knut P Hagen. Hallingstugu i bakkant skal vera bygd om lag 1850 – den er også påbygd i 1936 og 1984.

JORDHEIM: I 1906 selde Birgit Sindrol som enke garden til Sander A Nestegard og heldt unna den delen av innmarka som var vest for Sindrolsgrove og dette vart til Jordheim. Ho fekk bygd bustadhuset og uthuset same året, bustadhuset er no mykje ombygd. Gråsteinsmurane er gjort av svenske rallarar. Eldhuset er bygd av restar etter bygginga av bustadhuset og uthusa i 1908-09. Eit lite stabbur tok Birgit med seg frå Sindrol og sette opp att i 1906 – dette står no på Ustaoset. Den raude løa nede ved vegen er bygd i 1936 for Svein Rudningen som då hadde Jordheim. Han bygde samstundes om forhusa i låven. Stolphuset er bygd i 1949 for Lars K Rudningen. Bustadhuset til Asle Rudningen er sett opp i 1957.

KVAMMEN: Namnet Kvamen kjem frå gamalnorsk Hvammr som betyr ein stutt dal eller ei dokk med høgder omkring og med

opning til ein kant. Kvamen er å finne tilbake til 1580 talet og fyrste kjende brukaren var Knut A Kvamen i 1620. Dei gamle husa i Kvamen er stort sett borte. Den eldste stugu finn du i dag som bustaden Bergtun vest for Gjermundshaugen, denne kan vera bygd tidleg på 1700 talet av Pål Nedremyr som hadde Kvamen ei tid. Loftet, som no står i Dalen i Hovet, kan vera om lag like gammalt mens stolphuset står ved Strandavatn. Den gamle hallingstugu som står att er frå 1846 og bygd av Sjugurd O Kvamen. Driftsbygningen er frå 1966.

KVAMSHAUGEN er rydda frå 1688 av Eilev Asleson. Den kvite hallingstugu til høgre er restaurert i 1935 og bygd på i 1960. Inne i denne er det ei svært gamal hallingstugu kosta opp av Haldis O Kvamshaugen mellom 1744 og 1751. Loftet har årstalet 1778 hogd inn og er den gongen sett opp av Helge Andersen som var i Kvamshaugen som husmann frå 1770. Men mykje av loftet er nok mykje eldre då det her er brukt stokkar av den gamle loftsstugu frå 1600 talet. Kvamshaugen vart hardt råka av flaumen frå Damtjødn i 1876. Den tok bl.a.med seg eldhuset her samt kverna i Kvamen og brua til «storvegen». To unge jenter, Rangdi Kvamshaugen og Margit Kvamen, 23 og 14 år vart og tekne av skriu, Margit vart berga, Rangdi mista livet. Fjøset er bygd ca 1900 for Jon Haugen av tømmermannen Eirik Ellingplass. Saue- og hestestallen samt utløa er frå midt på 1800 talet.

Nede ved Storelva står det ein låve som er bygd i 1930 – 31. Goffa til Olav Sletto åtte Kvamshaugen nokre år frå 1889, og dottersonen Olav Sletto, Hols store forfattar levde saman med goffa sin også her. Dei fine skildringane av gjætarlivet og stølslivet i Per bøkene til Olav Sletto er henta frå minna hans som gjæslegut på stølen til Kvamshaugen, Helgesetstølen.

KYRUDALEN – sjå eige oppslag om den fyrste kyrkja i Hol.s 61 LAUVANG: Lauvang er opphavleg ein husmannsplass unna Søre Nestegard og vart sjøelveigarbruk i 1837 som Nestegardsslåtta. I 1883 vart nedre og i 1895 øvre Trinteplass (Halingstadslåtta) kjøpt attåt og slege saman med Nestegardsslåtta til bruket Lauvang som fekk namnet sitt i 1929. Nestegardsslåtta har vore husmannsplass så langt tilbake som på 1700 talet. Den gamle garden Lauvang ligg øvst på eiegen, og her er bustadhuset frå 1905 sett opp av Torgeir Nestegardsslåtta, som også hadde sett opp fjøset og låven i 1900. Han har også sett opp det eine av stolphusa, det andre er bygt om lag 1930. Dei to stallane er frå 1950 og 60. Nyefjøset og låven er bygd i 1975.

LIEN NORDRE: Nordre Lien vart tidlegare kalla Solheimslie/ Solheimslie og var plass frå 1807 til søre Solheim, frå 1838 under søre og nedre Solheim. Sjølvstendig bruk vart Nordre Lien i 1888. Plassen er fyrst nemnd i 1749. Ola T Slåtto d.y. som saman med Turid S Solheim overtok Nordre Lien i 1888 har bygd dei fleste husa som står i dag. Bustadhuset er bygd i 1902

og påbygd i 1978. Stolphuset om lag samstundes, det same er fjøset og stallane. Låven og utløa er restaurerte om lag 1930.

LIEN SØRE: Enkja Eli Arnesdotter er den fyrste me kjenner til som budde i Søre Lien i 1755. Søre Lien var opphavleg plass under nedre og øvre Reinton, men alt i 1797 under øvre Reinton aleine. Frå 1924 er Søre Lien sjølveigarbruk. Hallingstugu i søre Lien er frå 1869 bygd av Sjugurd Søre Lien som også bygde stolphuset og hestestallen. Stugu er påbygd i 1987. Den gamle driftsbygningen er frå 1948 og er bygd saman med fjøset frå 1951. Ny låve er sett opp i 1997, nytt fjøs planlagt ferdig år 2000. Ei lita smie er bygd like før 1940 og er no i bruk som bryggerhus.

LUNDE: Lunde er samansett av plassane Lunde og Eikrudn og fyrste brukar var Torstein K Seim frå 1912. Han hadde alt året før sett opp både våningshus og låvebygning som bae står på tomtene til plassen Eikrudn. 2. høgda på bustadhuset er bygd på av Knut T Seim. Husa i plassen Lunde vart tekne ned – stugu er i dag stølsbu på stølen Leino ved Strandavatnet.

MEDHUS – sjå under Blomstugu.s. 43

MOSLÅTTA – sjå eige oppslag s. 19

MYRO – sjå under gamlestugu på Myro s. 50

NEDREMYR – sjå eige oppslag s. 29

NEROL – sjå eige oppslag. s. 24

NESTEGARD NORDRE: Den storfelte hallingstugu er bygd i 1944 av timremannen Asle Slåtto og inneheldt bl.a. den praktfulle Trollstugu. Loftet på garden er frå 1883, stolphuset frå 1796. Driftsbygningen er frå 1962. Gamlestugu er truleg bygd av Engebret Larson Nestegard om lag 1810 og flytta dit ho står i dag og noko ombygd av Ola Nestegard om lag 1860. Det var «Kongen», Tolleiv Myhren frå Skurdalen som utførde arbeidet. Loftet er bygd i 1783 av Lars A Nestegard. Stolphuset er bygt i 1796 av Lars Larsson Nestegard og det er truleg også han som har bygt eldhuset som står på garden i dag. Badstugu og kverna er truleg hus som har følgt med i flyttinga om lag 1750.

Nordre Nestegard vart eigen gard etter at Nestegard vart delt i 1633 og låg fram til 1750 norda Skriu. Garden har også hatt namnet Skriu og den udelte garden finn ein brukarar på frå 1560. Nestegard betyr den nederste garden, dvs. i forhold til Halingsstad.

NESTEGARD SØRE - sjå eige oppslag om loftstugu s.45

NESTHEIM: Nestheim var opprinneleg ein støl til Nordre Nestegard og vart sjølvstendig bruk i 1917 då Svein Nestegard selde dette til broren Asle som saman med kona Sigrid bygde opp bruket. Hallingstugu som står der i dag er den gamle stølsbua som Asle bygde om i 1917. Han fekk også bygt låven og fjøset i 1924. Den nye driftsbygningen er bygt i 1988. Det store våningshuset er bygd i 1947, det nyaste i 1979.

PLASSEN: Plassen sin fyrste kjende brukar er Knut Urehaugen født i 1774 som tok rudningslendet som var her frå før i bruk

som plass i 1802. Den kjende kjellarmannen og fyrtilsmannen Ola Teigestugun kjøpte det meste av Plassen i 1885 og var her til 1902. Husa som står her i dag er 2 gamle stolphus, eit eldhus og skåle som også er gamle. Driftsbygningen er restaurert i 1948 og nyehuset er bygd i 1987.

REINTON NORDRE: I 1785 selde Knut L Reinton nordre halvparten av garden sin til nesteldste sonen, Svein og den vart frådelt i 1787 som eigen gard. Hallingstugu er frå 1787 og bygd av fyrste eigaren. Gamlestugu her er bygd i 1910 av Olav O Reinton, flytta hit frå Søre Sletteemoen. Stolphuset er frå 1817, men tømmeret som er brukt her er frå den loftstugu som vart sett opp i 1787. Den gamle smi er også sett opp av Olav, som var ljåsmed. Den er også flytta frå Søre Sletteemoen og hit og kor gamal den eigentleg er veit ingen. Han sette også opp låven i 1944 mens fjøset er nytt i 1985. Nyehuset er frå 1971.

REINTON SØRE: Namnet Reinton fortel at gardane ligg på ei hylle i landskapet, ei to. Nedre Søre Reinton skal vera den opphavlege Reintongarden og fins nemnd tilbake til 1548 med Olav Knutson som fyrste eigar. Hallingstugu her er frå 1862 bygt av Ola Olson I som også bygde stallane, det gamle fjøset og stolphuset på 1880 talet. Nytt fjøs er bygt i 1993 og nytt våningshus i 1965.

REINTON ØVRE: Den fyrste eigaren og brukaren som er kjent er Halvor Sumbrei som ikkje budde der men som åtte garden. Garden låg tidlegare på hylla noko ovanfor dagens gardstun, og det er mykje som tyder på at ein her har den «toa» ein finn att i endinga i Reinton. Ei to er eit gammalt namn for ei hylle i landskapet, og Øvre Reinton er garden som har vore den opprinnelige Reintongarden. Erling Perstølen som hadde Øvre Reinton frå 1924 flytta heile det gamle tunet ned dit det er i dag, bygde ny stugubygning i 1926, ny uthusbygning i 1929, som er bygt om i 1987. Nyehuset er frå 1972. Den gamle stugu står som stølsbu og er frå 1784

RUDNING: Rudningsnamnet er ikkje så gammalt. Garden heitte frå starten Myljo Nerol og vart til i slutten av mellomalderen ved at Nordre Nerol vart delt slik at det var 3 gardar: Nordre Nerol, Myljo Nerol og Søre Nerol og dei hadde husa i ei klynge. I 1791 vart Myljo Nerol flytta dit gamlestugu står att i dag. Gamlestugu og loftet er bygt 1801 av Svein O Rudningen. Han hadde mista ei stugu i brann 10. juni 1801 og før vinteren kom hadde han fått sett opp den nye stugu som altså står der framleis, måla av rose-målaren Rishovd. Det store kvite huset i Rudning er bygd i 1908 på gamle gardstunet og flytta hit i 1941. Nyehuset er frå 1979. Det vart bygd ny driftsbygning i 1983. Stolphuset er også frå gamle garden og flytta hit og sett i stand i 1943. Knut og Turi Rudningen stod for den store flyttinga og er dei som bygde opp den fine garden Rudning er i dag. 12000 lass stein vart køyr bort! Det var denne garden (då den låg saman med dei andre

Nerolsgardane) Ivar Asgrimson fekk i løn av lensmann Pål Nedremyr fordi han fukka Fange Liv i Røldal og førde ho attende til Hol om lag 1732.

RUDNINGEN: Rudningen er frå starten bygselbruk unna Søre Slettemoen, men vart eige bruk i 1908. Det er bureisaren Engebret Levordson som har bygd dei eldste hus i Rudningen – då han tok til her var det ei myr og elles berre skogen. Dei 2 hallingstovene i år 1880 og 1910. Den eldste var ei stølsbu på Nystølen, men folket der reiste til Amerika og så vart stugu kjøpt og flytta hit. Stolphuset er bygd omkring 1910, stabbur/skåle i 1960 og låven i 1870 mens fjøset er frå om lag 1880.

Våningshuset i Rudningen er bygd 1950 av Embrik Rudningen. Far til Embrik, Eirik, var bl.a. gråsteinsmurar og var med og bygde stasjonshusa både på Finse og Haugastøl og var møllar ved Hol mølle på Hagafoss i 40 år!

RUE NORDRE: Eigen gard frå 1814 då den opphavlege nordre Rue vart delt i det som no er Myljo Rue og Nordre Rue. Dei gamle husa er borte med unntak av loftet som er frå 1877 og bygd av Sjugurd Person. Ved utskiftinga i 1927-29 vart eigaren pålagt å flytte Nordre Rue lenger nord og husa som står der i dag er bygd opp i samband med dette av Ola Pålson Fløto. Våningshuset er bygd i 1932 – det nyaste i 1974. Låven med stall og fjøs i 1930.

RUE MYLJO: Myljo Rue er den opphavlege Nordre Rue inntil 1814 – då vart namnet Mylljo Rue teke i bruk etter delinga. Våningshuset er bygd i 1913 av Knut T Rue – den erstatta då ei gamal og noko dårleg stugu som stod sønnafor loftsstugu som vart selt i 1912 til bortflytting og den vart i 1929-30 flytta til Drammens museum. Stugu er modernisert og bygd på i 1975. Stolphuset frå om lag 1765 og det gamle fjøset frå 1772 er dei einaste av dei gamle husa som står att. I stolphuset her er det fine blyglas. Driftsbygningen er bygd i 1967.

RUE SØRE: Søre Rue er den opphavlegast av Ruegardane, og her har blant anna vore krongods. Fyrste kjende buseten i det udelte Rue var Asgrim Person Rue. Det var han saman med sønene som stod for ugjerningen mot broren Ola Person på Seim i 1625 (Sjå eige oppslag om dette). Det var etter at Asgrim var avretta (halshogd) at Rue vart delt i to. Loftet er bygd av Nils Olson Rue i 1809 (står innskrive på reane), hallingstugu om lag 1880, stolphuset om lag 1850 (var i si tid ungkarsoftet til Halvor Rue, meir kjend som Henry Thompson som bl.a. gav pengar til bygging av Hol kyrkje og kommunehus). Driftsbygningen er flytta dit den står i dag om år 1900, då er også stallane og fjøset bygd inntil.

RUESLÅTTEN: Var opprinneleg ei slåtte unna Rue og er rudt om lag 1750 eller før. Det eldste våningshuset er bygd i 1868 med tilbygg frå 1954 mens det nye er bygd i 1990. Dei to stolphusa er frå 1809 og 1890, det eldste er bygd av Levord Nilsen Rueslåtta, det yngste bygd av Håkon Oleivson Rueslåtta. Levord sette også

opp fleire hus som i dag er borte. Den eldste driftsbygningen er frå 1925, bygd av Eilev Håkonson Rueslåtta, som også bygde nye stallar i 1909. Eilev bygde også på stugu og han bygde eldhuset. Den nye driftsbygningen er frå 1982

SEIM – sjå oppslag side 55

SLETTEMOEN SØRE: Truleg er Søre Slettemoen den eldste av Slettemogardane og fyrste kjende eigaren er Knut Slettemo frå 1593. Den kjende stortjuven Botolv S Slettemoen som levde frå 1703 og sønene hans går det mange soger om, sjå Holsbok 1, s. 355-59. Det eldste huset på Søre Slettemoen er stolphuset frå 1799 bygd av Embrikk Slettemoen. Stugu er bygd om lag 1800 av tømmer frå ei enno eldre stugu og bygd på omkring 1908. Eldhuset frå 1964, driftsbygningen frå 1965 med nytt fjøs i 1991.

SLETTEMOEN MYLJO: Myljo Slettemoen er skilt ut frå Søre Slettemoen i 1823 med Ola O Slettemoen som fyrste brukar. Våningshuset på myljo Slettemoen er bygd i 1971 og erstatta då ei gamal dobbel hallingstugu som no er rivi og selt til Numedal. Den var bygd i 1850 åra og svært fint måla. Ola bygde også stolphuset om lag 1840. Loftet er frå 1870 og driftsbygningen frå 1912 mens nyehuset er bygd i 1971.

SLETTEMOEN NORDRE: Nordre Slettemoen hadde svært mange plassar under seg på vestsida av storelva og i den nordlege delen av Mogrenda. Den er nemnd som gard i 1624. Her står ei av dei to loftsstugune i Hol, bygd i 1796 av velstandsmannen Sander Slettemoen. Dei fekk stormålaren Kristen Aanstad til å måle ho. men det er fortalt at ei seinare gardkjerring på Nordre Slettemoen ikkje likte rosemålinga og fekk røykt bort det meste! Kårstugu er bygd i 1870, loftet omkring 1720, dette kom opprinneleg frå Søre Slettemoen. Stolphuset, det gamle fjøset med stallar, låven og kårstugu er bygd om lag 1870 av Guttorm O Slettemoen, hendig snikkar og smed. Guttorm var ved sida av Asle Myro den fyrste med handelsbrev i Hol, også han fekk handelsbrevet 1.2.1860. Nyelåven og fjøset er bygd 1987 og 1992. Nytt bustadhus bygd i 1998.

SLETTTO – sjå under Bergstolen til Olav Sletto s.76

SLÅTTO SØRE: Søre Nestegard var eigar av Søre Slåtto då den var i bruk som støl fram til 1853 då Tomas O Kvamshaugen vart fyrste brukar etter at Søre Slåtto vart plass som den var fram til 1894, I stugu på Søre Slåtto, som no er nyrestaurert, er det bygd inn ei stugu frå Kvamshaugen, flytta hit av Tomas. Ola T Slåtto bygde stugu større i 1903-04 og utvida ho meir i 1915, han sette opp låven og stolphuset, som han flytta frå Trinteplassen. Sonen Tomas er den som har bryti opp mesteparten av jorda i Søre Slåtto, han drog med handemakt all steinen vekk, ein vinter heile 640 lass!

SLÅTTO MYLJO: Myljo Slåtto var også heimstøl under Søre Nestegard og var ein del av Nestegardsslåttene. Her vart sjølveigarbruk i 1863 då Ola L Tverrånsslåtta kjøpte. Hallingstugu i bakgrunnen på garden er bygd omkring 1900. Den var opprinneleg ei gamal stølsbu som stod der, men Halstein Slåtto tok bua ned og laga ei stugu av henne. Stugu er noko ombygd i 1925. Stolphuset er også bygd av Halstein i 1918.

Driftsbygningen er frå 1984 mens nyehuset er bygd i 1975.

SLÅTTO NORDRE: Nestegard vart delt i to (sjå under Nestegard) og då kom den nørdeste Slåtta til Nordre Nestegard. Den var også i bruk som heimstøl, men Nordre Slåtto vart eige bruk i 1828 med Engebret L Slåtto som fyrste busitjar.

Bustadhuset er ei noko ombygd hallingstugu bygd i 1925, men den skal ha stått her sidan tidleg på 1800 talet. Den vart ombygd i 1942 og 1964. Stolphuset er bygd mens Asle Myro hadde garden mellom 1839 og 1881 og bygd på av Knut O Slåtto. Driftsbygningen er frå 1938, bygd av Knut O Slåtto.

SMEDSPASS: Inntil 1870 var Smedsplass (Nerolsmoen) plass unda både Nordre og Myljo Nerol. Det er Nørdeste søre Nerolsmoen som i dag er Smedsplass og den er rydda av Knut O Søre Nestegard frå 1751. Det er truleg også han som har gitt namnet til plassen for Knut var smed og sidan vart plassen heitande Smedsplassen. I 1870 vart det sjølveigarbruk, og Asle P Smedsplassen tok ned alle dei gamle husa og sette opp nye. Våningshuset bygde han om lag 1890. Den vart bygd større og utvida av Sigurd Smedsplass i slutten av 1950 åra, og er bygd på i 1986. Eldhuset kjem frå Rudningen og er bygd om lag år 1820 og flytta hit midt på 1940 talet. Driftsbygningen sette Sigurd opp i 1961

Den gamle stugu like inntil vegen nedanfor Rudningen kalla «Høgstad» er sett opp i 1930 av Eivind Smedsplass. Eldhuset på nedsida kjem frå Fjordheim og er bygd om lag 1910, flytta hit om lag 1960.

SMESTAD: Smestad er sett saman av fire parsellar som Eivind Smedsplass, seinare Smestad kjøpte og dyrka, og han sette opp både våningshuset og driftsbygningen på Smestad i 1947 då han og familien flytte dit. Garasjen og smia er bygd i 1950.

SOLHEIM NEDRE OG ÅKREMYREN: Nedre Solheim har ei hallingstugu bygd i 1839 mens nyehuset er frå 1972. Loftet, eldhuset og eit timra grisehus er alle frå 1852, fjøset frå 1911 mens låven er påbygd i 1977 saman med stallane. Garden Åkremyren er rydda av rå rot av Sander Asleson Åkeren født 1828 og garden har namn etter han. Han kjøpte området i 1854 unna Solheim og livet som Sander og kona Ingebjørg hadde på Åkremyren i åra frå 1854 kan på mange måtar samanliknast med livet dei fekk prøve dei som flytte frå Hol til Amerika og rydda land frå nyo der. Der dei starta var det ei bitteliten slåtte med ei dårleg lu på og dei budde då ei stugu sør for Nedre

Solheim. Andre året (1855) fekk dei seg opp eit fjøs og då budde dei der mens dei fekk opp stugu. Mat var det svært dårleg med den fyrste tida men etter kvart fekk dei i alle fall ei tønne korn frå åkeren dei hadde bryte opp samt litt poteter. Den kyra og geita dei hadde fyrste tida måtte dei få hus til i Solheim og Ingebjørg bar i fyrsten kumøkk frå nabogardane til mat til kyra. Om vårane var Sander på Vestlandet på arbeid for å tene seg nokre kroner. Sander er ein av dei aller fyrste som arbeidde opp myr i Hol og alle grøftene er tekne med trespade med jernsko på! Så fekk han då også medalje for nyriddinga av Åkremyren.

Løa er restaurert i 1977. Stallen er flytta frå Søre Lien til Åkremyren i 1869 og stallen var då i følgje papira gamal. Fjøset er bygd i 1855... Låven er bygd i 1876. Smia er flytta til Åkremyren frå ein annan gard, ukjent når. Garden omfattar elles 2 stabbur, ei hallingstugu, (bygd i slutten av 1850 åra) samt eit fjøs. Gangen på stugu er bygd på like etter siste verdskrigen.

SOLHEIM ØVRE Loftet som stod her er i si tid selt til Olav Vindegg og låven står i dag på Bardøla høgfellshotell.

Våningshuset er restaurert i 1989, stolphuset er frå 1977 og driftsbygningen frå omkring 1950.

SOLSTAD: Dette er ein ganske ung gard og kjem frå nordre Solheim. Guttorm Trøen kjøpte ein del av innmarka i 1925 og bygde våningshuset same året (seinare utvida noko), driftsbygningen er bygd i 1927. Stolphuset er sett opp av Ole Walaker omkring 1955. Jorda i Solstad var uvanleg steinrik, Guttorm skal ha køyrt bort over 20 000 lass stein frå jordet.

SVEINHAUG NORDRE: Nordre Sveinhaug vart eige bruk i 1813 etter å ha vore plass under Breiehagen sidan 1735 då han som har gitt namnet til garden, Svein Kringleslett bygslo og brukte plassen. Husa vart flytta dit dei no står av Torgeir Sveinhaug på 1820 talet etter at dei tidlegare hadde stått lenger nord, på Veslehaugen. Våningshuset er bygd om lag 1800 og bygd på 1938 av Kari Sveinhaug. Driftsbygningen er frå om lag 1900 bygd av Torleif Sveinhaug. Hallingstugu, eldhus og stolphus er av dei husa som vart flytta hit og kan vera frå midt på 1700 talet. Kari Sveinhaug dreiv campingplass her frå 1960 – 1975.

SVEINHAUG SØRE: Også Søre Sveinhaug kjem unna Breiehagen og vart eige bruk i 1804. Den fyrste brukaren Ole Nilson Breiehagen Sveinhaug har bygd både hallingstugu og stolphuset i 1809. Ole og kona Ingebjørg åtte mykje og vart rekna av dei rikaste i bygda. Ei herme etter Ingebjørg då ho eingong sat på Sangestølen og såg utover alt dei åtte: «Å nei, me kunne no alder bi fattige me, som ha so mykje» – men det enda opp med tvangsauksjon. Husa på Søre Sveinhaug stod før nedanfor vegen men vart flytt dit dei står i dag av Sjugurd Sveinhaug i 1830 åra. Han bygde då også loftet som står der i dag. Driftsbygningen er frå 1941 og våningshuset om lag 1960, begge bygd av Tomas Sveinhaug.

SØNDROL NØRDSTE – sjå under Kyrudalen s 61

SØNDROL NEDRE: Nedre Søndrol er den garden som har gitt namnet til Hol, og her er då truleg den eldste garden i Hol. Ein finn dokument som omtalar garden alt i 1360. Den vart delt i 1797 (Sjå Kyrudalen). Nyehuset frå 1975.

SØNDROL NORDRE: Det eldste våningshuset er bygd i 1870 og er måla av Rishovd, ombygd i 1923, nyehuset er frå 1977. Loftet, fjøset og låven er bygd om lag 1700 av Knut Levordsen Sindrol (far til Levord Knutsen som fekk barnet med Fange Liv), eldhuset omkring 1960 og smiu på nedsida av vegen er bygd i 1938. Dei gamle gardshusa vart flytta like etter 1800 frå husklyngja saman med dei andre Sindrolsgardane til dit dei står i dag.

Nordre Sindrol har vore eigen gard sidan mellomalderen og den fyrste kjende eigaren og brukaren er Torstein om lag 1520.

SØNDRÅL ØVRE: (Også kalla Søre Øvre Søndrol). Øvre Søndrol var kyrkjegods til 1815. Denne delen av Søndrol vart skilt ut frå Nordre Søndrol i 1693. Husa vart flytta opp dit garden ligg i dag i 1830 åra. I loftet på Øvre Søndrol finn ein framleis ein del av eit stort bord som stod i den gamle store stugu på Søndrol, det var nesten 5 meter langt og er 70 cm breitt. Det er mykje truleg at dette er restar etter tingbordet i den gamle tingstugu som har stått på Sindrol der me veit at det var ting i eldre tider. Bustadhuset er opprinneleg den gamle stugu frå godt 1830, men Ola Sindrol («Sindroln») tok ho ned og bygde ho opp att i 1910. Den er påbygd i 1963 og 1981. Loftet er bygd om lag 1830. Låven er frå 1855, mens fjøset er frå 1973. Same ætta har pr. 1998 vore på denne garden sidan 1612 – nesten 400 år!

SØNDROL SYNSTE: Synste Søndrol eller Jorde vart skilt ut frå Øvre Søndrol i 1842 då Herleik Person Høgnerud kjøpte den delen og tok med seg ei stugu og stabburet i flyttinga. Han reiste til Amerika i 1861 saman med 11 andre frå ungeflokken! Før han reiste dit, budde han på husmannsplassen Frydenlund som ligg like ovanfor åsvegen ovanfor Jorde. Huset dei budde i er i dag stølsbua på Steinstølen – sjå på den og hugs at der budde det foreldre og 11 ungar! Eirik O Nerolshaugen kjøpte då, og Eirik er den fyrste tilsette postberaren i Hol. Han gjekk til Gol og henta posten for Ål og Hol dei fyrste åra, seinare køyrde han. Han var også den som gjekk omkring med kunngjeringar for lensmannen, og han var uvanleg lett på foten: På same dagen kunne han gå til Vats om morgonen og gjera sine lensmanns-ærend der, så over åsen til Hovet, innom fleire stader og så over ein ny ås til Ustedalen med nye ærend der og i Lio på vegen heim att – og heime var han ved 5 tida om ettermiddagen! Han var også den siste sjølvlarde sylvsmeden i Hol – stugu han brukte til sylvsmie står i dag på stølen Nedre Skarset.

Gamlestugu som Eirik sette opp om lag 1870, finn du i dag Norda Skriu – kledd og raudmåla. Bustadhuset er bygd i 1910

på dei gamle tomtene av Guttorm Holestøl. og ombygd i perioden 1963-87. «Veslestugu» er bygd om lag 1912 – stolphuset i 1958 og driftsbygningen i 1967.

SØRHEIM: Sørheim er bygd opp av Jens J Sletto frå 1922 etter at han kjøpte stykke Brekka av Torstein Seim og gav det namnet Sørheim (søre Seim). Han har bygd både den storfelte stugu-bygnanden på halvannan etasje (1922) og driftsbygningen (1932) samt stolphuset i 1932. Jens var ein av dei siste store fehandlarne i bygda.

TIMRA («TIMRUN»): Timra vart eige bruk i 1875 med Knut Timra som fyrste eigar. Her var opprinnelege to stolar til Øynagardane. Gamlestugu er bygd av Knut og utvida av Nils Høgberg om lag 1915. Stolphuset er frå stølstida om lag 1853. Driftsbygningen er sett opp i 1946. Nyehuset vart bygd i 1942 og er seinare restaurert.

TVERRÅNSLÅTTA: Tverrånslåtta vart eige bruk i 1859 slik me kjenner det i dag etter at nordre delen vart eige bruk i 1849. Plassen høyrde tidlegare til Rudningen og Nerol, og har vore i bruk som plass sidan 1804. Den halvannan etasjes hallingstugu er bygd om lag 1905 av Lars O Slåtten som også har sett opp loftet og eldhuset om lag same tida. Driftsbygningen er bygd i 1954 av Olav Slåtten. Ved Tverrånslåtta stod det tidlegare ei sag, bygd i 1800 av Ola Olson Brattåker. Han bygde utan løyve og fekk ei bot på 9 riksdalar for det. I 1802 fekk han løyve til å drive saga fordi det berre vart skore mindre mengder tømmer her i vår- og haustflaumane.

UREN: Uren har nok vore ei slåtte langt tilbake, men i 1751 vart det eige bruk skilt ut frå nordre Slettemoen med Kolbjørn T Slettemoen Uren som fyrste brukar. Uren hadde mange plassar under seg. Hallingstugu og eine stolphuset er frå om lag 1850, det andre stolphuset frå 1880. Eldhuset er frå 1925, driftsbygningen er bygd i 1953 og nyehuset i 1976

VESTVANG: Vestvang er bygd opp som ny gard av Pål O Slettemoen frå 1906. Då kjøpte han husmannsplassen Nedremyrslåtta og etter kvart fleire mindre område. Fram til 1919 rodde han foret over Holsfjorden til buskapen han hadde ved Hol pensjonat, som han åtte. Huset han sette opp i 1919 står framleis noko påbygd og modernisert omkring 1945. Driftsbygningen bygde han i 1937. I si tid dyrka Pål opp 44 mål med stubbebrytar og handmakt.

VESTVOLL: Vestvoll er opprinneleg ein gamal heimstøl unda Slettemoen, men vart eigen gard i 1913. Den er broten opp av så å seia rå rot av Lars O Slettemoen. (Brørne Pål og Ola gjorde det same med Vestvang og Fossheim). Han sette opp stugubygningen i 1915-16, loftet i 1931, bryggerhuset i 1921 og ny låve i 1933, fjøset i 1934. (Han hadde bygd begge deler før, i 1914-16). Føregangsmann på silonedlegging og Bygdahalls far.

Holsåsen

Holsåsen har sidan 1993 ved hjelp av eit stort prosjekt som grunneigarlaget stod bak, vore gjennom eit storarbeid. Målet med arbeidet har vore å få rydda opp att dei attgrodde stølsvollane og stigane og å få informasjon omkring stølane og andre kulturminne i området. Prosjektet vart avslutta i 1998 og er av dei største og mest omfattande kulturlandskapsprosjekta i Buskerud så langt. På dei følgjande sidene vil du finne stigane på Holsåsen og den informasjonen som er med på dei einskilde stølane og kulturminna. Dette vil venteleg gi deg enno meir lyst til å ta turar i det flotte kulturlandskapet me har her – no er alt lagt til rette for at du skal kunne bruke området.

Det er utarbeidd eigen brosjyre for området og kart med tilvisingar er slege opp ved alle stigkryss. Same kartet finn du på sde 124 i boka og same nummeringa er brukt som tilvising i boka.

Når det i omtalen av stølane blir vist til skisser eller nummer på tufter, så er skissene oppslege på kvar støl og ved kvar tuft er det slege opp nummerskilt som gjer det lettare å orientere seg.

Hugs også at det er laga til 3 grillplassar langs Åsbrøtstigen. Her er også slege opp plakatar om plante og dyreliv. (I omtalen her er berre teke med stølar som ligg innanfor det opparbeidde stignettet)

ÅSBRØTSTIGEN går frå Sletto til Kalveskallen og er innom mange tidlegare heimstølar til gardane i Holet. Det er ein lettført stig som har mange avstikkarar ned til bygda slik at det kan gjerast mange rundturar. I 1997 vart det gjennoppdaga ein heilt spesiell lavart i området du no går gjennom. Småblæreglye heiter den, og her finn du Noregs klart største førekomst av denne lavarten som er så sjeldan at den står på FN si raude liste over artar som er i fare for å bli utrydda! Den fins ein stad til i Norge, på ei osp i Ringeby! Småblæreglya heldt altså til på ospa og er vanskeleg å finne. Undersøkingar foreteke i samband med at denne arten vart oppdaga her på nytt, viste også at det er eit veldig spennande planteliv i området. Småblæreglya vart fyrst oppdaga her i 1918. Truleg har den kome hit med vindar frå Sverige (som har Nordens største førekomstar av denne arten) og akkurat her har den altså funne optimale vekstvilkår og vorte relativt mykje utbreidd. Området er føreslege verna på grunn av denne sopparten.

Langs Åsbrøtstigen vil du også sjå mange groper som er minner frå kolbrenningstida her i området og det er også fangstgraver. Nokre av desse er merka med skilt. Går du nokre meter ut frå stigen vil du nokre stader finne at det er ganske tett med slike groper, noko som tyder på stor aktivitet i området langt tilbake i tida.



Den fyrste stølen du kjem til er

NEDRE SKARSET 2. 2. Denne delen av Skarset høyrer til Synste Sindrol, også kalle Jorde. Garden var tidlegare ein del av Søre Sindrol, men den garden vart delt i 1837 og då fekk Synste Sindrol eller Jorde halvdelene i stølane Skarset, Steindnstølen og Smattan. (Jorde sin del av Smattan vart selt til Søre Rue i 1847). Stølsbua her er opprinneleg ei gamal stugu bygd av Erik Olson Nerolshaugen (1820 – 1912) og brukt som stugu for Erik og kona Mari etter at dei måtte gå frå garden etter tvangsauksjon i 1855. Sonen Lars kjøpte garden. Erik og Mari sette opp den vesle stugu og budde der og dreiv bl.a. som sylvsmed – han var den siste sjølvlærde sylvsmeden i Hol og dreiv med dette til han døydde 92 år gamal i 1912.

Går du litt på skrå nordaust frå Nedre Skarset kjem du til Øvre Skarset som høyrer Øvre Søndrol til. Her står ei velhalden bu.

OLEIMSET: Namnet Oleimset kjem av mannsnamnet Oleifr, som er ei sideform av Olafr. Oleimset består av 2 stølar. Den du no står på, høyrer til nordre Søndrål, og har vore heimstøl deira. Stølen er rydda og bygt opp av Knut Levordsen Sindrol (1660 – 1760). Han hadde garden frå 1693 – 1756. Knut la ned stølen «Ingridstølen», som til då var heimstølen til Nordre Sindrol og rudde frå nyo Oleimset. Han opplyste sjølv i eit gardssyn at han «hadde rudt Oleimset med bu og fjøs». Det kan tyde på at nordre enden av bua har vore brukt til å ha dyra i.

OLEIMSET I: Denne delen av Oleimset høyrer til Nedre Søndrol. Den har vore heimstøl til Nedre Søndrol frå 1797–1881, og innimellom også i bruk av Kyrudalen og Nordre Sindrol. Det er mogleg at dei tuftene som ligg lengst vest er restar etter husa som Sindrol/Kyrudalen brukte. Nedre Søndrol slutta å støle der i 1918.

Bua som er merka 1 på skissa var i bruk til 1918 og måler 5,5x3,6 m. Tuft nr. 2 er tuft er 5,5x 5 m, og er restar etter ei større stølsbu. Legg merke til den flotte muren i framkant av hustuftene

På tuft nr 3 er har fjøset på Oleimset stått. Den måler 6,1x5,1 m. Tuft nr 4 er restar etter eit av dei husa som venteleg er brukt av Sindrol/Kyrudalen når dei brukte Oleimset som støl. Dette er tuft etter fjøs med trev. (Trevet hadde dei høyet i) Det har vore eit ganske stort bygg, 7,6x7,4 m. Her har dyra stått i den delen som har vore mura, trevet har vore av tømmer. Murane er i dag 170 cm på det høgste.

Tuft nr. 5 er venteleg ruinar etter stølsbua til Kyrudalen / Søndrol. Den måler 5,2x4,2 m.

Der Åsbrøstigen møter Breigutu kjem du til eit noko spesielt kulturminne – reisteospa som du kan lesa meir lenger uti heftet.

Ved Reisteospa kan du velja fleire ruter, men me heldt fram vidare vestover på Åsbrøtstigen. Du kan også velja å gå ned til Nedremyr ved å bruke Breigutu og du kan følgje Breigutu vidare mot Holsåsen.

URESΛÅTTA 2.5. Denne heimstølen høyrer til Nordre Øvremyro, i dag kalla Myro. Den var i drift fram til om lag 1850. Det var den fyrste eigaren av Nordre Øvremyro, Torgeir Gulsson. f. 1690 d 1762, som fekk åsetesretten til 9 løbbel av far sin mot at han skulle syte for faren så lenge han levde! Torgeir bygde opp garden Nordre Øvremyro nord for Øvremyro, seinare vart garden flytta 2 gonger til dit han ligg i dag.

Stølen var i drift då Torgeir bygde opp Nordre Øvremyro, og det betyr at den må vera rydda og teken i bruk tidleg på 1700 talet! Vollen er tydeleg delt i 3 med steingjerder, og det kan tyde på at den har vorte brukt av fleire eigarar/brukarar. Ureslåtta høyrde til Øvremyro fram til utskiftinga i 1918, men eigaren av Myro hadde del i den heile tida. Ingeborg Myro, f. 1912 har fortalt at dei på Myro slo foret på Ureslåtta fram til tidleg i 1920 åra. Lua på stølen var då så god at dei brukte den til å ha foret i.

VESLESΛÅTTA 2.6. Vesleslåtta er heimstøl under Øvremyro. Det er funne 3 tufter på Vesleslåtta: Tuft nr 1 har vore stølsbu. Austafor sørre hjørna av tufta liggje det ei laus helle/stein som mogleg har vore dørhella til stølsbua. Storleiken på bua har vore 5,3x4,5 m. Dei to andre tuftene må ha vore fjøs og låve, og den minste er 4x3,9 m. Den største er 5,3/6x4,7 m. Det er truleg Stein Steensen Hamarsbøen som har bygd eller flytta hit husa som stod her.

KLØKK 1.3. Namnet Kløkk kan i følgje Oluf Rygh bety «blød,myk» og viser då til det mjuke fjellgraset (kløkket gras). I dette stølslaget er det i dag to stolar, Medhus Kløkk og Nestegard Kløkk. Ingen av stølane er i aktiv drift, dei er begge i bruk som beite til henholdvis sauer og kyr. Buene er restaurerte både stader. Me finn stølen Kløkk nemnt i dokument tilbake til tidleg på 1700 tallet.

Stølslaget låg sentralt i forhold til ferdselsåra mellom Hol og Vats – Kyrkjevegen. Både Kyrkjevegane møttest her. På Medhus Kløkk skal det ha vore i alt 13 hus på det meste, og når du ruslar over vollen her, vil du finne svært mange tufter etter ulike hus. Det er vanskeleg å vite kva for hus som har vore i bruk når. På Nordre Medhus Kløkk vart det støla til 1944. Siste budeia her var Birgit Olsdotter Medhus f. Bardølsgård i 1894. I fleire år etter på vart foret slege og køyrt heim med hest om vinteren.

Frå Kløkksvollen er det eit uvanleg storfelt utsyn over Nordre delen av Holsbygda og Hallingskarvet.

Tuft nr. 1: Om denne tufta er det ingen som veit noko. Ho ligg under torva, og det tyder klart på at den er av svært gamal dato. Den måler 5x3,7 m, og kan ha vore ei lita bu – kanskje den første på Kløkk.

Løa er tuft nr.2: Denne lua var tidlegare i bruk som stølsbu. Det var Pål Knuston Medhus (1856–1946) som flytte bua dit ho no står omkring 1890, og tok den i bruk som lu. Den stod tidlegare der du finn tuft nr. 3. At den har vore i bruk som stølsbu vitnar bl.a. dei hola som er i sørvestre enden av langveggen. Hola her har vore i bruk for hyller i stølsbua! Den er restaurert i 1996 av Knut og Inger Margrethe Medhus.

På langveggane inne i bua er det svært mange gjæslegutar som har skrivi inn årstal og initialar. Det eldste årstalet som er tyda er 1741. I tillegg til årstala er det ein del «frimodige» teikningar! Tømmeret i lua er grovt, og er hogge i skogen omkring Kløkk. Kor gammal den er, er vanskeleg å tidfesta, men den kan vera bygd på slutten av 1600 tallet eller tidleg 1700 tall.

Tuft nr. 3 er tomtene etter denne lua der den stod då den var i bruk som stølsbu fram til 1890.

På tuft nr. 4 står det i dag eit uthus, flytta hit med bil i 1993. Huset har tidlegare gjort teneste som brakke for oppsynsmannen ved Holsanlegga ved Hagafoss i 1950 åra. På murane her har fjøset på Kløkk stått. Også det var bygd av Pål K Medhus, sannsynlegvis i 1897, og stod fram til 1976 då heile huset rasa saman under snøtyngda. Det hadde takteking av flis.

Tuft nr. 5 er reister etter eit steinhus, steinbu. Også denne må vera svært gamal, ingen har høyrte om noko hus som stod her – det har alltid berre vore murrestane.

Tuft nr. 6 er noverande bu på Medhus Kløkk. Byggherre for denne var Pål Knutson Medhus som hadde Medhus frå 1885 – 1937. Byggmeister var tømmermannen Ola Vebjørnsen Halingstad (1862 – 1943), og byggeåret er 1897. Den var i bruk som stølsbu til 1944. I perioden 1983-1991 vart den teken ned og køyrt til bygdars for restaurering, då den var kome ganske langt i forfallet. Restaureringa var ferdig i 1992.

Den austre delen av Kløkksvollen har høyrte til garden Søre Medhus. Søre Medhus har hatt del i Kløkk i alle fall sidan 1803. Stølen har vore i bruk til 1930 åra, den siste som støla her var Margit Ellingsdotter Medhus(f. 1859). Frå 1950 er vollen slegen saman med Nordre Medhusvollen

Tuft nr. 7 viser murane etter stølsbua på Søre Medhus Kløkk. Denne bua har ikkje hatt anna enn jordgolv, fortalde Ingvald Medhus, og den skal vera bygd om lag år 1800. Det er denne stølsbua du i dag kan sjå på Hol bygdemuseum. Før den kom dit, har den ei litt spesiell søge:

Ein av dei norske bedriftene som skulle vera med på ei stor varemesse i Hannover i 1964 dukka brått opp på Medhus ein dag og lurte på om dei kunne få låne ei stølsbu og ta ho med til Tyskland og bruke den som blikkfang på den store landbruksutstillinga «Die grüne Woche»! Det vart ei samankobling med Hol bygdemuseum som gjorde at dei fekk rett til å setja bua opp att

på museet etter at den hadde vore i bruk i Tyskland. Knut Slåtto reiv ned bua, Halvor Halingstad frakta ho ned til bygda med hest og slede. Den vart frakta til Hannover med båt, bygd opp att der av Knut O Slåtto, og gjorde svært stor lykke som blikkfang for Apotekernes laboratorium! I 1965 vart den sett opp på stølen på Hol bygdemuseum.

Tuft nr. 8: Her er eit hus av den typen de har sett fleire av på heimstølane her: Fjøs i underetasjen og løe i 2. høgda. Murane er også her mura delvis inn i bakken for å gi varme til dyra.

I bakkant av vollen mellom tidlegare Søre Medhusvollen og Nordre Medhusvollen ligg det ei større tuft. Det ligg også fleire tufter bakanfor denne, det same gjer det i området rundt omkring Blank Ola steinen. Alle desse tuftene er det i dag ingen tradisjonar om, men det stadfester det bl.a. Ingvald Medhus (f. 1909) fortalde at det hadde vore 13 hus samstundes på det meste på Kløkk!

På vollen er det eit litt spesielt teknisk kulturminne – festet for løypestreng og restar etter sjølve løypestrengen. Litt lenger nede ved steingjerdet står det restar etter eit av tårna på løypestrengen.



Birgit O Medhus feirar 50 års dagen på Kløkk 7.7.1944: 1. rekke frå v: Helfrid Tufte, Solveig Tufte, Ingebjørg Seim, Gudrun Høgberg med Bitten på fanget, Margit Tvedt, Guri Sundre, Pål K Medhus, Knut Høgberg, Bibbi Kleven, Margit Reinton, Osvald Medhus, Ingebjørg Medhus (2 ukjende mellom dei siste). 2. rekke frå v: Sissel Slåtto, Åsgjerd Johnsen, Anna Noss, Ovidia Søndrol, Gudrun S Nestegard, jubilanten Birgit O Medhus, Olava Nyhus, Lily Nestegard, Guri Bardølsgård, Hjørdis Gunnarson, fru Svendsen, Kaspersen, Mikkel Medhus. Foto: O. Medhus.

Strengen er bygd av Erling Medhus som hadde Søre Medhus til 1950. Det var litt av eit framsteg å få løypestreng opp til stølen – tidlegare måtte alt berast eller kløvjast fram og foret måtte køyrast til bygda med hest om vinteren. Erling hadde også løypestreng frå låven og ned til Holsfjorden bl.a. til bruk for transport av mjølkespann som skulle til meieriet. I ein periode var det mange løypestrenger i Holsbygda anten til fjells eller frå garden ned til bilvegen. Fram til midt i 50 åra var det ingen bilveg av noko standard som knytte gardane til bilvegen ved fjorden. Den gamle allmannvegen var framleis i bruk og gjekk smal og krokut innom alle gardar. Den var ypparleg til hestetransport og gåveg, men etter kvart som bilane kom, var det for tungvint og smal. Løypestrengene ned til bilvegen var då ei løysing som fungerte godt i mange år. Det var løypestreng frå Søre Halingstad, Medhus, Myro, Nordre Søndrol og Ruegardane. Halingstad, Medhus og Øvremyro hadde også løypestreng til stølane sine.



Kløkk vinteren 1942. Foto: O. Medhus.

NESTEGARD KLØKK 1.3. Dette er stølen til Søre Nestegard. På Nestegard Kløkk vart det slege for til tidleg i 60 åra, men stølinga var slutt nokre år tidlegare. Den siste som var her med dyr, var Ragna Nestegard. Som oversiktsskissa viser, er her tufter etter mange bygningar. I dag er det 3 hus som står att: 2 stølsbuer og eit fjøs.

Nr. 1 er fjøset. Ein veit ikkje når det er bygt og av kven, men staden der det står blir kalla for Gamlegjerda.

Nr. 2 er bua på stølen og den er restaurert dei seinare år. Det er Sander Nestegard som har bygd den i 1936-37

Nr. 3: Ingen opplysningar om denne tufta, men staden der den ligg blir kalla Uregjerda.



*Nestegard Kløkk slik stølen såg ut midt på 1940 talet.
Ukjent fotograf. Utlånt frå Hol bygdearkiv.*

Nr. 4: Her har det stått ei løe som vart riven om lag 1985. Det «byggverket» du ser reisten av i dag, er det ungar som har bygd opp dei seinare år.

Nr. 5: Her har det stått ei steinbu som i bakkant var mura inn i bakken, som vanleg var for slike buer. Tufta måler ca 4,8x5 m. Tufta blir kalla for Steinbugjerda, og ligg utanom sjølve Kløkksvollen.

Nr. 6: Dette er tuft etter ei løe. Løa vart kalla for «Gommolue». Dette fordi det var gommo til sjølvfolket på den tida – Åse Sandersdotter Nestegard (1837 – 1924) som brukte løa. Den er 4,7x3,6 m.

Nr. 7: Her har stått ei steinbu og det må ha vore lenge sidan. Den har vore ganske stor, 7,8x5,5 m. Staden blir kalla for «Midtigjerda».

Nr. 8: Dette er stølsbua på g.nr. 16.10 som var skilt ut frå hovudbølet inntil 1997. Den er lafta på ein måte du ikkje finn så mange eksempel på her i området – sinklafting. Det betyr at det ikkje er noko endar som stikk ut på hushjørna. I 1935 vart bua teken ned og restaurert, og eit par år seinare er tilbygget i reisverk bygd. Den er no rive ned for restaurering.

Nr. 9: Dette er store tufter, og her har det også stått eit stort hus – fjøset. I tillegg er det mogeleg at murane lengst vest i tufta er reister etter eit hus som stod der før fjøset vart bygd. Heile tufta er 9,5x6,2 m. Huset som stod her vart rivi då dei bygde det nye fjøset (hus nr. 2), og ein del av materialane vart brukt i det.

SNØYA 2.7. Snøya høyrer til Søre Nestegard, og har vore heimstøl til denne langt tilbake.

Tufta som ligg ganske midt på vollen, er etter ei steinbu. Den måler 5,7x5,3 m. Ingen nolevande personar kan hugse anna enn desse murane. Bua har nok vore i bruk til om lag 1915, og den siste som sat på stølen her, var Åse Sandersdotter Nestegard (1837–1924). I nokre år etterpå vart Snøya slegen. Foret vart turka der og så bore ned til Kløkk, fortel Arne Nestegard, f. 1907. GLENNESTØLEN 2.8. Glennestølen har store vollar, og dei er i stor mon delt opp av steingjerde. Opphavlege har det vore 3 eigarar til desse vollane:

17.1: Søre Halingstad

17.7: Nordre Halingstad

17.3: Myljo Halingstad

I dag er det Søre Halingstad som eig både 17.1 og 17.3.

Mykje av dei flotte steingjerda er bygd opp av Knut Olson Kleppo/Myljo Halingstad, som hadde myljo Halingstad frå 1844 til 1870. Steinane til desse gjerdene bar han fram i ein sjølvлага meis på ryggen! Søre Halingstad (17.1) slutta å støle på Glennestølen tidleg i 1920 åra.

På Myljo Halingstad sin Glennestøl (17.7) var det Mari Pålsson Halingstad (f. 1891) som var den siste som støla. Derfor blir denne delen av Glennestølen ofte kalla for Maristølen etter henne. Nordre Halingstad sin Glennestøl (17.7) vart brukt i åra 1960-21 av Birgit Halingstad (1894–1976). Ho var då på Glennestølen med krytera om hausten. Den eigentlege stølinga var det slutt med lenge for den tid. Stølsvollen vart slegen like fram til 1957. Foret vart dei fyrste åra drege ned til Halingstad. Seinare vart det kjøpt hest, og foret vart køyrt ned Slåttabakkane til Halingstad, fortel Syver Halingstad (1901–93).

Tuftene viser følgjande:

17.1 Søre Halingstad sin del: Her står stølsbua enno. Den har eit tilbygg som i si tid var brukt som forløy. Håkon Halingstad (1897–1992) har fortalt at bua vart riven ned og bygd opp att i 1907. Tilbygget er bygd samstundes. Også på denne bua er det ein del inskripsjonar frå gjæslegutar og andre!

17.3: Maristølen/Myljo Halingstad: Tuft nr. 1: Her er eit nytt eksempel på eit fjøs med trev. Solide murar i fjøsdelen, og over har det tidlegare vor ein timra del der foret var. Den timra delen var riven i 1980. Tuft nr. 2: Dette er tuftene etter stølsbua på Maristølen. Den vart riven i 1986.

Både desse husa er sannsynlegvis bygd av Knut Olson Halingstad, den fyrste bonden på Myljo Halingstad. (frå 1844 då Myljo Halingstad vart eigen gard). Han bygde opp alle husa på garden heime, var ein «nuvl» til å arbeide og bryte jord, og steingjerdene rundt vollen her er bygd av han.

Knut var nøye med at han ikkje skulle arbeide helgedagar. Ein juleftan heldt han på så lenge utover kvelden at det hadde vorten helg. Då synt det seg spøkeri for han, og Knut skjønte etter denne hendinga godt at helg, det skulle haldast!

17.7: Nordre Halingstad sin Glennestøl: Tuft nr. 1: Dette har vore stølsbua på denne delen av Glennestølen. Bua var timra av Asle Olson Nestegard (1880–1950) og Halvor Olsen Halingstad (1876–1962). Byggherrar var Arne Person Halingstad (1866–1924) og kona Turi (1871–1931) som hadde Nordre Halingstad frå 1900 til 1933. (Det var Arne – som også var kyrkje-tenar og gravar – som berga Hol gamle kyrkje frå å brenne ned!) Bygginga gjekk for seg i 1908, fortel Syver Halingstad. Han hadde som arbeid å gå opp frå Halingstad til arbeidskarane med nonsmat kvar dag! Han var då 7 år gammal! Bua vart riven i 1985. Tuft nr. 2 er etter fjøset. Også det er bygd av dei same karane i 1908. Det hadde tidlegare stått i Helgesetlien, og Arne og Turi kjøpte det og fekk det flytta til Glennestølen. Olav Hognerud kørde det til Glennestølen med hest. Fjøset hadde eit tilbygg der det har vore geiter og eit forhus.

I dag er tuftene i bruk som grunnmur for ei brakke.

KLEPPESTØLEN 2.9. Kleppestølen høyrer til bruket Gjermundshaugen. Vollen på Kleppestølen er vid og strekkjer seg ganske langt nedanfor stølsbua. Ola Vebjørnsen nordre Halingstad (1839–1898) gift med Katrine Olsdotter Skaar (f. 1838) budde i Gjerdun frå 1867. Dei budde i eit eldhus, som seinare vart flutt til Kleppestølen, har Turid Hago fortalt.

Stokkane i bua er tydeleg merka, og det tyder på at den er flytta hit. På nordsida av bua er det no ein glugg, her har det nok opphavleg vore vindaug. Rett nedanfor gluggen vil de finne LSR 1909 skore inn i vegg. Bokstavane står for Lars S Reinton, den eine av forfattarane av Holsbøkene.

I dagboka si, kalla Rolf Rimes dagbok, skriv han bl.a. på side 95, som er datert 3. november 1909: «Eg driv og veider om dagen eg no. Hev fenge 2 rupor og ein hare».

Kleppestølen var i bruk som støl til i 1920 åra, den siste som støla her var Barbo Halingstad (1866–1936)

Her på Kleppestølen er det ei stor grop som er eit minne om kolbrenning. På stigen mellom Kleppestølen og Barbostølen vil du dersom du ser godt etter, finne ein flat stein der mange bokstavar/namn er hogge inn. Ingen veit kvifor, det kan vera gjeslegutar som har gjort det som tidsfordriv eller det kan vera ein gamal merkestein for grenser. Av og til finn ein i fjellet steinar som det er krota inn i og det kan nok vera at det er steinar som har noko mjukare materiale i seg enn annan stein og derfor let seg «skrive» i med kniv.

BARBOSTØLEN 2.10. Barbostølen er heimstølen til Nordre Nestegard. Den er nemnt i gamle dokument som Barbostølen alt i 1741, og har nok fått namnet Barbostølen etter Barbo Olsdotter som var gift med Ola Andresson Nestegard, sonen av den fyrste innehavaren av Nordre Nestegard. Nestegard vart delt i 1633 i Nordre og Søre Nestegard. Nordre Nestegard slutta å støle på

Barbostølen tidleg på 1900 talet, og stølen vart seinare leigd ut til eigarane av Nestheim, som støla her til 1950.

1. Stølsbua: Denne var opprinneleg stall på Nestheim, og vart flytta hit av Asle Olson Nestegard, (1880–1950) fyrste innehavaren av Nestheim, som tidlegare hadde vore støl til Nordre Nestegard. Den var i bruk til 1950.

2. Løe: Denne vart opprinneleg brukt som bu, men då den nye stølsbua vart bygd, reiv dei her ut peisen og endra ho til løe. Løa er tømra av osp, noko som er heller sjeldan. Det er usikkert når den er bygd, men den er nemnt i eit gardsoversyn frå 1741.

3. Fjøset: Dette har vore eit stort fjøs til å vera på ein støl. Det måler 12,7x5.7 m. Fjøset er sett opp av Asle Slåtto Elven mellom 1916 og 1920 for dåverande innehavar av Nordre Nestegard, Svein O Nestegard. Store snømengder vinteren 1983 tok knekken på huset.

Frå Barbostølen går det stig ned til Nordre Slåtto, men du kan også halde fram på Åsbrøtstigen mot Kalveskallen. På vegen vil du koma innom

HELGESETSTØLEN 2.11. Helgesetstølen har høyrte til Kvamen frå «Arilds tid» som det heiter, med andre ord så lenge Kvamen har vore. Kvamshaugen – som kjem unna Kvamen – fekk sin del i Helgesetstølen i 1688. Denne heiter Nordre Helgesetstølen. Bua er flytta hit frå ein annan stad, og ingen veit kor gamal den her.

Olav Sletto, forfattaren frå Hol, var gjeslegut her ein del år då goffa hans budde i Kvamshaugen (frå 1891) og skildringane i Per bøkene av gjeslelivet er opplevingar Olav hugsar frå Helgesetstølen blant anna saman med «Storedundra». Den tida budde nok stølsfolket i den bua som har stått lenger oppe på vollen der du enno kan sjå murane.

Åsbrøtstigen blir avslutta ved Kalveskallen, returen kan du kan anten om Nysetfjellet eller du kan gå ned i Slåtto ved Damtjern

Så er me tilbake til krysset ved Reisteospa. No går ruta vidare på Breigutu og går du oppover kjem til Reierslettane, går du nedover kjem til Nedremyr. Men fyrst tek du deg tid til å sjå nærare på eit noko spesielt kulturminne – Reisteospa.

REISTEOSPA 2.4. I våre dagar er det mange gardar i Holsbygda som hentar mykje høyr frå fjellet. Store område er dyrka opp på Holsåsen, og onninga foregår med moderne reiskap og transporten til bygda med moderne transportmidlar.

Å hente fôr i fjellet har lang tradisjon her. Slåttonna tok i tidlegare tider til fyrst i juli og heldt på til slutten av august/tidleg september. Ikkje fôr var slåttan heime gjort unna, så var det å reise til fjells på stølsslått. Stølsslåtten kunne ofte vera sett bort «for sagt» som det heitte. Det betydde at slåttekaren hadde fått betalinga vinteren før. Til stølsslåtten tok slåttekaren ofte med seg huslyden. Mange gardar fekk faktisk meir fôr frå stølane enn

frå innmarka heime. Då føret var slege, skulle det stekkjast. Å laga ein god stakk var ei kunst. I ein god stakk kunne føret liggje til utpå vinteren utan å ta skade av regn og snø. Å få føret heim til gards, var ofte eit blodslit både for mann og hest. Tidleg på vinteren måtte vegen fram til stølane brøytast med hest. Då gjekk bøndene saman om dette. Vegen måtte ofte makast opp før hestene kunne koma fram gjennom snøfonnene. Køyrevegen vart sett på ganske tidleg på vinteren, og når den skulle brukast, var det om å gjera å ha ein hest som fann lett fram i den tidlegare leia. Hestane hadde trugar på føtene slik at snøen bar dei betre, og føret vart drege på førsledar. Å hente ein forlass på Holsåsen var ein lang dags arbeid. Dei starta frå garden i grålysinga og kom attende seint om kvelden. I dårleg vær kunne det vera ein svært strid tørn. Breigutu var ein mykje brukt veg for desse transportane. Her du no står tek Breigutu til å halle sterkt nedover. Det gjer den like til den sluttar nede på Nedremyr. Å sleppe seg nedover her med tungt førlass bak hesten, ville ikkje gått dersom dei ikkje hadde hatt reiste. Den var ei form for bremse til høysleden. Reiste var ein kjetting som vart sett rundt meien slik at den heldt att lasset i nedoverbakkar. På veg opp til støls, hengde køyrekarane reistene sine i denne ospa og stoppa så her og sette dei på då dei kom attende. Derfor har ospa fått namnet Reisteospa. Det var i den store sprekken i ospa reistene vart hengt opp. Ingvald Medhus som køyrde mange forlass frå Holsåsen har fortalt at forkøyringa frå fjellet oftast tok til omkring 1. desember, avhengig av når føret var brukande. Då var det foret frå langstølane som skulle hentast. Vegen som vart brukt gjekk opp Breigutu til Reiarsslettane der vegen delte seg i ein nordre og ein søre veg inn på Holsåsen. Vegen som gjekk til Nyset var den søre vegen frå Reiarsslettane over Støngemyrane bakanfor Øystlihovda over Vesløy og opp til Nyset. Nedremyrstølsvegen tok av der, og vegen til Undehovda heldt fram vidare rett fram. Den gjekk vidare ned til Varaldsetvatnet over det til Smattan. Forkøyringa frå langstølane var oftast ferdig til jul dersom været var nokolunde, men det hende nok at det måtte vente med langstølkøyeringa til sist på vinteren. Frå kvar langstøl vart det kvart år køyrt 9-10 hestelass. Litt nordvest for parkeringsplassen ved Steinstølen gjekk køyrevegen ned, og her er det ei lita slette som ber namnet «Tvillessing». Opp hit kippkøyrde dei mindre lass som dei så lesste over i eit stort for vidare transport innover åsane. Den siste som køyrde før heim frå åsen med hest, var så langt eg veit, Halvard Søndrol i 1965.

Etter jul var det å køyre for frå heimstølane. Vegen hit tok av nedanfor Reiarsslettane gjekk over Ureslåtta og Vesleslåtta til Kløkk. For å få denne vegen til var det mykje arbeid med making og trakking før dei kunne bruke vegen. Forkøyringa frå Kløkk og Øvrestølen var vanlegvis ferdig i mars, og det var om lag 6 forlass frå kvar av stølane. Av og til hende det at dei køyrde ned Snævegen til Nestegard, men som regel vart det til at Nordre og

Søre Medhus laga vegen fram til Kløkk saman og at dei brukte den mens Søre Nestegard kørde Snævegen. I tillegg kom køyringa frå Storemyr då den kom i drift utover i 1920-30 åra. Då vart vegen forbi Melset brukt».

REIARSLETTANE 3.1. På Reiar-slettane er det restar etter 2 stølsbuer, eit trev med fjøs under og ein eldstad. Slike eldstader som du ser reister av her, vil du finne på fleire stølstuffer på Holsåsen.

Det var her dei kokte primen. Buene var som tuftene viser, ofte små, og det var rett og slett ikkje plass til ein eldstad som var stor nok til primkjelen – derfor vart eldstaden lagt ute. Så var det også sikrare mot eldebrann!

Reiar-slettane var tidleg i bruk som ei slåtte – ein stad dei slo foret og tok det heim. Det er kjelder for at dei var i bruk som slåtte i 1766. Husa vart bygd av Pål Olson Nedremyr (1768 – 1834), eigar av Nedremyr frå 1802. Reiar-slettane var heimstøl til Nedremyr. Den vanlege rutinen var at dei sat på (var på) Reiar-slettane frå ei veke til halvannen før jonsok, så eit par veker på Øvrekløkk, og til slutt om lag 8 veker på Nedremyrstølen. Så var det same ruta tilbake om hausten. Som støl har ikkje Reiar-slettane vore i bruk sidan 1913 og då var det bua lengst til høgde som var i bruk. Den andre vart teken ut av bruk tidlegare og i 1950 vart bua riven. Bua til venstre på skissa var bygd av kløyvd 3 " plank, handsaga og bygd av Håkon Nedremyrslåtta. Bua vart om lag 1900 riven ned og flytta til Nedremyrstølen.

Det er fortalt at Pål Olson Nedremyr (1768 – 1834) dyrka poteter på Reiar-slettane like nedanfor bua lengst til høgde på oversiktsskissa. Tuftene midt på skissa er etter eit trev. Her hadde dei høyet i 2. høgda og dyr i 1. høgda. Her har det nok vore både kyr og geiter. 1. høgda har vore av gråsteinsmur, mens andre høgda har vore timra. Også dette huset er bygd av Pål Olson Nedremyr, og bokstavane hans PO var hogd inn i fleire av stokkane. I dag ligg mesteparten av stølsvollane til Myro i samsvar med utskiftinga i 1973.

Breigutu deler seg etter kvart og du kan då halde fram mot Melsetstølane eller ta av til Øvrekløkk. Frå Øvrekløkk kan du ta Bufarsvegen innover mot langstølane eller du kan også gå Søre Kyrkjevegen til Vats. Ruta vår går no til

ØVREKLØKK 3.2. Øvrekløkk er frå gammalt av heimstøl til Nedremyr. Dei var her eit par veker frå Jonsok før dei reiste til langstølen Nedremyrstølen. Stølsområdet er også i dag i bruk som heimstøl både vår og haust, men i tillegg er det dyrka om lag 50 dekar som blir slege og foret transport til bygdars. Øvrekløkk er no delt mellom Nedremyr og Myro. Nedremyr har austre delen, Myro vestre.

Nr. 1 er tufter etter nordre bua på Øvrekløkk: Bua som stod her var bygd av Ola Pålson Nedremyr (1802–1871). Ovanfor døra i

bua stod på ein stokk årstalet 1860, som nok er byggeåret for bua. Pål Olson Nedremyr (1857-1938) flytte bua til Nedremyrstølen i 1910. I dag finn du den att som vestre delen av bua på Nedremyrstølen.

Nr. 2: Fjøset på Øvrekløkk. Bygd av Pål Olson Nedremyr i år 1900. Tømrar Torgeir Nestegardslåtta var med. Dei siste åra er fjøset restaurert.

Nr. 3: Restar etter søre bua på Øvrekløkk. Den bua som har stått her, er atskilleg eldre enn bua på tuft nr. 1 som var frå 1860. Den vart rive om lag 1960.

Nr. 4: Stølshuset på Øvrekløkk. Opphavleg var dette huset eldhus på Nedremyr, men vart flytta til Øvrekløkk som stølsbu tidleg i 1930 åra. Eldhuset var tømra av Håkon Gulleikson Borgen-Nedremyrslåtta (1809–1890) for Ola Pålson Nedremyr. Eldhuset stod på det gamle Nedremyrtunet, vart flytta med til det nye og brukt som bustadhus mens dei bygde nytt våningshus i 1924. I dag er stølsbua også i bruk som utleiehytte etter at den vart påbygd i 1968.

Nr.5: Her har det stått eit fjøs med trev. Fjøset i fyrste høgda, som var av stein, og trevet – til å ha for på – i andre høgda, som var tømra. Murane er 6x5,4 m. Huset vart rivi ned i 1986.

Tilbake til krysset og så ta til venstre i staden for mot Øvrekløkk. Då me du snart passere ei av dei eldste hyttene på Holsåsen. Glørsenhytta. Her kjem også Søre Kyrkjevegen opp frå Kløkk. Vidare fram på Breigutu kjem du til

MELSET 3.3. Melset består av 2 stølar, Øvre og Nedre Melset. I dag er dei begge eigd av Torstein og Torill Seim. Nedre Melset låg inntil utskiftinga i 1973 til Myro. Melsetstølane er mogeleg rydda så langt tilbake som på tidleg 1700 talet. Stein Steensen Hamarsbøen, lensmann og leiande mann i bygdestyringa, hadde Øvremyro frå 1830, og han bygde nye hus på alle stølane, so også på Melset.

På Øvre Melset står det i dag to velhaldne hus, stølsbua og fjøset, men stølsdrifta er slutt. Den siste som støla her var Anne Steensen. Ho sat på stølen til ho var 87 år i 1946!!

Den bua du ser i dag, er bygd i 1923. Det vart då riven ei bu som stod der frå før, og noko av tømmeret i den bua er brukt i den som står i dag. Resten av tømmeret kom frå ei bu som vart kjøpt frå Øyestølen. Bua har no fått eit tilbygg, bygd at Knut T Seim. Fjøset måler 5,3x5,3 m, og er bygd i den vanlege stilen for fjøs. På vestre ytterveggen vil de sjå mange initialar og årstal. Det er også her gjeslegutane/jentene som har skore inn dei fleste av desse, og du vil finne slike «bumerke» på mange stølsbuer her på Holsåsen. Tufta som ligg nedanfor bua, er etter ei løe. Den måler 5,4x4,2 m. Huset som har stått på desse tuftene, vart flytta frå Øvremyro, der det var i bruk som sauestall. (Du ser huset slik det stod på Øvremyro på bildet som står på tavla på Øvremyro.



Øvre Melset om lag 1930. Foto: Ukjent. Utlånt frå Torstein Seim.

NEDRE MELSET: Denne stølen hørde til Myro fram til utskiftinga i 1973 då den vart lagt til Øvremyro. Her finn me 2 hus og 2 tufter. Tuftene er det ikkje mykje att av, og det tyder på at det er svært lenge sidan det har vore hus her. Ingebjørg Myro, f. 1912 har fortalt at det ikkje har vore hus på desse murane etter at far hennar overtok garden i 1887. Ingebjørg Myro var den siste budeia på Nedre Melset i 1972. Kva for hus som har stått på kven av tuftene, veit me ikkje, men storleiken på tuftene kan tyde på at den øvste har vore murar for stølsbua, som har vore delt i 2 rom – den andre er då fjøset.

Frå Melset og innover Holsåsen følgjer du Bufarvegen og du vil snart koma til eit litt spesielt kulturminne som ligg der Bufarvegen har kome inn på Kyrkjevegen.

KASTERØYS (VARP) 1.6 Den røysa du ser her, er restane etter ei kasterøys eller eit varp. Ei kasterøys låg inntil ferdelsvegar og det er oftast knytt sagn til staden kasterøysa ligg. Folk som gjekk forbi her, måtte leggje stein på røysa for å verne seg mot åndene, dei underjordiske og få dei til å halde seg i ro. Røysa du no står ved, har vore atskilleg større tidlegare.

Etter det sagnet fortel, skal det på dei store myrane du ser mot vest og som heiter Storemyr, i eldre tider ha stått eit større slag. Slaget var eit resultat av at det var usemje mellom småkongen i Vats og småkongen i Hol. Under dette slaget skal kongen frå Vats ha falle, og dei jordiske leivningane etter han er det som er gravlagt under denne kasterøysa.

Tradisjonen med kasterøys fins fleire stader i landet, men det er usikkert kor gamal tradisjonen er.

Når du no står her på Kyrkjevegen og les dette – kanskje du skulle leggje ein stein på kasterøysa for å sikre deg mot dei underjordiske kreftene du og?



*Nybyggjarhytta» på Storemyr. Ingvald Medhus på veg heim med forlass med Blakken i skjækene eingong i 1940 åra.
Foto: O. Medhus.*

Før du går vidare innover Kyrkjevegen kan du kaste eit blikk mot Storemyr. I tillegg til hytta står det ei «nybyggjarhytte» som meir minner om hyttene til pionerane på Dakotaprærien. Den som står att her er den eine av to slike som var i bruk mens Knut P Medhus og Erling Medhus dreiv storstila pionerarbeid her med dyrking av myr i 1920 åra. Det var nokre svenskar som arbeidde her og grov kanalar og grøfter med sine spadar, og hyttene var deira husvære under arbeidet. I boka «Heimbygda – ein refleks av landet» er det skrivi meir om dette.

No kan du anten gå innover Nysetfjellet til Brendhovd, eller du kan følgje Kyrkjevegen til Nordheim i Vats eller ta Kyrkjevegen ned att til Holsbygda. Går du vidare på Kyrkjevegen kjem du til utsiktspunktet Syningen. Herifrå ser du mot Reineskarvet i det fjerne og du ser stølslaget med Nedremyrstølen, Leine og Øystlistølen. Du kjem til Nedremyrstølen ved å følgje Kyrkjevegen vidare fram. For å koma til Nyset er det enklast å følgje bilvegen vidare fram så vil du snart sjå eit stølslag på venstre hand innunder fjellet, det er Nyset.

NYSET: Nyset har vore eit stort stølslag for heile Nordre Holet frå svært gammalt av. Det er mykje som tyder på at dei aller fleste gardane frå og med Myro og vestover har støla på Nyset i lengre eller kortare tid. Det vart gjort delingskontrakt 3.11.1749 om deling av stølsvollen der Søre Medhus, Øvremyro og Nordre Øvremyro, Søre og Nordre Nestegard og Kvamen var med i delinga.

Vollen vart delt slik vestfrå: Kvamen fekk 32 alen, Nordre

Nestegard v/Lars Stave fekk 65 alen, Knut søre Medhus fekk 31 1/2 alen, Anders søre Nestegard fekk 63 1/2 alen og Torgeir Øvremy og Ola Myro fekk reisten.

Nordre Medhus kjøpte Kvamsdelen tidleg på 1800 talet. Det fins ikkje papir på dette, men Andres Halvorson Kvamen stemde den 3.12.1810 Eirik Kittilson nordre Medhus for forlikskommisjonen med odelskrav mot Eirik. Han skulle gi frå seg den delen av Nyset han hadde kjøpt av Kvamen samt Feten. Andres Kvamen fekk løyst inn at Nysetdelen for 107 riksdalar, men i 1819 selde han denne til Gunnar Mølnedalen, som tok stølen i bruk. Det er uklart når denne delen vart selt til nordre Medhus frå Gunnar Mølnedalens etterkomarar. I 1875 hadde sonen til Gunnar Mølnedalen, den illgjetne Ola Gunnarson Mølnedalen (kalla for «Dalingen» – skal ha teke livet av 3 menneske, dømd til tukthus og reiste seinare til Amerika) gitt skøyte på Nyset til Svein M Solheim.

Den 7.juni 1824 selde Ola Asgrimson Søre Nestegard sin del av Nyset (12 løbbel) til Eirik Kitilson nordre Medhus. Eirik sleit hardt med å klare gardsdrifta, og den 22.6.1849 selde han halvparten av Nyset (6 løbbel av det han hadde kjøpt av søre Nestegard) til Asle K Myro. Denne delen høyrer til Øvremy i dag. Eirik måtte 3 år seinare selja heile garden til Knut Pålson Nedremyr for 800 spesiedalar – så reiste han til Amerika med kona og 7 born, den yngste 1 veke gamal. 3.12.1853 sel Ola Pålson Nedremyr (bror til Knut som kjøpte Medhus i 1852), som då hadde Nestegard nordre, Nestegard sin del i Nyset til Myrogardane for 30 spesi-daler. Dei to gardane Øvremy og Myro får halvparten kvar.

Det betyr at Medhus sin del av Nyset i dag består av Kvamen sin del og halvparten av det som vart kjøpt av søre Nestegard i 1824.



*På veg til Nyset med kløv – Steen Steensen med
«Bruna» på Bufarsvegen om lag 1930.
Fotograf ukjent. Utlånt av Torstein Seim.*

Om husa på Nyset:

1. Stølsbua: Bua er bygd av Pål Knutsson Medhus (1856-1946) i 1895. Den øvre delen – raustet – er henta frå ei steinbu som vart riven på stølen Undehovda. Den var bygd i 1845. Det var samanhengande støling på Medhus Nyset fram til midt i 50 åra, og den siste frå Medhus som «sat på stølen» var Birgit Olsdotter Medhus, født Bardølsgård. Ho slutta i 1944. Etter at ho slutta leigde fyrst Asle og Åsta Elven stølen deretter Mari og Halvor Halingstad og så Ingebjørg Myro og Birgit Nedremyr i eit par år tidleg på 50 talet. Tidleg i 60 åra var stølen leigd ut saman med Øvremyro-delen som geitestøl. Då var det omkring 200 geiter her. Siste gjesleguten på Nyset var Arne Haugen. Hausten 1939 var bua i bruk som anleggsbrakke for arbeidskarar som bygde kraftlina frå Djupedalen til Varaldset. Bua er påbygd 2 gonger. Fyrst i 1942 av Birgit O Medhus, arbeidet utført av Ola Fløto Rue. Seinare i 1995-96 i samband med restaurering av bua. Byggherre Inger Margrethe og Knut Medhus, arbeidet utført av Arne Fuglstad.

2: Fjøsset: Også dette er bygd av Pål Knutsson Medhus. Årstalet 1914 er skore inn i ein av hanebjelkane. Før dette vart bygd, måtte dei tak kyrne inn i stølsbua for å mjølke dei, og om natta låg kyrne ute. Inne i stølsbua finn ein jernringen dei batt kyrne fast til mens dei mjølka, og ein trebenk som det vart lagt salt på slik at kyrne kunne sleikje salt mens dei vart mjølka, står i dag i fjøsset. Den er nesten utsliten på grunn av sleikjinga frå kyrne.

3. Restar etter steinbu: Denne bua er sannsynlegvis bygd om lag 1750 då Medhus fekk del i Nyset, jfr. ovanfor. Bua har vore i bruk som stølsbu fram til bygginga av noverande stølsbu i 1895.

4. Denne blir kalla for Kvamsbua. Som det går fram av innleiinga hadde Kvamen støl på Nyset ein periode. Dette er då restane etter deira stølsbu. Bua har vore tømra, men det er ingen som veit når den var bygd, men det er etter 1749, for det var då Kvamen fekk del i Nyset. Kvamen fekk ved utskiftinga på Holsåsen 1907-1910 sine stølsrettar flytta til Raudtjernstølen og Feten. Kvamsbua vart etter at Medhus overtok denne delen, brukt til å ha geitene i, fortalde Ingvald Medhus. Bua vart riven om lag 1920.

5. Også her har det stått ei stølsbu av stein. Det er ingen som sikkert kan seia kven som har nytta denne bua, men det er grunn til å tru at bua i si tid var den som Nordre Nestegard brukte den tida dei støla på Nyset. Dei hadde i følge skriftlege kjelder stølsbu her så tidleg som 1741, og det var nok på denne tufta. Den er ganske stor, om lag 8,8x7,2 m.

På Øvremyro sin del av Nyset står i dag desse husa:

Stølsbua: Støling var det slutt med på denne delen av Nyset i 1946. Bua er litt spesiell i og med at søre enden er av stein og nordre enden av tre. Bua er bygd i 1860, der ber ei innskrift på søre gavlveggen tydeleg beskjed om «Aar 1860 er denne Bud opsat og bekostet af S. Steensen Myro». (1798–1871). Han hadde Øvremyro frå 1830 -1859 og det heitast at han fekk bygd nye

buer på alle stølane til Øvremyro i si tid. Mykje kan tyde på at bua er eldre enn frå 1860, i alle fall deler av den, og at Steen Steensen i 1860 bygde på ho. Det var Anna Steensen (1859–1952) som støla sist på Øvremyro Nyset, og ho brukte også å ha oppbyggjelege møter i denne bua. Då kom det folk frå dei andre stølane omkring. Grunnen til at møta var her var nok også at dette var den største bua på stølane her den tida. Bua er restaurert dei seinare åra av Toril og Torstein Seim. Fjøsset er i følgje Ingvald Medhus bygd i 1913 av Sven Steensen Øvremyro (1869–1928).

Løa er bygd i 1914 av same Steensen, seier Ingvald Medhus. Den er under restaurering i 1999. Tuft nr. 1 er restar etter ei tidlegare stølsbu til Øvremyro, men ingen hugsar i dag at det stod noko hus her eller kor lenge den var i bruk. I følgje skøyte av 3.desember 1853 frå Ole Poulsen Nestegard (Nedremyr) til lensmann Steen Steensen Hammersbøen og Asle Knudsen Myhre følgjer det då med «andel i påståande sæterbod» – det er etter alt å dømme den bua som har stått her.

Frå Nyset kan du gå attende til bilvegen eller Kyrkjevegen og koma over til Nedremyrstølen og vidare på Fjellvegen. Du kan også ta snøggvegen rett over til Undehovda. Me startar i enden av Fjellvegen der den tek av frå Søre Kyrkjevegen og går mot vest. Denne vegen heldt fram langt inn i fjellet og er ein gamal bufarveg. Fyrste stølen du kjem til er Øystlihaugen.



*Aasta Steensen (1887-1918) prøver seg som budeie mens Anna Steensen heldt i kyrhornet. Bildet er teke mellom 1910-15.
Foto: Ukjent – ulånt frå Torstein Seim.*



Sundag på stølen 1939: Frå venstre: Ingvald Medhus, Pål K Medhus, Stein Myro, Barbo Noss, Anna Steensen, Knut P Medhus, Gudrun Medhus (Høgberg), Birgit Medhus (Kleven), Birgit O Medhus og Anna Noss. Foto: Osvald Medhus.



Framfor stølsbua på Nyset 1941: Frå v: Pål K Medhus – Birgit O Medhus, Ragnhild Skogheim, Arne Skogheim og Barbo Sletto (Aasen). Foto: O. Medhus.



Primkoking – primen blir avkjølt ute på vollen. Budeia Anne Steensen Øvremyro i midten omgitt av turistar. Foto: Ukjent. Utlånt frå Torstein Seim.

ØYSTLIHAUGEN: I 1803 hørde Øystlihaugen til Søre Medhus. Øystlihaugen vart i 1854 selt unna Søre Medhus til Eirik Ellingson Stølssletto. Sander Åkremyren (1828-1901) kjøpte den eingong i 1860 åra, ukjent av kven. Sander brukte den «i hevds tid» heitte det i skøytet då han overdrog garden til nest eldste sonen Elling. Støling på Øystlihaugen var det slutt på i 1926. I dag høyrer stølen til Nedre Solheim. Vollen på Øystlihaugen har i dag 2 hytter med uthus, men her er også eldre tufter.

Tuft nr. 1 er restane etter det som kan ha vore ei bu – det er noko usikkert. Muren på denne tufta er mura delvis inn i bakken både på nordsida og delvis også i aust og vest. Det heiter i Holsboka at det i 1803 var ei steinbu med raust av tre, fjøs av stein og ei forfallen bu på Øystlistølen, og det er mykje truleg at dette er restar etter den forfalne bua.

Tuft 2 må då vera tuftene etter den omtalte steinbua mens tuft nr. 3 må vera fjøset som er beskrive i 1803. Tuftene her måler 8,9x7 m.



Kari Johannesdotter Åkremyren (f. Brye 1854 – 1930) midt i flokken med Telemarkskyr framfor ei noko forfallen bu på Øystlihaugen. Bildet er teke i 1920 åra like før dei slutta å støle på Øystlihaugen. Foto: Lars Bry. Utlånt av Olav Pål Nedremyr.

ØYSTLISTØLEN: Øystlistølen har høyrd til Halingstad frå 1700 talet. I 1854 var det Ola O Brattåker som åtte stølen. Den kom til Søre Medhus tidleg i 1860 åra, men vart selt på tvangsauksjon i 1880 saman med heile garden. Far til Ola Underberg Søre Medhus kjøpte den i 1885 og gav den til sonen. Då hadde søre Medhus vore utan langstøl etter salet av Øystlihaugen i 1854. I 1898 kjøpte Svein Kyrudalen og Elling Åkremyren den delen av

Øystlistølen som høyrde til Myljo Medhus. Søre Medhus sin del av vollen vart då slegen saman med det Søre Medhus hadde frå før til Medhus Øystlistølen. Kyrudalen kjøpte den 22.11.1887 den delen av Øystlistølen som hadde høyrte til Søre Halingsstad og frå 1898 blir dette slege saman med ein del av Søre Medhus sin del til Kyrudalen sin Øystlistøl. Kyrudalen slo på Øystlistølen til 1969 etter at dei hadde slutta å støle i 1953.

På Søndrol (Kyrudalen) sin del står i dag bua (nr.1) og fjøset (nr.2) og 3 ruinar etter gamle hus. Bua er bygd av Herleik Øyn om lag 1915. Fjøset er bygd av Halvard Søndrol og Svein Rudningen sommaren 1944. Påsken 44 vart materialane køyrte opp. Den tida var det ikkje spikar å få, men «Vesle Nils» låg vakt på anlegget ved Varaldset og med litt «smøring» av det sterke slaget, vart det spikar til fjøsbygginga og meir til!

Tuft 3 er restane etter ei steinbu som måler 6,7x4,7 m. Det er ingen tradisjon for kven som har ått eller brukt denne, men ein kan kanskje tru at den har høyrte til Halingsstad si tid her på Øystlistølen. Tuft 4 er også restar etter ei steinbu som har vore noko større enn den forrige, 7,6x7,4 m og den er kanskje noko yngre. På tuft nr 5 har det stått ei løe. Tufta er ganske firkanta 4x4 m. Løene vart ofte bygd på meir kvadratiske murar enn buene. Denne lua vart riven i 1950 åra.

På vollen ligg det 2 groper som blir kalla «Jødnhølun» og det vitnar om at det har vore jernutvinning i dette området i svært gamal tid.

På Søre Medhus vollen står det att ei stølsbu og her er 4 ruinar etter eldre hus. Tuft 1 restar etter ei steinbu. Den er delvis mura inn i bakken på eine langsida, men ingen veit når det har vore i bruk. Også på tuft nr. 2 har det stått ei steinbu av det store slaget, 8,2x7,1 m. Dessverre veit heller ingen meir om denne bua og det same gjeld tuft nr 3 som også er ei steinburuin. Tuft nr.4 kan ha hatt ein noko anna funksjon. Erling Medhus har fortalt at det her skal ha stått eit grisehus i eldre tider. Der hytta står i dag var det gravi inn ein jordkjellar, brukt til oppbevaring av fisk og vilt?

LEINE: Leine har vore støl til Søre Rue frå 1843. Då fekk Ola O Søre Rue (f. 1813) attende stølen mot å avhende sin del i Ryssefjell til Vebjørn H Halingsstad Nordre. Pål Rue (f. 1904) dyrka opp 2 mål til slåttelende her. Dei slutta med stølsdrift på Leine alt i 1948, men slo før her til 1964.

Vollen mot vest blir kalla Gamle Leine. Rundt denne er det ein svært forseggjort steinmur, og det mykje som tyder på at murane her er mura av dei same krigsfangane som mura rundt Nedremyrstølen. I nordaustre hjørna av denne vollen er det mykje slag som er klare merke på at det i området her har vore jernvinne-drift i eldre tider. På vollen ligg det restar etter ei gamal steinbu (tuft nr.1). Det har vore ei stor og fin steinbu, det viser både storleiken på tufta (7,9x6,5 m) og storleiken på steinane. Det er ingen som veit når den var i bruk, men Turid Rue som gjette her

frå 1922 hugsar ikkje murane annleis enn dei er i dag.

Nr. 2: Dette er gamlebua på Leine som var i bruk til 1948 og bygd i 1936.

Nr. 3: Her står i dag ei flott stølsbu som opprinneleg var bedehus på Rotneim. Det er flytta hit av Leif Hansegard og restaurert ferdig her i 1996. Tidlegare stod det eit fjøs her som var bygd oppå tuftene etter eit gamal fjøs med trev i 1936. Det var det året Pål Pålson Nordre Medhus overtok Søre Rue.

Nr. 4: Dette er tuft etter ei løe som vart riven i 1976 – ingen veit i dag meir om den.

Nr. 5: Tuft etter ei stølsbu som i si tid stod som stugu på husmannsplassen Mjølkedokken som ligg ovanfor Søre Rue. Det har ikkje vore store stugu, 5,2x3,5 m ytre mål.(Folka i Mjølkedokken reiste til Amerika og har i dag stor etterslekt der som brukar slektsnamnet Rue.)

Stugu vart flytta hit før 1922 og etter 1879. Den vart riven ned like etter den nye stølsbua var bygd i 1936.

NEDREMYRSTØLEN: Vollen på Nedremyrstølen er naturleg delt i 3 delar med steingjerde mellom kvar del. Delane er kalla Nedre, Myljo og Øvre Gjerda sett nedanfrå. Dei på mange måtar uvanleg fine steingjerdene på Nedremyrstølen har ei litt spesiell søge. Under Napoleonskrigane kjempa Sverige saman med Napoleon, og då Napoleon tapte, førde det bl.a. til at svenske krigsfangar vart sendt til mange gardar omkring i landet på opphald. Der skulle dei arbeide for føda. På Nedremyr skulle dei ta hand om nokre av desse, og det er dei som under opphaldet her skal ha mura desse fine steingjerdene på Nedremyrstølen. Det vart eit tillitsfullt forhold mellom sjøvefolket på Nedremyr og krigsfangane som bl.a. førde til at ein av dei sende ei salmebok attende til Nedremyr då han var komen heim att med ein takk for godt stell.



Fyrste bilen på Nedremyrstølen like etter at vegen var ferdig i 1952. Halvard Grøgard er sjåfør og bileigar. Foto: Pål P. Nedremyr.



Pål O Nedremyr (1851–1938) hogg ved framfor bua på Nedremyrstølen om lag 1910. Ukjent fotograf.

Husa/tuftene på Nedre Gjerda er desse:

Nr. 1: Her står restane etter ei stølsbu. Den er truleg bygd i 1850 åra av Ola Pålson Nedremyr (1802-1871) og flytta inntil mjølkebua i 1933. Sjølv bua vart riven i 1960. Det som no står att av det opphavlege huset er mjølkebua og inntil dette byde Pål Pålson Nedremyr (1895-1938) eit skjul.(«skjykju»)

Nr.2: Tufta her er 6,8x5,7 m og her har truleg stått ei bu som i følge tradisjonen brann ned ein gong før 1850.

Nr.3: Dette er dagens stølsbu på Nedremyrstølen. Den vestre delen av huset var opphavleg ei stølsbu på heimstølen Øvre Kløkk. Den bua var bygd om lag 1860. Stølsbua er utvida mange gonger. Den austre enden er bygd i 1910, gangen på sørsida i 1927 og gangen på nordsida i 1988. Den øystre delen vart bygd opp heime på garden av timremannen Ola V Halingstad og så køyrt hit med hest og sett opp. Den vart ikkje brukt som stølsbu då den var komen opp. Stølsfolket brukte gamlebua fordi dei valde å leige ut nyebua til «byfolk» i ein del år i turismens barndom på Holsåsen. I dag er stølsbua sentral i gardsturismesatsinga på Nedremyrstølen.

Nr. 4: Her er restane etter i gamal løe som tidleg på 1900 talet vart brukt bl.a. til geitefjøs. Den stod tidlegare rett nedanfor fjøset, men vart flytta hit av Pål Pålson Nedremyr i 1925/26.

Myljo Gjerda:

Nr. 5: Her står no eit moderne stølsfjøs bygd i 1996 av Olav Pål Nedremyr. Det står på same tomte som tidlegare fjøs som var bygd om lag 1900 av Pål O Nedremyr(1851-1938)

Nr. 6: Dette er også ei ruin etter ei stølsbu – i daglegtale kalla «bue på Myljo Gjerdun». Storleiken på tuftene er 7,6x5,3 m, og det fins ingen opplysningar om når denne bua kan ha vore bygd eller i bruk, noko som tyder på at det er frå før 1800 eller tidleg 1800.

Nr. 7: På denne tomte har det stått fjøs med trev der 1- høgda var i bruk til kyr/geiter og 2. høgda til høy. Trevet var tidlegare bu på heimstølen Reiarstøltane. Ingen veit når den var i bruk eller når den vart riven.

Øvre Gjerda:

Nr. 8: Her er restar etter stølsbua på Øvre Gjerda som var i bruk til slutten av 1800 talet. I denne bua døydde Jørand Steinsdotter Nedremyr (f. Sindrol 1799) i 1843 då ho låg i barselseng. Jenta som vart fødd vart kalla opp att etter mor si og reiste i 1871 til Amerika med mann og to born og døydde der i 1928. I «NU» nr. 17. 1911 er gravtalen som presten Stenersen heldt til «den sørgende enkemand med agtesle og tak tilegnet» trykt.

I «Hallingen» frå juli 1916 skriv Swen Ellingson Rudningen som utvandra frå Hol i 1878, om eit besøk han gjorde i heimbygda i 1911. Då var han blant anna på Nedremyrstølen: *«En søndag deltog jeg i et oppbyggesemøde i et hus som Paal Nedremyre havde bygget paa sin støl oppaa Nysetfjeldet. Der var en stor forsamling, folk fra Aad, Hol, Hovet, Vats, Levæld, Kvinnegardslien, ja mange helt fra Kristiania. Der traf jeg mange af mine bardomskamerater, men ogsaa en hel del unge som jeg ikke kjendte. Det var en alvorlig og oppbyggelig stund at sidde der i 2 timer og lytte til sang og vitnesbyrd af gamle og unge, mange af de mest alvorlige i denne forsamling var, da jeg for 33 år siden forlod Hol, nogle av bygdens viltreste ungdom. Jeg glædede mig over den store forandring som var foregaaet med dem»*



*Undehovda i 1970 åra med Telemarkskyr.
Foto utlånt av Arnfinn Mørk.*

UNDEHOVDA: Det er mange tufter i det stølsområdet som er kalla Undehovda. Ikkje alle tuftene er det sikre opplysningar om når husa som har stått her var i bruk og av kven. Lengst til venstre ned mot Hovdetjern ligg det murar etter 2 hus, og her skal Medhus i eldre tider ha hatt ein støl, uvisst når. Tuft 4 er restane etter denne steinbua, og raustet som stod på steinbua her vart flytta til Nyset og brukt i bua som vart bygd ny der i 1893 – då hadde denne stølen vore ute av bruk ei tid.

Tuft 5 er også restar av ei steinbu, men det er ingen tradisjon om bruken av denne. Tuft 3 er murar etter stølsbua Asle Myro, som hadde garden frå 1838, bygde opp. Han bygde nye hus på stølen Undehovda i tida mellom 1840 og 50. Det blir også fortalt av eldre folk at Myro skulle ha brukt den bua som skal ha stått på murane inntil steingjerdet som går opp frå midten av Hovdetjern. Husa som Asle Myro bygde på Undehovda var i bruk fram til Ola T Myro bygde ny bu og nytt fjøs i 1920 åra. (merka 4 og 5 på kartskissa). Det er desse stølshusa som er i bruk også i dag i fornya utgåve. Restaureringa og påbygginga på stølsbua dei siste åra er utført av Arnfinn Mørk.



Ingebjørg Myro støla på Undehovda i mange år – her dreg ho separatoren. Foto utlånt av Arnfinn Mørk.

FETEN: Feten var i følge skriftlege kjelder den stølen som følgde med garden Nordre Øvremyro – som seinare vart Myro – då denne vart skilt ut frå Øvremyro som eigen gard i 1702. Det betyr at den må ha vore rydda og teken i bruk god tid før dette, altså sist på 1600 talet og at me her har med ein av del eldste stølane på Holsåsen å gjera. Stølen Feten var ikkje så lenge i Myro si eige, dei bytte den bort mot del i stølslaget Nyset. Men austre delen av Feten kom attende til Myro i utskiftinga 1918. På austre delen som altså i høyrer til Myro er det restar etter ei stølsbu (1). Anne (1897) og Ingvald (1909) Medhus gjette begge i området her som små, men ingen av dei kunne hugse anna murane. Men det skal ha vore ei steinbu her, og Ingebjørg Myro (1912) kan fortelja at mor hennar Borghild (1873) hadde vore i bua. Kanskje det her er murane etter den eldste bua på Feten me ser? Den vestre del av Feten høyrer til Kvamen og var i bruk til midt

på 1930 talet av Kvamsfolket, men Søre Nestegard leigde frå 1938 til 1949. Tuft 2 er også i følgje tradisjonen restar etter ei steinbu, ingen veit meir om den i dag. Nr. 3 på kartskissa er bua på Kvamen sin del av Feten og den som var i bruk sist i 1949. Tuft 4 er ruinane etter fjøset på Feten. Legg merke til dei uvanleg fine steingjerda omkring vollane

Nysetfjellvegen går inn frå Kyrkjevegen litt før Syningen. Innover her ligg det naturleg nok få stolar, men du får i alle fall høve til å gå ein stig som ligg i eit område som har flott utsyn til alle sider. Du ser store delar av Langfjella, Gaustatoppen kan du skimte i sør, ja det er storfelte fjell så langt auga rekk. Litt inne på Nysetfjellet kan du ta ein stig ned til Åsbrøtstigen og då vil du koma forbi stølen Myrehølet.

MYREHØLET 4.1. Myrehølet har vore langstøl til Øvremyro. Her er tufter etter 2 bygningar. Dei skal vera bygd av Svein Sjugurdson Øvremyro. Stølen er også kalla Nyestølen, og er rudt omkring år 1800 av Svein Sjugurdson II Øvremyro, født 1761. Stølen har vore i bruk til uti 1860 åra. No høyrer den til Medhus.

Den største tufta – som ligg til høgre måler 6x4,2 m. Det er restar midt inne i tufta som tyder på at det her har vore oppmura ei lita grop, kanskje reister etter eldstad. Tufta i midten er om lag 7,4x4,9 m. Inne i tufta her er det ein oppmura firkant på 1,8x1,1 m. Det er usikkert kva dette kan vera restar etter.

Den vesle tufta lengst til venstre måler 1,7x2,1 m. Det blir ikkje store huset, og ingen kan i dag seia kva det kan ha vore brukt til. Går du til endes på Nysetfjellvegen så er det ein svært fin runde å gå ned att til Raudtjern/Feten og t.d. følgje Fjellvegen vidare mot aust og gå til bygdars att ved å ta Kyrkjevegen.

Me tek utgangspunkt i Kasterøysa og tek så Kyrkjevegen nedover til bygdars. Dette er ein svært lett stig å gå og byr på mykje interessant. Den fyrste gamle stølen du kjem til er

EVENSØVRESTØLEN 1.5 Evensøvrestølen høyrer til Medhus, 15.1. Den har i si tid vore i bruk som heimstøl til Myljo Medhus, og blir også kalla for Nedre Øvrestølen. Namnet Evensøvrestølen er etter Eivind Erikson Myljo Medhus født Sumbrei 1821, også kalla Even, som åtte Myljo Medhus frå 1869 til 1881, då han måtte tvangsselja garden til Ola Underberg. Even kunne ikkje lesa eller skrive, og brukte bumerke som underskrift på viktige papir. Det var Eivind som reiv ned det store tingstugu (den eine av to i Holsbygd) som stod på Myljo Medhus. Sonen Svein og kona Anne selde unna reisten av Myljo Medhus slik at garden i 1922 er ute som eige bruk.

Tuft nr. 1: Dette er reister etter ein eldstad. Den ligg ikkje langt unna bua – om lag 3 meter, så det er nok her primkokinga har gått for seg. Eldstaden har form som ein hesteko, og er om lag 1,9 m til alle kantar.

Tuft nr. 2: Her har det stått ei steinbu. 6,9x5,8 m måler murane, og i sørvestre hjørna er det ein større haug med jord og stein som nok er reister etter nedrasa peis og jordtak. Anne og Ingvald Medhus har fortalt at desse murane også har vore i bruk som kven (inngjerding) for krøter.

Tuft nr. 3: Her stod bua på Evensøvestølen. Den vart bygd at Torgeir Guttormsen Solheimslien (1847–1934). Han tømra bua opp i Hago før den vart køyrt til Evensøvestølen og sett opp her. Som betaling for tømmerarbeidet fekk Torgeir flisa og reistene etter tømmeret han brukte! Pål Knutson Medhus (1856–1946) reiv og flytte bua til Øvestølen, der den står i dag. Vil du innom Øvestølen må du ta ein liten avstikkar på 5 minuttar mot nordvest, stigen er skilta.

ØVRESTØLEN 1.7. Øvestølen er nemnt som heimstøl til Nordre Medhus alt i 1749. Anne og Ingvald Medhus har fortalt at dei støla på Øvestølen berre om hausten, ikkje om våren. Dei kom då frå langstølen Nyset og var på Øvestølen om lag 14 dagar, og gjette krøtera ned mot Kløkk, der dei var i nye 14 dagar før dei buførte heim. Fram til 1973 slo Mikkel Medhus vollane på Øvestølen og køyrde foret heim. Bua som står her i dag, er flytta hit frå Evensøvestølen av Pål Knutson Medhus (1856 – 1946).

Tuft nr. 1: Her har det i tidlege tider stått ei steinbu. Oppå steinmurane skal det ha vore 2-3 kvarv med tømmer, og bua har hatt torvtak. Sigurd Medhus (1917 – 1991) har fortalt at då han var liten, brukte dei å ha kyrne inn her for å mjølke dei. Anne, syster til Sigurd (f. 1897) har fortalt at dei tok inn ei og ei kyr for å mjølke. Tømmerdelen vart rivi mellom 1935 og 1940.

Tuft nr. 2: Dette er lue på Øvestølen. Underetasjen er av stein, og løa av tømmer. Murane har nok stått lenger enn tømmerdelen. Sigurd Medhus har fortalt at dei brukte å ha geitene i fyrste høgda, under løa.

Tuft nr. 3: Stølsbua på Øvestølen er som nemnt flytt frå Evensøvestølen. Tilbygget vart sett opp då den vart flytta hit.

Stigen heldt fram frå Evensøvestølen mot Kløkk og når du har passert Kløkkvegen for andre gong, heiter den delen av stigen som går ned til Kløkk for Brautidn. Like ovanfor stølsvollen finn du

BLANK-OLA STEINEN. 1.4 Her står innrissa initialane OT saman med årstallet 1721. OT står for Ola Tolleivson Uppsata. Han var fødd i Ål i 1689 og døydd i Hol 1724. Han levde dei første barneåra på garden Skjervheim. Faren overtok seinare garden Uppsata, der han levde reisten av barneåra sine.

Ungdomsåra fekk Ola på garden Øvremyro i Hol, då mor hans gifta seg opp att dit med Gul Øvremyro, og Ola er derfor ofte kalla for Myreguten. Blank Ola vart etter kvart ein kjempekar. Han sa ikkje nei til ei dragkamp, og vann dei fleste. Han gjekk som frikar i bygdene, og slo seg etter kvart opp som handelskar. Det var gampar (hestar) han handla mest med, og dei henta han «nordafjells» (på Vestlandet) og dreiv dei heim til Hol. Her på

Kløkk sank han gampane sine og sat og handla og skreiv kjøpebrev på denne steinen, som i si tid låg nede som ei helle.

Namnet Blank Ola vart hengjande ved Ola fordi han alltid gjekk med sylvknappa klede – hallingbunaden. I tillegg hadde han digre sylvspenner i skorne, ei gild og blank sylje i den svarte breibremma hatten sin og sylje i halsen. Om Blank Ola er det mange soger. Det er godt kjent at han var ein populær kar blant tidas kvinner, og det vart etter kvart mange lausungar etter han i bygdene. Det er mange som finn ut at dei er i slekt med Blank Ola når dei tek til å studere slekta! Blank Ola slo seg godt opp som handelskar. På ein av sine mange handelsferder var Blank Ola ein gong i Sogndal. Ein kjempekar frå dei traktene ville vise at han kunne hamle opp med denne sylvknappa hallingen. Men det gjekk ikkje likare enn at Blank Ola slo så dugeleg i frå seg at sogningen vart liggjande daud på flekken! Dette vart straffa med ei bot på 60 dalar – store summar i den tida – og skrivaren meinte at no skulle dei få sylvknappane or buksene og sylvspennene or skorne hass Blank Ola. Men Ola slo pengane i bordet og spurde skrivaren: Dermed la Blank Ola ti nye dalar på bordet og drog til skrivaren så han seig under bordet! «Endo sita spennudn i skodno og knappadn i kleo på o Blank Ola», sa Ola og slo eit spenstig hallingkast midt på golvet i Tingstugu før han forsvann ut!

Ola vart etter kvart gift med ei av bygdas stolte kvinner, Ragnhild Villand, frå den mektige Villandsætta i Hovet. Ragnhild var eit vent og fermt kvinnsfolk – ho nådde eit hovud over alle andre kvinner heitte det i samtida. Ola hadde ein lausunge med Ragnhild frå 1715. Blank Ola slapp å betale sine leiermålsbøter for dette fordi Ragnhild og Ola kunngjorde på tinget at dei skulle gifte seg. No drog bryllaupet ut då far til Ragnhild, Erling Villand sat på straff på Akershus festning fordi han hadde vore med på ein oppreist mot styresmaktene. Ola tok i mellomtida over styringa av garden Villand, men lystene til Ola tok nok ei gong overhand. Mens han gjekk og venta på at han og Ragnhild skulle gifte seg, fekk han ein ny lausunge, denne gongen med ei jente i Kvisla. Det var hans fjerde! Dette vart ei kinkig sak for Blank Ola – han kom seg unna med å betala ei bot fordi han hadde krenkt Kari Olsdotter Mehush. Dei kongelege bøkene fekk han lurt seg unna ved god hjelp av søskenbarnet sitt, som var lensmann! No hadde Blank Ola gjort opp sine kvinnsfolkhistorier, og Ragnhild ville gifte seg med han. Men så enkelt var det ikkje – han måtte ha kongens løyve fordi han hadde alle desse lausungane å svara for. Det tok tid, og Ragnhild og Ola hadde gifta seg før svaret frå kongen endeleg kom. Blank Ola roa seg med gardsstyringa på Villand, og Ragnhild og Ola fekk 5 born saman.

Blank Ola døydde i 1724. Ragnhild gjekk som enke i 5 år, og gifta seg då opp att med Ola Larsson Fossgard – og det vart eit stormfullt ekteskap. Ragnhild måtte til slutt stemne mannen sin for retten i 1749. Midt i denne saka døydde Ragnhild, i 1752.

I møteboka for Holets ungdomslag finn me følgjande:

«Den 18. september 1921 hadde Holets ungdomslag stemne på Kløkk. Dagen var solblank og fager – naturen var kledd i sine spraglande haustfarger. Bortetter alle lier lyste det gult, raudt og brunt innimellom myrkegrøn barskog. Ein skulde tru at mange hadde hug å koma upp i høgdi ein slik dag, men det var heller få som møtte fram. Stemna tok til med at me krulla oss rundt Blank – Ola steinen og fekk oss mat og god mjølkedrikke. Då det var gjort, song me «Dei gamle fjell i syningom». Formannen Torleiv Nestegard ynskte alle velkomen. Denne stemna skulle vera til minne om Blank-Ola eller Ola Tolleivson som han heitte. Han levde for 200 år sidan. På denne flate steinen på Kløkk står det innhoggi O.T. 1721. Der skulle han Blank-Ola ha siti og seldt hestar, vert det sagt. Formannen gav so ordet til Svein Nestegard. Han tykte det var rett at me kom saman på slike gamle minnesmerke og mintest vår gjeve forfedre. Hallingdal låg avsides og var difor i særleg grad skikka til å bevare den gamle norske kultur ublanda og fin. Det er knapt nokon bygd i landet me finn den so rein og ekta. Som hjå dei gamle nordmenn, var det også hjå hallingen mot, styrke og dyktigheit i slagsmål av dei mest utprega eigenskapane hjå ein mann. Ingen var so stor som den som kunne gå som frikar i bygdi. Men det er ikkje berre drykk, slagsmål og villskap me lærer å kjenne – det ville vera einsidigt av oss å berre sjå desse sidene av livet i Hallingdal. Den gamle norske kulturen hadde slege sterke røter her, og heldt seg godt ned gjennom tidene. Ein kan nemne det klangfulle, ekte mål, forteljarkunsti, den fagre bygningstilen, det kunstferdige i smiearbeid og kanskje især rosemålingi.

Til slutt las han opp eit stykke om Villandsætti. «Her ser eg fagre fjord og bygder» vart songi. Deretter deklamerte Einar Reinton «Fanitullen». Dermed var stemna slutt og stemnelyden spreiddest rundt om på stølen til det gjestfrie stølsfolket og fekk smaka på den gode stølsmaten».

(Vil du lesa meir om Blank Ola, slekta hans og sogene om han, viser me til Holsboka band II og boka «Villandane» av Lars Reinton).

Frå Kløkk har du mange ulike stigar å velja mellom. Sjå på skiltinga og gjer dine val, men går du nedover Kyrkjevegen vil du snart koma til

KVILARSTEINEN 1.1. Den ligg like etter at dei harde stigningane er unnagjort – eller dersom du kjem frå åsen, like før dei tek til, og det forklarar ein grunn til at steinen heiter Kvilarsteinen. Men den hadde også ein annan funksjon. Då folk frå Vats var på veg til Gamlekyrkja med folk som skulle gravleggjast, var det her dei sette kistene før dei tok fatt på dei bratte bakkane ned mot bygda. Hit hadde dei frakta liket på lingser. Teikninga viser korleis dette gjekk for seg. Det vart lagt to rayer ved sida av kvarandre med så stort mellomrom at det

svara til breidda av ein hest. På midtre del av rajene vart det festa nokre tverrtre med mellomrom slik at dette partiet såg ut som ein stege. Kista vart sett på tverrtrea og surra fast med reip. Mellom rajene vart det sett ein hest framme og ein bak, og endane på rajene vart festa til seletøyet eller kløvsalen.

Medhusbakkane var for bratte og svingete til at hestane kunne frakte liket, og difor måtte dei bera kista ned med handmakt. Hestane vart sett att på Kløkk. Medan folket kvilte seg og samla krefter til den bratte nedstigninga, vart kista sett på Kvilarsteinen. Likferdene etter folk som døydde på vinteren, måtte utsetjast til snøen var gått. Lika måtte i mellomtida oppbevarast i kistene, som oftast på låven.

Ser du ekstra godt etter på Kvilarsteinen, vil du sjå at det er hogge inn nokre bokstavar her. Kven det er som har gjort dette, veit ingen. Heller ikkje kva for namn bokstavane skal stå for.

Avstikkaren ned til Medhusberget og utsikten der er obligatorisk. Du får også same flotte utsikten ved å gå i retning Myrestuven (5 minutt). Vil du innom ein ny stølsruin, så ligg stølen Ruste like aust for berget du har ovanfor deg, Rustberget.

RUSTE: I 1803 var det «taksasjonsforretning» på Søre Medhus, og i den er det bl.a. nemnt ei stølsbu i Rusten.

Ingvald Medhus har fortalt at Ruste har vore støl til både Søre og Myljo Medhus (Myljo Medhus vart skilt ut frå Søre Medhus som eigen gard i 1817), men det fins ingen oversikt som viser når Ruste har vore i bruk og kven som har bygd bua som du her ser restane av.

Inne i tufta vil de sjå ein jordhaug. Slike haugar i gamle tufter er som oftast reister etter jordtaket. Denne stølsbua har vore av den typen der dei i den mura undre delen har hatt kyrne og geitene mens folket på stølen heldt til i den øvre, tømra delen. Nordre enden av den mura delen har vore mura godt inn i bakken. Bua har vore 5x5,9 m.

Like vest for Ruste ligg Rustberget. Ta turen opp dit – du vil få ein flott utsikt over Holsbygda og fjellområda omkring.

Kyrkjevegen vidare nedover er svingut, og heiter Medhuskrokane eller berre Krokane. Den er stadvis trakka over 60 cm ned under bakkenivå – det stadfester at her har vore stor trafikk både av fe og folk gjennom mange hundre år.

(Eg minner om at for å få fullt utbytte av det som her står om stølane, må du ta turen dit og sjå på det som her er beskrive.)

Kjelder:

Lars og Sigurd Reinton: *Holsbøkene 1 – 8*

Nils Ellingsgard: *Hallingdal i biletkunsten – Det norske samlaget 1984*
Det norske næringsliv – Buskerud fylkes leksikon. Det norske næringslivs forlag, Bergen 1951

Frå Noregs næringsliv i tekst og bilder 1924

Osvald Medhus: «*Heimbygda – ein refleks av landet*»

Paul Breiehagen: *Gamle Hallingdal*

Kåre Olav Solhjell: *Manus til nye Holsbøker*

Olav Seim

Knut Seim

Jens Sletto

Arne Haugen

Syver Halingstad

Anne Slettemoen

Sissel Carlstrøm: *Hallingdal – kult og kulturminner i folkelig tradisjon – hovedfagsoppgave arkeologi 1994*

Hol skolehistorie

Harald Knudsen: *Innsamla stoff om danseplassar i Hol*

Hol bygdearkiv

Poststemplar i Buskerud – utgitt av frimerkeklubbane i Buskerud

Arne Mørk – kort historikk om *Hol bilselskap as* – notat

Harald Dalen

Mary Slettemoen

Hallingen – tidsskrift for Hallinglaget i Amerika

Søgnir frå Hallingdal – Det norske samlaget 1926

Hallingdalens historie: T. Myhre 1928 – eige forlag

Anders Mehlum: *NU – diverse årgangar*

Anders Mehlums venner: Hallingdal og hallingen

Embrik Rudningen

Ingvald P Kleven

Jan Tingstad

Norske gardsbruk – Buskerud III – Granum forlag 1995

Hol sparebank 75 år 1980 – jubileumsskrift

SEFRAK registreringar frå Hol bygdearkiv.

LITT OM GAMLE VERMERKE I HOLSBYGDA

Det er ein del gamle og etter mi erfaring i alle fall, svært så pålitelege vermerke som du bør kjenne til. Korvidt dei er sikrare enn vermeldinga kan sikkert diskuterast, men dei er i alle fall så sikre at dei ikkje berre kan avvisast som tullprat!

«Holsfjorden løkji seg»: Ein løk er namnet på ei lita elv som renn i slyngar og svingar mellom tjern på fjellet, og når ein ser slik «løkar» på Holsfjorden – klare, svingete elveliknande teikningar på vatnet som elles er noko krusa – ja, då kan du vera nesten sikker på at det i løpet av nokre timar kjem regn.

«Ho ligg unde i Skarvet»: Dersom skøddda ligg halvt nedover i Hallingskarvet kveld eller morgo så er også det er relativt sikkert teikn på at det er nedbør i vente om ganske kort tid!

«Nordagløtt – i mørgo gøtt»: Ser du om kvelden ein lysing over Hallingskarvet så vil det ganske sikkert vera fint ver dagen etterpå sjølv om himmelen elles denne kvelden måtte vera dekt av skyer.

«Sunnaglenne – i mørgo renn det»: Ein lysing mellom horisonten i sør – over Sangenuten og området deromkring – er eit teikn på at det dagen etter vil bli nedbør.

«Fredagsvær er ikkje sundagsver» – tenk over det – det stemmer litt for ofte!

«Fredagen e ikkje viku lik, e`n det så bi heile viku slik»

«Ausandpytten» – ei stor mørk sky som av og til dannar seg om sommaren når det er godver og den brukar å koma med ei skur eller to. Derfor er Ausandpytten eit mark det er verdt å ta omsyn til i slåttan! Ausandpytten legg seg over Slåttogardane og ut mot Holsbygda.

STIKKORDREGISTER

17. mai fest, fyrste: 34
Amerikafesten 1914: 37,38
Avrettarstad Seimsberget: 55
Badehuset: 74
Barbostølen: 133
Barnehagen, den fyrste: 39
Bautasteinen: 36, 37
Bergahølu: 87
Bergheim: 110
Bergheimhuset: 67
Bergli: 110
Bergstolen: 76
Bergvoll: 111
Blank-Ola steinen: 150-152
Blomstugu: 43
Brannstasjonen: 39
Breigutu: 135
Brøten: 104
Brøto: 111
Butikk, den fyrste: 50
Buvatnet, flaumen: 14
Bygdahall: 80
Dalingen: 85
Dansarsalen: 17
Dokken: 111
Dyngje, Anton butikk: 67
Ellingplass: 111
Elven: 111
Evensøvestølen: 149
Fagernes: 57, 58
Fana Hallinglaget: 38
Fange-Liv: 52, 53
Fiskevikji: 85
Fjordhaug: 111
Fjordheim: 111
Flaumen 1860 og 1939: 86, 87
Forkøyring : 134, 135
Foss, Klaus, drapet: 24
Fossheim: 112
Frydenlund: 112
Funn i jorda: 7, 9
Furukollen: 108
Gjermundshaugen: 112
Glennestølen: 131, 132
Granheim: 112
Grankollen: 108
Granum: 112
Grisegjerda: 18
Gunnarsonsmia: 57
Gyrihaugen: 103
Hagafoss handel: 82
Hago: 112
Halingstad, nordre: 113
Halingstad, Sigrid
Olsdotter: 11
Halingstad, søre: 112
Hallingdal billag: 16
Hansekkollen: 108
Hegglund: 57
Heggtveit: 57
Helgesetstølen: 133
Hellingvegen: 41
Helling: 26
Helsestasjon: 70
Hol bilselskap: 16
Hol bilverkstad: 17
Hol e.verk: 15, 16
Hol gamle kyrkje: 29 ff
Hol kommunehus: 74
Hol kyrkje: 79
Hol Menighetshus: 63
Hol mølle: 81
Hol pensjonat: 26, 27
Hol skule: 39
Hol sommaren 1902: 24, 26
Hol sparebank: 72, 73
Hol spareforening/
Handelslaget: 68, 69
Hol stasjon: 98
Hol, namnet: 6, 7
Hols fyrste stavsprang: 110
Holshagasagi: 85

Holshagen, nordre: 113	Løing: 65
Holshagen, søndre: 113	Medhus: 45
Holsåsen: 123	Medhus Ljåsmie: 42
Husarahuldra: 21, 22	Melset: 136
Husaraplassen: 20	Melset, nedre: 137
Høgehaug, avrettarstad: 89	Mjølkekrampa: 62
Høgstad: 119	Mobrua: 95, 96
Hågensenhuset: 65, 72	Moen skule: 92
Idrettsanlegget: 40	Mosaga: 93
Jettegryter: 11, 12	Moslåtta: 19, 20
Jordheim: 113	Mosmiu: 95, 96
Jutullyftet: 97	Myrehølet: 149
Kaparsteinen: 94, 95	Myro: 50, 51
Kapteinspranget: 14	Nedre Skarset: 125
Kaslehaugen: 105, 106	Nedremyr: 53, 54
Kasterøys: 137	Nedremyrbjørka: 53, 54
Kilden: 101	Nedremyrstugu: 64
Kleppestølen: 132	Nedremyrstølen: 145, 147
Klökk, Medhus: 126, 128	Nerol: 24, 25
Klökk, Nestegard: 129, 130	Nerolsstugu: 39
Kolbrennarodden: 88	Neraalseie: 10
Kongevegen: 90	Nestegard, nordre: 115
Kraftstasjon Djupedalen: 14	Nestheim: 115
Kraftverket i Moen: 95, 96	Nyset: 138, 142
Kvammen: 114	Oleimset: 125
Kvamshaugen: 114	Osbakken: 13, 14
Kvednahusøyne: 12	Plassen: 116
Kvilarsteinen: 152	Postopneri, det fyrste: 50
Kvislabrua: 100	Prestegarden: 22
Kyrkja, den fyrste: 61, 62	Prestegarden: 23
Kyrkjegardsmurane: 34, 35	Prestestugu: 34
Kyrkjestugu: 33	Pukkverk: 91
Kyrkjestugu: 34	Radio, den fyrste: 99
Kyrkjevegen: 138	Reiarslettane: 135
Kyrudalen: 61, 62	Reinton Trevare: 80, 81
Kyrudalen: 114	Reinton, nordre: 116
Lauvang: 114	Reinton, søre: 116
Legekontoret: 40	Reinton, øvre: 116
Leine: 144	Reisteospa: 133, 134
Lien, nordre: 114	Ringakollberget: 19
Lien, søre: 115	Ringberg: 66, 67
Lunde: 18	Ringbu: 70
Lunde: 115	Rudning: 116

Rudningen: 117
 Rue, myljo: 117
 Rue, nordre: 117
 Rue, søre: 117
 Rueslåttén: 117
 Ruste: 153
 Sagberget: 19
 Sagen, smiu, kraftverk: 102
 Salutteringshol: 55
 Sausgardhaugen: 113
 Seim: 55, 56
 Seimsbakken: 108
 Seimsberget: 18
 Sirestugu: 67
 Skabbøyne: 18
 Skalkehaugen: 36
 Skulehusbakken: 108
 Skysstasjon: 24, 27
 Slettemoen, myljo: 118
 Slettemoen, nordre: 118
 Slettemoen, søre: 118
 Slettemosaga: 97
 Sletto: 77
 Sletto, Olav: 7
 Slipesteinhus: 94
 Slåtto, myljo: 118
 Slåtto, nordre: 119
 Slåtto, søre: 118
 Smedsplass: 119
 Smestad: 119
 Småblæreglya: 123
 Snøya: 131
 Solbakken: 71
 Solfeng: 66
 Solheim, nedre: 119
 Solheim, øvre: 120
 Solstad: 120
 Solstrand: 60
 Solvang: 28
 Spøkeriet på Myro: 51
 Steensheim: 104
 Steinrøyser/gjerder: 108, 109
 Storemyr: 138

Sundre Snekkerverkstad: 72
 Svaton: 78
 Sveinhaug, nordre: 120
 Sveinhaug, søre: 120
 Søndrol Ljåsmie: 59
 Søndrol, synste: 121
 Søndrol, nordre: 121
 Søndrål, øvre: 121
 Søre Nestegard: 45
 Sørheim: 122
 Timra: 122
 Tingstad kafe og
 snekkerverkstad: 83, 84
 Tingstugu: 33
 Tingvollane: 83
 Tjuvehølu: 106
 Tjuveskørre: 106
 Torbjødnspanget: 13
 Trefothlji: 13
 Træet: 35
 Tuftebygningen: 73
 Tverrånslåtta: 122
 Ulvestugu: 17
 Undehovda: 147, 149
 Ungdomssenter: 63
 Uren: 122
 Ureslåtta: 126
 Urinrenna: 31
 Veidal: 101
 Vermerke: 154
 Vesleslåtta: 77
 Vesleslåtta: 126
 Vestvang: 122
 Vestvoll: 122
 Vika: 39
 Øvrekløkk: 135, 136
 Øvremyro: 46
 Øvrestølen: 150
 Øystlihaugen: 143
 Øystlistølen: 143, 144
 Åkremyren: 119
 Ålmannvegen: 9, 10
 Åsbrøstigen: 123

Rettingar

Skriv gjerne inn rettingar til boka her!

[illegible]

Eigne notat

På desse sidene er det fint om du som har heftet skriv ned det du veit om huset/husa dine med tanke på etterkomarane.

Eg har laga nokre stikkord om det som bør vera med, men det er like viktig at du skriv ned spesielle hendingar knytta til huset/husa.

Namnet på huset/tomta: _____

Huset er bygd av: _____

Huset kosta ferdig: _____

Kven grov ut tomta? _____

Kven var snekker? _____

Har huset hatt andre eigarar? – i tilfelle kven og tidsrom:

Hendingar omkring huset/husa aktivitetar som har vore i huset

Andre som har budd her – ombyggingar o.l.



Foto: Jan Robert Wick.

